

## Møteinnkalling

---

<b>Utval:</b>	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
<b>Møtestad:</b>	Skjenet 2, møterom i andre etasje
<b>Dato:</b>	22.01.2018
<b>Tid:</b>	09:00

---

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post  
[politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no](mailto:politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no)

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert lunsj etter møtet, rundt halv tolv.

Straume, den 15.januar 2018.

Kari-Anne Landro (s)  
Leiar

## SAKSLISTE

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>
PS 1/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
PS 2/18	Referatsaker og orienteringar
RS 1/18	Referat partssamansett utval 10.01.2018
PS 3/18	Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda
PS 4/18	Fråsegn til kommunane sine budsjett og økonomiplanar
PS 5/18	Søknad frå kyrkjeleg fellesnemnd - 2.gongs handsaming
PS 6/18	Statusrapport januar 2018 - utval for eigarskapsmodellar
PS 7/18	Mandat for arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet
PS 8/18	Samordning av adressesystem i Nye Øygarden kommune - kriterier for endring av adressenamn
PS 9/18	Nye Øygarden kommune - samordning av gardsnummersystema
PS 10/18	Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 22.januar 2018



**NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE**

Arkiv:  
Saksmappe: 2018/34-251/2018  
Sakshandsamar: Unni Rygg  
Dato: 15.01.2018

## **SAKSDOKUMENT**

<b>Utvaksaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
1/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	22.01.2018

### **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll**



## **SAKSDOKUMENT**

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
2/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	22.01.2018

### **Referatsaker og orienteringar**

- Status frå prosjektleiar Paul J. Manger.
- Statusrapport frå utval for politisk styringsstruktur v/ utvalsleiar Marianne Sandahl Bjørøy.
- RS 1/18 Referat partssamansett utval 10.01.2018.



## Møteprotokoll

---

<b>Utval:</b>	Partssamansett utval Nye Øygarden kommune
<b>Stad:</b>	Skjenet 2, møterom i andre etasje
<b>Dato:</b>	10.01.2018
<b>Tid:</b>	09:00 – 09:45

---

### Medlemer som møtte:

Kari-Anne Landro	Leder	H
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleder	AP
Børge Haugetun	Nestleder	
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Silvia Haugland	Medlem	
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Nina Zandstra	Medlem	
Bodil Aleksandersen	Medlem	
Cathrine Olsen	Medlem	
Hildegunn Høyland	Medlem	
Vibecke Hodnekvam	Medlem	
Solveig D Rong	Medlem	

---

### Forfall:

Espen Harkestad	MEDL	AP
-----------------	------	----

---

### Varamedlemer som møtte:

Solveig Grepperud	for Espen Harkestad	AP
-------------------	---------------------	----

---

### Andre:

Hovudtillitsvald med møte- og talerett Lars Sverre Hausnes, prosjektleiar Paul J. Manger, personalsjef Lisbeth Grosvold, møtesekretær Unni Rygg.

---

Kari-Anne Landro  
underskrifter

# SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 1/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
PS 2/18	Referatsaker og orienteringar
RS 1/18	Fellesnemnda 11.12.17, Møtebok PS 47/17 - Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 11. desember 2017
PS 3/18	Oppnemning av arbeidsgrupper innan området arbeidsgjevpolitikkk

## PS 1/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll

### Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 10.01.2018:

Møtet starta med eit medlem i forfall, men Jogeir Sognæs (AP) kom til møtet fem minutt etter møtestart og utvalet var då fulltalig.

Innkalling og saksliste vart godkjente utan merknader.

Protokollen frå førre møte, 21.11.17, vart godkjent med følgjande merknad:

Hildegunn Høyland, Fagforbundet, bad om meir informasjon rundt milepelsplanen punkt 18 og punkt 24, men ho viste til versjon av milepelsplanen lagt fram i fellesnemnda sitt møte 30. oktober der punkta viste til anna innhald enn referert i protokollen. Det rette skal såleis vere at **«Høyland ynskte meir informasjon om prosessane rundt milepelsplanen punkt 18 «Avklare framtidig pensjonskasseordning med sikte på samordning Jfr tidlegare kartlegging i regi av førebuande fellesnemnd. Arbeidsgruppe m/tillitsvalde» og punkt 24 «Utvikle administrativ organisasjonsmodell. Inkl lokalisering av arbeidsplassar og –funksjonar, også dei kommunale NAV-tenestene. Jfr s.7 i Intensjonsavtalen. Administrativ arbeidsgruppe koordinert med administrativ gruppe for omstillingsavtale».**

Protokollen frå førre møte i partssamansett utval vil ikkje bli retta opp, men godkjent her med denne kommentaren.

Det var elles ingen spørsmål frå medlemmer i utvalet.

## PS 2/18 Referatsaker og orienteringar

### Orienteringar

Det er ingen orienteringar til møtet.

### Referatsaker

- RS 1/18 Fellesnemnda 11.12.17, Møtebok PS 47/17 - Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 11. desember 2017

**Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 10.01.2018:**

**Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 10.01.2018:**

Saka vert teken til orientering.

## **RS 1/18 Fellesnemnda 11.12.17, Møtebok PS 47/17 - Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 11.desember 2017**

**Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 10.01.2018:**

Hildegunn Høyland, Fagforbundet, viste til milepelsplanen punkt 23 «*Utvikle administrativ organisasjonsmodell. Inkl lokalisering av arbeidsplassar og –funksjonar, også dei kommunale NAV-tenestene. Jfr s.7 i Intensjonsavtalen. Administrativ arbeidsgruppe koordinert med administrativ gruppe for omstillingsavtale*», og bad prosjektleiar om å utdjupe kva som meinast med administrativ arbeidsgruppe og om tillitsvalde også er ein del av den. Prosjektleiar Paul J. Manger viste til at omgrepet administrativ arbeidsgruppe kan vere noko uklart, men det er tanken at tillitsvalte også skal vere inkludert her og det skal kome tydelegare fram i neste versjon av milepelsplanen.

Referatsaka vart deretter teken til orientering.

**Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 10.01.2018:**

Referatsaka vert teken til orientering.

## **PS 3/18 Oppnemning av arbeidsgrupper innan området arbeidsgjevpolitikkk**

**Innstilling:**

1. Partssamansett utval oppnemner følgjande tre arbeidsgrupper innan området arbeidsgjevpolitikkk, med arbeidsgruppestruktur som vist til i saka:
  - arbeidsgruppe for reglement og lønspolitikkk
  - arbeidsgruppe for partssamarbeid
  - arbeidsgruppe for kompetanse og utvikling
2. Partssamansett utval ber om at hovudsamanslutningane peiker ut sine representantar til dei tre arbeidsgruppene innan utgangen av januar. Prosjektleiar peikar ut representantane frå arbeidsgjevarsida saman med rådmennene i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.
3. Partssamansett utval godkjenner mandat og framdriftsplan for arbeidsgruppe for reglement og lønspolitikkk.

### **Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 10.01.2018:**

Utvalet diskuterte oppnemninga av arbeidsgruppa for reglement og lønspolitikk med særleg fokus på samansetjinga då det i saksframlegget er lagt opp til tre representantar frå hovudsamanslutningane (ein frå kvar kommune) og tre frå arbeidsgjevar. Ei slik samansetjing vart problematisert av representantar frå dei tillitsvalde som peika på at det er fire ulike hovudsamanslutningar, ikkje tre. Andre i utvalet poengterte at det i saka er lagt opp til eit prinsipp om ein representant frå kvar kommune, frå både arbeidstakersida og arbeidsgjevarsida, noko som sikrar likskapsprinsippet i arbeidet med kommunesamanslåinga. Personalsjef Lisbeth Grosvold stadfesta at tanken bak samansetjinga av arbeidsgruppene var å sikre lik representasjon frå dei tre kommunane.

Møtet vart heva.

Framlegg til nytt punkt 1, kulepunkt 1) om ny samansetjing av arbeidsgruppa for reglement og lønspolitikk, frå Vibecke Hodnekvam, Utdanningsforbundet:

Arbeidstakarorganisasjonane ynskjer å fremje forslag om ein frå kvar hovudsamanslutning, med minst ein frå kvar kommune, til arbeidsgruppa for reglement og lønspolitikk.

Det vart stemt over **punkt 1, kulepunkt 1)**. Framlegget om ny samansetjing av arbeidsgruppa for reglement og lønspolitikk fekk 6 røyster (mindretalet: tillitsvalde) og fall. Innstillinga punkt 1, kulepunkt 1) vart såleis vedteken utan endringar med 9 stemmer.

Resten av innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 10.01.2018:**

1. Partssamansett utval oppnemner følgjande tre arbeidsgrupper innan området arbeidsgjevarpolitikk, med arbeidsgruppestruktur som vist til i saka:
  - arbeidsgruppe for reglement og lønspolitikk
  - arbeidsgruppe for partssamarbeid
  - arbeidsgruppe for kompetanse og utvikling
2. Partssamansett utval ber om at hovudsamanslutningane peiker ut sine representantar til dei tre arbeidsgruppene innan utgangen av januar. Prosjektleiari peikar ut representantane frå arbeidsgjevarsida saman med rådmennene i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.
3. Partssamansett utval godkjenner mandat og framdriftsplan for arbeidsgruppe for reglement og lønspolitikk.





## **SAKSDOKUMENT**

<b>Utvaksaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
3/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	22.01.2018

### **Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda**

- Spørsmål fremja av ordførar i Fjell kommune til fellesnemnda (vedlegg)

## **Spørsmål fremma av ordførar Fjell kommune til fellesnemnda sitt møte 22.1.2018**

Oversendingsforslag fremma i Fjell kommunestyre desember 2017 i behandling av Budsjett/Økonomiplan for 2018:

«Det økonomiske handlingsrommet for Fjell kommune er svært avgrensa dei komande åra. Det er særst vanskeleg å finna midlar til full drift av det nye Lokal Medisinsk Senter (LMS) på Straume i 2019. LMS er eit stort løft for regionen vår. Det må difor vere ei prioritert oppgåve for kommunane å finna fram til korleis vi skal sikra full drift av LMS. Den nye kommunen vil forvalta eit driftsbudsjett på nærare tre milliardar kroner.

Eitt av måla med ei kommunesamanslåing er å sikra ein effektiviseringsgevinst som i 2020 skal gje oss større handlingsrom enn kommunane har kvar for seg.

Vi meiner det skal vera mogeleg for den nye storkommunen å frigje minst 100 millionar frå drifta når det første driftsbudsjettet blir lagt fram i 2019. Då er det tvingande naudsynt at Fellesnemnda får mandat til å effektivisere den nye kommunen slik at 100 millionar kan stillast til rådvelde som frie midlar ved overgangen til ny storkommune.

Midlane vert avsett i disposisjonsfond for den nye kommunen, men 40 millionar skal øyremerkjast til drift av det nye Lokal Medisinsk Senter.»

## SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
4/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	22.01.2018

### Fråsegn til kommunane sine budsjett og økonomiplanar

#### Samandrag av saka:

Med heimel i inndelingslova § 26 skal fellesnemnda gi fråsegn til departementet om årsbudsjettet for 2018 m/økonomiplan og årsbudsjettet for 2019 m/økonomiplan, slik dei er vedtatt av kommunestyra i samanslåingskommunane. Fylkesmannen har i brev gitt ein frist til 1. februar 2018 for denne fråsegna.

Intensjonsavtalen for Nye Øygarden kommune slår fast at investeringsprosjekt som er vedtekne i gjeldande økonomiplanar (2016-2019) vert vidareførte i den nye kommunen. Alle investeringsprosjekt skal vera økonomisk forsvarlege og ha ei sikker finansiering. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansierte.

Det er viktig at fellesnemnda ber kommunane om å koordinere bruken av føresetnader i budsjettarbeidet for 2019 slik at det er lettare å få heilskapleg oversikt over den økonomiske situasjonen for den framtidige Nye Øygarden kommune.

#### Innstilling:

1. Fellesnemnda legg til grunn at kommunane sine vedtekne investeringar for budsjettåret 2018, med økonomiplanperioden 2018-2021, er forsvarlege og i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen.
2. Fellesnemnda legg til grunn at dei vedtekne investeringsplanane i kvar av kommunane er i samsvar med framtidige behov. Det for tidleg å gi uttale til om investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen.
3. Fellesnemnda ber kommunane koordinere bruken av føresetnader for budsjettarbeidet for 2019 slik at det er lettare å få ei heilskapleg oversikt over den økonomiske situasjonen på både budsjett- og investeringssida for den framtidige Nye Øygarden kommune.

Paul J. Manger  
Prosjektleder

### **Dokument vedlagt saka:**

- Brev frå Fylkesmannen i Hordaland datert 17.11.2017
- Fjell kommune: Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021
- Sund Kommune: Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021
- Øygarden kommune: Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

### **Saksopplysningar:**

Med heimel i inndelingslova § 26 skal fellesnemnda gi fråsegn til departementet om årsbudsjettet for 2018 m/økonomiplan og årsbudsjettet for 2019 m/økonomiplan, slik dei er vedtekne av kommunestyra i samanslåingskommunane.

Fylkesmannen har i brev datert 17.11.17 gitt samanslåingskommunane ein frist til 1. februar 2018 for denne fråsegna.

Fylkesmannen seier i brevet at det er viktig at fellesnemnda legg vekt på følgjande:

- at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen.
- vurdere om dei vedtekne investeringane er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen. Det er viktig at den nye kommunen har eit solid økonomisk handlingsrom for å innfri forventningane dei første driftsåra.

Intensjonsavtalen for Nye Øygarden kommune seier at investeringsprosjekt som er vedtekne i gjeldande økonomiplanar (2016-2019) vert vidareførte i den nye kommunen. Alle investeringsprosjekt skal vere økonomisk forsvarlege.

Kommunane sine investeringsbudsjett er ikkje vedlagt saka. Investeringsbudsjetta vil verte utgreia i løpet av året 2018 fram mot framlegging av budsjett for året 2019. Det vert lagt opp til ein budsjettprosess både på driftssida og på investeringssida med brei deltaking som vil verte initiert på vårparten 2018. Omfang og innretting på dette arbeidet ligg ikkje føre på noverande tidspunkt.

Soliditeten til den nye kommunen når det gjeld investeringar må vurderast ut frå den nye kommunen si samla lånegjeld og berekraftig drift. Det må mellom anna sikrast at det frå 1. januar 2020 er tilgjengelege driftsmidlar til å dekkja både kapitalutgifter og driftsutgifter (straum, reinhald m.m.) i nye bygg og anlegg.

Det bør skiljast mellom lån til investeringar det er knytt inntekter til, som t.d. innan sjølvkostområdet VAR, delvis husbankfinansierte bygg, spelemiddelfinansierte anlegg og ordinære investeringar.

Kommunane sine disposisjonsfond kan i tillegg sjåast som ein «buffer» når ein skal vurdere soliditeten til den nye kommunen.

**Vurdering:**

Prosjektlear si vurdering er at investeringane i kommunane Fjell, Sund og Øygarden er knytt til kommunane sine hovudaktivitetar. Det er ei politisk prioritering å vurdere kor mykje av tilgjengelege ressursar som skal gå til byggeprosjekt og kor mykje som skal gå til å skape innhald i bygg. Den samla lånegjelda for Nye Øygarden kommune vert høg og kan få noko å sei for handlingsrommet til det nye kommunestyret frå 2020. I dette perspektivet må ulike låneordningar fortløpande vurderast, som t.d. type lån og lengde på lån.

Prosjektlear vurderer det som viktig at fellesnemnda ber kommunane om å koordinere bruken av føresetnader i budsjettarbeidet for 2019 slik at det er lettare å få ei heilskapleg oversikt over den økonomiske situasjonen på både budsjett- og investeringssida for den framtidige Nye Øygarden kommune.



Fellesnemnda for  
Nye Voss kommune  
Nye Ullensvang kommune  
Nye Øygarden kommune  
Alver kommune  
Bjørnefjorden kommune

## Fellesnemnda og fråsegn til kommunane sine budsjett og økonomiplanar

Med heimel i inndelingslova § 26 skal fellesnemnda gi fråsegn til departementet om årsbudsjettet for 2018 m/økonomiplan og årsbudsjettet for 2019 m/økonomiplan, slik dei er vedtekne av kommunestyra i kommunane i samanslåinga. Fylkesmannen er mottakar av fråsegnene frå fellesnemnda om årsbudsjett og økonomiplan for kommunane etter delegeringsvedtak av 10. 03. 2017.

Fellesnemnda skal vidare ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk, det vil seie budsjettet for 2020 m/økonomiplanen for 2020 - 2023 for den nye kommunen.

Fylkesmannen ber om å få tilsendt fråsegn etter at kommunestyra har gjort vedtak for budsjettet for 2018 og økonomiplanen for perioden 2018 - 2021. Det er viktig at fellesnemnda i fråsegna legg vekt på:

- at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen
- vurdere om dei vedtekne investeringane er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen. Det er viktig at den nye kommunen har eit solid økonomisk handlingsrom for å innfri forventningane dei første driftsåra.

Frist for å gi fråsegn for budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2018 - 2021 er innan 01. februar 2018.

På grunnlag av kommunane sine budsjett og økonomiplanar tilrår vi at fellesnemnda så tidleg som mogleg startar arbeidet med å førebu budsjett for den nye kommunen. Det er viktig at fellesnemnda er godt førebudd til å utarbeide eit framlegg til budsjett og økonomiplan for perioden 2020 - 2023.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Håvard Rød  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Handsama i Kommunestyret - 14.12.2017:**

Representanten Helena Morland Hansen gjekk før votering i saka. Eli Årdal Berland gjekk inn som vara for henne.

### **Taletid:**

Hovudinnlegg v/gruppeleiarar er sett til 7 minutt. Andre innlegg er avgrensa til inntil 3 minutt.

## **FRAMLEGG TIL TEKSTDEL TIL BUDSJETTFORSLAG FRÅ ARBEIDARPARTIET OG HØGRE**

### ***Budsjett 2018***

Sviktande skatteinntekter, nedgang i veksttilskotet og lågare integreringstilskot fører til at det må gjennomførast store budsjettkutt i heile Fjell-organisasjonen. Situasjonen for Fjell kommune i 2018 vil bli særskilt krevjande og det må gjerast nye prioriteringar innan dei ulike tenesteområda.

Kommunestyret vedtok i sak KS 46/17 at rådmannen «snarast (skulle) setje i gong eit arbeid med å kartleggje korleis kostnadene i noverande drift fordeler seg i høve til kva som elles er vanleg i kommunar vi kan samanlikna oss med. Dersom rådmannen på bakgrunn av analysane finn at det framleis er grunn for å gjere endringar, ber kommunestyret om at han som del av budsjettopplegget for 2018 legg fram forslag til tiltak som tar sikte på å gje varig endring i fordelinga innanfor heile driftsområdet.»

Rådmannen peikar på at budsjettframlegget er stramt og at sektorane til saman er trekt ned med kr 22,1 mill. Rådmannen seier at dette kan medføre press på ein skilde tenester. Han viser vidare til at han har strekt anslaget for inntektene med 10-15 millionar, og konkluderer med at: «Budsjettet inneheld vesentleg risiko på inntektssida». Med bakgrunn i dette vil kommunestyret ta grep for å sikra at tenestenivået i størst mogeleg grad vert halde på same nivå som i 2017. Det inneber at det må setjast i verk strukturelle tiltak som flytter midlar til den kvalitative delen av tenestene.

### *Skule*

Barn er det viktigaste for framtida vår!

Kommunestyret si målsetting er at Fjell skal ha ein framtidsretta skule der alle barn kan lykkast. Grunnleggjande ferdigheiter innan lesing, skriving og rekning, samt digitale ferdigheiter, er ein føresetnad for at barn og ungdom skal fullføra utdanningsløpet sitt.

Kommunestyret meiner difor at tida er inne for å ta nødvendige grep ved å gjennomføra tiltak som byggjer opp under dei overordna målsettingane våre.

Kommunestyret ber rådmannen sjå på omprioriteringar og innsparingar innanfor ei ramme på kr 15 mill. I vurderinga må ei meir effektiv drift av skulesektoren samla sett leggast til grunn. I den samla vurderinga må rådmannen også sjå nærare på skulestorleik, elevtalsprognosar, bygningsmasse, og kvaliteten på denne.

Kommunestyret ber også rådmannen vurdere om det vil vera mogeleg å overføra elevar frå Tellnes skule til Skogsvåg skule frå og med hausten 2018. Tellnes skule, ligger tett inntil RV 555 som går sørover til Sund kommune. Veggen har mykje trafikk, og dei fleste barna har i dag tilbod om skuleskyss til og frå skulen. Tellnes skule har i dag 72 elevar fordelt på 1. – 7.klasse og er ein 5-delt barneskule.

Liljevåttet skule har i dag 108 elevar fordelt på 1- 7. klasse. Skuleåret



2018/2019 vil Liljevatnet skule også kunna nyttast som avlastningsskule for elevar frå Bjorøy skule medan den vert rehabilitert. Frå skuleåret 2019/2020 vil det vera i underkant av 100 elevar ved Liljevatnet skule under føresetnad av dagens tilpassa kringsgrenser. Kommunestyret ber rådmannen vurdere om elevane ved Liljevatnet skule kan overførast til Brattholmen eller Hjelteryggen skule frå skuleåret 2019/2020.

I samband med vurderinga må det utarbeidast nye elevtalsprognosar.

I investeringsbudsjettet for 2017 vart det sett av totalt 40 millionar kr til rehabilitering av Skålvik skule. Skolebygget er prega av manglande vedlikehald over svært lang tid. I løpet av året har bygget vorte utbetra noko, men det som er gjort er berre førstehjelp. Det er gjennomført ei tilstandsvurdering som viser at mengda asbest i bygget vil vera ei utfordring ved ei eventuell ombygging.

I tråd med handlingsplanen vert det bede om at rådmannen set i gang arbeid med å sanera asbest på Foldnes og Skålvik skular. Kommunestyret er innstilt på at dette vil innebera at elevar må flyttast til andre skuler medan arbeidet er i gang. For Skålvik skule vil saneringa bli vurdert i ei komande sak om ombygging/renovering av skulen.

På bakgrunn av dette vert dei avsette midlane på kr 40 millionar kr tekne ut av investeringsbudsjettet. Det vert føresett at eit meir omfattande prosjekt vil krevja ei større løyving, noko den nemnde saka vil måtta klårgjera.

Innsparingane på skolestrukturen skal koma elevane til gode ved at innsparte midlar vert nytta innhaldet i skulen. Kommunestyret har difor lagt opp til følgjande tiltak i 2018.

- Skuletur for alle 10.-klassingar med stiftinga «Hvite busser» eller tilsvarende ideell organisasjon
- Ekstra lærar i rekning, lesing og skriving i 1-4. klasse
- Oppretthalda tilbodet med miljøterapeutar.

Det er ein føresetnad frå kommunestyret si side at innsparing frå dei nemnde endringane også skal gje midlar til å halda ved lag tilbodet for dei elevane som treng særleg tilrettelegging for fagleg og sosial utvikling.

Kommunestyret vil også setja i gang bygging av nye undervisningslokale på Fjell Ungdomsskule.

### *Barnehage*

Kommunestyret ber rådmannen om å sikra at barn med behov for støtte til språk- og integrering held ved lag same nivå som i 2017.

### *Helse og omsorg*

Den største utfordringa kommunen har framover, er å ruste opp for den venta auken i talet på eldre med omsorgsbehov. Dette fører med seg eit behov for sterk satsing på både institusjonsplassar og hjelp i heimen. Det er viktig å halda fram det arbeidet som er starta med «Sjef i eige liv», inkludert å sikra driftsstart av Lokalmedisinsk senter. Det er også eit overordna mål å arbeida endå meir førebyggjande for at denne gruppa skal vera sjølvhjelpen så lenge som mogeleg. Tiltak må kunna setjast inn på alle trinn i utviklinga av omsorgsbehovet både heime og på institusjonane.

Med bakgrunn i dette ønskjer kommunestyret å styrka satsinga på følgjande område:

- Start av digitalisering av omsorgstenestene

- Innkjøp av hjelpemidler for varsling, til dømes ringematter
- Tilbakeføra nedtrekket på kr 3.045.000.-
- Leggja til rette for auka aktivitet for eldre på institusjon, t.d. med musikk
- Styrka fokuset på å unngå fallskader både heime og på institusjon.

Kommunestyret ber også om at det blir gjennomført ei ekstern brukarundersøking så tidleg som mogeleg i budsjettperioden for å få fram en status med omsyn til det tilbodet kommunen gir i dag. Det vert føresett at kommunen nyttar ekstern kompetanse og at undersøkinga er anonym.

Posten «Støttetiltak til funksjonshemma» blir styrka med kr 100.000.-. Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne disponerer midlane. Etter grunngjeven søknad kan dei tildelast kulturelle-, sosiale-, ferie- og fritidstiltak som ikkje blir dekkja fullt ut av andre ordningar.

Det vert føresett at rådmannen sitt forslag til nedtrekk på desse områda ikkje vert gjennomførte. Handlingsplanen sitt punkt om vurderingssamtalar med alle over 75 år vert ståande.

### *Sosial/barnevern*

Tenester som vert leverte av barnevernet og sosialetaten har fått eit vesentleg større omfang.

Dette er krevjande, og det er stort behov for å sikra at det er tilstrekkeleg med faglege ressursar i desse tenestene. Det er behov for å tilføra barnevernet høg juridisk kompetanse samt eigen psykolog. Det må også vurderast om ein del av den resterande kompetansen som i dag vert leigd inn, må sikrast ved fast tilsetjing i tenestene.

Satsing på førebyggjande tiltak er viktig for å endra det framtidige behovet for desse tenestene. Mykje godt arbeid vert utført på fleire område innan dette feltet i Fjell. Døme er utviklinga av ei ny rusomsorg med etablering av MO-senteret og oppbygginga av eit etterlengta tilbod til menneske med dobbeltdiagnose (ROP). ROP-huset på Bildøyna står klart for innflytting våren 2018. Dette er eit viktig tiltak for å kunna gi bustad til dei som treng det mest. Det er ei målsetting at ROP-huset kan takast i full bruk når det står ferdig.

Trygg Start er eit samhandlingsprosjekt retta mot nyfødde og foreldre. Trygg Start er et godt døme på korleis eit interaktivt samarbeid mellom barnevern, helsesøstrer, NAV, lege og psykolog, gjennom tidleg innsats, skaper nye og trygge rammer for både barn og foreldre. Dette er eit samarbeid som er eit forbilde for samordning av det totale tenestetilbodet.

Integreringstilskotet er redusert i statsbudsjettet for 2018. Førespurnad om å ta imot fleire flyktningar er redusert til eit minimum. Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det vil vera mogeleg å omdisponera ressursar frå flyktningområdet til rusområdet med tanke på å kunna opna ROP-huset når det er klart.

Kommunestyret ber også om at rådmannen tar initiativ for å få til eit prosjekt der kommunen sjølv får ansvar for barn og unge som i dag utan god grunn vert overførte til statlege institusjonar.

Kommunen har i dag eit slikt ansvar for mindreårige flyktningar.

Kommunestyret ønskjer å setja i gang arbeidet med ein kompetansehevingsplan og start av arbeidet med ein tiltaks- og samhandlingsplan for temaet «vald og overgrep», som også har fokus på dei aller minste barna.

### *Nav/arbeid*

Arbeidsløysa er framleis høg i Fjell. Pr. 30.09.17 var arbeidsløysa på 4,1%. Det er i

aldersgruppa 30-39 år vi har flest ledige. I denne gruppa var talet på arbeidsledige 166 pr. 30.09.2017. Det å stå utanfor arbeidsmarknaden er pasifiserande og demotiverande. Langtidsledige som mister dagpengane sine, må søkja sosialhjelp, noko som fører til auka utbetalningar frå kommunen sitt sosialhjelpsbudsjett.

Kommunestyret ber rådmannen, i samarbeid med NAV, å rette ei større merksemd mot arbeidsledige i aldersgruppa 30 – 39 år ved bruk av tiltaksmidlar og tettare oppfølging med mål om å redusera talet på arbeidsledige mellom 30-39 år til eit

### *Kultur*

Kommunestyret ber om at rådmannen legg til rette for Kulturgalla også i 2018.

## **Temaområde**

### *Frivillige lag og organisasjonar*

Frivillig arbeid står sterkt i Fjell, og kommunestyret erkjenner at slik innsats vil vera ein berebjelke mellom anna i framtida sine omsorgstenester. Det kan kort visast til arbeidet i regi av Frivilligsentralen og Aktiv+.

Kommunestyret signaliserer at prosjekt innan denne sektoren vil bli prioriterte ved søknader til prosjektmidlar og anna støtte gjennom dei faste kommunale søknadsordningane. Kommunestyret ønskjer særleg å styrka satsinga på Aktiv+, og det vert gjort framlegg om å setja av 25.000 kroner til dette føremålet.

Det skal snarast utarbeidast eiga sak som skal sjå på kommunens framtidige tilskot til Home Start. Saka skal innehalde ei heilskapsvurdering som til dømes viser korleis kommunen vil ha kontroll med bruken av dei offentlege tilskota.

### *Elektrifisering av transporttenestene i Fjell kommune*

Som eit resultat av lengre rekkevidde og fleire ladestasjonar blir el-bilar meir og meir et reelt alternativ til fossilt drivne bilar. Kommunestyret ber om at det vert sett i gang eit arbeid der alle leasa fossile bilar blir bytte ut med el-drivne bilar. Dette for å få på plass ein meir miljøvennleg bilpark, samt å nytta høvet til innsparing ved å nytta elektrisitet i staden for bensin- og dieseldrivne bilar. Det bør også vurderast om det er meir føremålstenleg å investera i eigen bilpark framfor å «leasa».

### *Eigedomsskatt*

Forslaget til statsbudsjett inneheld framlegg om endringar i eigedomsskattesystemet. Dette omfattar mellom anna grensedraginga mellom «næring» og «verk og bruk». Ei slik endring vil kunna få følgjer for Fjell kommune sitt behov for å tilpassa seg dagens Øygarden for å sikra at den nye kommunen vil ha eit skattegrunnlag som gir den nye kommunen eigedomsskatt frå den landbaserte oljeverksemda. Nye Øygarden vil vera avhengig av eigedomsskatt i drifta i ein lang periode etter samanslåinga.

Departementet føreslår ei ordning som vil kunna innebera at det kan differensierast på ein slik måte at eigedomsskatten ikkje treng å omfatta andre objekt enn petroleumsverksemd slik denne er etablert i Øygarden i dag. Det er nødvendig å få ei avklaring på dette forslaget før

Fjell tek endeleg stilling til korleis kommunen bør tilpassa seg eigedomsskattesystemet fram mot 2020.

På bakgrunn av dette vert satsen for eigedomsskatt ikkje auka i 2018, men kommunestyret gjer merksam på at det kan bli nødvendig med endringar frå 2019.

### *Barnefattigdom*

Kommunestyret er oppteke av utfordringane som er knytt til aukande barnefattigdom, og for dette området er det i gang arbeid med ein eigen plan, som er venta å koma til behandling i løpet av 2018.

Fjell kommune fekk i 2017 pålegg om å endra praksis med omsyn til finansiering av skuleturar slik at det lovfesta «gratisprinsippet» i skulen blir etterlevd. Som ein følge av denne endringa ønskjer kommunestyret å leggja til rette for at elevane i 10. klasse kan få delta på ein utanlandstur med sikte på å få auka kunnskap om forholda under 2. verdskrigen. Det vert difor sett av midlar for skulesjefen til å gjera avtale med «Hvite busser» eller tilsvarande organisasjon med ideelle føremål.

### *Friluftsliv*

I samarbeid med blant anna Bergen og Omland Friluftsråd skal ein vidareføra arbeidet med å utvikla Geitvika til eit attraktivt og tenleg friluftsliv- og badeområde.

### *Trafikksikring utover vedtak i Trafikksikringsplanen.*

Det er svært mange barn og unge som ferdast frå Straume sentrum og til aktivitetar i og rundt Sotra Arena. Det er naudsynt å setje inn ekstra midlar for å sikre betre løysingar i Idrettsvegen. Det bes om at rådmannen kjem attende med eiga sak

## **Framlegg frå Arbeidarpartiet og Høgre til endringar i talbudsjett 2018**

Endringar i høve til rådmannen sitt salderte forslag:

Tilbakeført eigedomsskatt	-5 400 000
Tilbakeført avkastning fond	-5 000 000
Underskot etter korreksjon i høve til rådmannen sitt forslag	-10 400 000
Endringsforslag AP og H:	
<b>Inndekning drift</b>	
Strukturendringar jf. KS sak 46/17	15 000 000
Bruk av finansielle fond	6 000 000
Frå disposisjonsfond	
<b>Sum inndekning</b>	<b>26 000 000</b>
<b>Overskot etter auke av inntekter</b>	<b>15 600 000</b>
<b>Nye tiltak drift</b>	
Drift LMS	-5 000 000
Skuletur 10. klasse	-1 500 000
Brukarundersøking Helse/Omsorg	-100 000
Utstyr for omsorgstenestene	-1 000 000
Førebygging av fallskader	-100 000
Leige av 4 sjukeheimsplassar	
Start digitalisering omsorg*	-100 000
Omorganisering barnevern/ Trygg Start	-525 000
Aktivitetsterapeutar til institusjonane	-1 500 000
Drift av ROP-huset; rest henta frå omorganisering flyktningar/rus	-1 750 000
Tilbakeført nedtrekk omsorg	-3 045 000

Servicebuss	-805 000
Aktiv+	-25 000
Støttetiltak for funksjonshemma	-100 000
Likestillingsutvalet	-25 000
<b>Sum nye tiltak</b>	<b>-15 575 000</b>
<b>Overskot etter nye tiltak</b>	<b>25 000</b>
<b>Disponering av eigedomsskatt</b>	<b>5 400 000</b>
Til eingongskostnader asbestsanering	-5 000 000
Fjell festning; eingongskostnader sikring	-150 000
<b>Sum bruk av eigedomsskatt</b>	<b>-5 150 000</b>
<b>Udisponert eigedomsskatt</b>	<b>250 000</b>

## Endringsframlegg AP / H – Handlingsprogrammet 2018-2021;

<i>Endringsframlegg AP / H – Handlingsprogrammet 2018-2021</i>	
<b>Samfunnsutvikling</b>	
1.	Lage "Sentrumsvedtekter" for Straume og Ågotnes.
2.	Kartleggje og planleggje samanhengande gong- og sykkelveg i Fjell kommune, særleg i Straume-området og tilkomstvegane til Straume.
4.	Styrka og vidareutvikla den heilskaplege satsinga for å nedkjempa barnefattigdom i kommunen. Det skal utarbeidast tiltak for å utjamna sosiale forskjellar blant barn og unge, og for å redusera dei negative konsekvensane ved å veksa opp i familiar med vedvarande låginntekt (NYTT PUNKT).
<b>Administrasjons- og organisasjonsutvikling</b>	
5.	Førebu og følja opp kommunesamanslåing i regionen, med tanke på økonomiske og organisatoriske følgjer, samt å avvikla organisasjonen Fjell kommune.
6.	Gjennomføra brukarundersøkingar annakvart år som ein del av kvalitetsutvikling i tenestene.
<b>Samferdsle</b>	
8.	Fjell kommune skal bidra aktivt i reguleringsplanarbeidet for vegsystema nord/sør.
9.	Starte arbeidet med Miljøgata på Straume, t.d. overgang knytt til almenninga.
10.	Utbetre Fylkesvegane i kommunen i samarbeid med Statens Vegvesen.
<b>Eigendomsforvaltning</b>	
12.	Planlegging og gradvis gjennomføring av standardheving for dei eldre kommunale barnehagane Ulveset, Bildøy, Tussatjødna og Straume. Eiga årleg fordelingssak.
13.	Oppgradera og rehabiliterer bygg og uteområde på kommunale skular og barnehagar. Dette inneber også fjerning av asbest og tilrettelegging for universell utforming. Foldnes skule skal prioriterast.
14.	Ruste opp Ågotnes helsehus blant anna for bruk for ny ungdomsklubb.
15.	Planleggja og bygge bustader for personar med store oppfølgingsbehov knytt til rus og psykiatri.

16.	Framskaffa sju husvære i bufellesskap for menneske med psykisk lidning, i tillegg til vidare utbygging som skildra i kommunedelplan for bustadutvikling. Vidare utgreie behov for interkommunalt samarbeid / bustader for menneske med særlege behov / psykisk sjuke.
17.	Etablera fleire omsorgsplassar med heildøgnsbemanning ved Kvednatunet.
18.	Etablera akutt-plassar for ungdom som ikkje kan bu heime. Laga eit ikkje-statleg forsøksprosjekt for ungdomshjem i Fjell kommune.
<b>Helse, sosial og omsorg</b>	
19.	Sikre optimal drift i lokalmedisinsk senter.
21.	Utvikling av eit kompetansesenter for menneske med demenssjukdom ved Kvednatunet. Fysiske og teknologiske endringar i bygg skal, saman med tilpassa kvardagsaktivitetar og til dels nye haldningar, skapa opne og trygge miljø som kan gje glede og trivsel i kvardagen.
22.	Etablera eit døgnoppe aksjons-senter lokalisert i Lokalmedisinsk senter. Aksjons-senteret skal vera ein mottakssentral for tryggleiksalarmar og anna velferdsteknologi, og svara og vidareformidla telefonar frå innbyggjarane i kommunen. Aksjons-senteret skal aktivisera eit breitt nettverk av aktørar, både offentlege, private, pårørande, vener og frivillige, som kan aksjonera for å møte både akutte og langsiktige behov.
23.	Etablera oppsøkande verksemd for alle innbyggjarar over 75 år for tidleg identifisering av behov, og rettleiing om tiltak.
<b>Barnehage og skule</b>	
24.	Utvikla systematiske språk- og leseaktivitetar i barnehagen i samarbeid med lesesenteret v/Universitetet i Stavanger og som språkkommune i statleg prosjekt.
25.	Forsterka samanhengen i opplæringa frå barnehage til yrkesliv, for å betra læringsutbytte og motverka frå fallet i utdanningsløpet. Implementera «Framtidsskulen i Fjell», eit prosjekt i tråd med nasjonal satsing for den framtidige skulen. Ein sentral del av dette er auka bruk av digital undervisningsform i skulane.
<b>Miljø, klima og beredskap</b>	
27.	Utarbeida felles beredskapsplan for å handtera livstruande valdsepisodar i barnehagar og skular.
<b>Digitalisering</b>	

28.	Vidareføra satsinga på geografiske informasjonssystem (GIS), med oppdatert kartdata og brukarvenlege løysingar.
29.	Etablera digitale tenester og elektronisk kommunikasjonsform som føretrakt kanal mot innbyggjarar og næringsliv (Digitalt førsteval).
30.	Leggja til rette for og innføra heilelektronisk arkiv.
31.	Utvikla bruken av velferdsteknologi som verkty for å auka meistring og eigenomsorg.
<b>Kultur og friluftsliv</b>	
33.	Planlegging av gratis sommeraktivitetar for barn og ungdom i Fjell, Sund og Øygarden.

**FELLES ENDRINGSFRAMLEGG FRÅ SOTRALISTA (SL), VENSTRE, SENTERPARTIET (SP) OG MILJØPARTIET DE GRØNNE (MDG) v/ Jan Utkilen (SL):**

**Endringar/tillegg til årsbudsjett 2018 og handlingsprogram/økonomiplan 2018-2021**

Fjell kommune har ein solid økonomi til å ta hand om finansielle dårlege tider. Den langsiktige strategien skal framleis vera å oppretthalde driftsnivået også i dårlege tider med minst mogeleg bruk av fond, men det naudsynt å få full drift av LMS i 2019. Det vert difor nytta 8 mill frå disposisjonsfondet til avsetjing i 2018 for full drift av LMS i 2019.

Fjell kommune har framleis store trafikale utfordringar før eit nytt Sotrasamband er på plass. Det må satsast på kollektive løysingar med fokus på ”Parker og køyr” og eit rutetilbod med båt. Det vert stilt midlar til disposisjon for eit prøveprosjekt for ei båtrute frå Ågotnes til Bergen. I samband med båtruta vert det oppretta ein ringbuss med mogeligheit for lokal parkering. Det vert søkt om medfinansiering frå Hordaland fylkeskommune. Det vert snarlig fremja sak for KDF.

Fremja sak om det er mogeleg å auke opp pendlarparkeringa på Straume.

Kommunen bidreg i dag med fleire tenester/økonomisk støtte som ikkje er pålagte kommunale oppgåver. Det vert fremja sak innan 1.kvartal 2018 om kva tenester/oppgåver som kan verta aktuelle å ta ut av driftsbudsjettet for 2019.

Ressursbruken på skule i Fjell er høg samanlikna med andre kommunar. Det er naudsynt med ein ny gjennomgang av skulestrukturen for å redusere driftskostnadene. Det bør i den samanheng vurderast å byggje ein ny skule på Vestsida i staden for å rehabilitere Skålevik skule.

Det vert fremja sak om å oppretta eit kommunalt føretak for alle helsebygga i kommunal eige eller i sameige med Helse Vest.



## Det vert fremja følgjande endringar i årsbudsjett 2018

### Endring drift:

1. Oppstart Rop-huset på Bildøy	6 mill
2. Oppretthalde servicebuss	0,7 mill
3. Prøveprosjekt båtsamband Ågotnes -Bergen	3 mill
4. Ringbuss og parkering i samband med båtruta frå Ågotnes	2 mill
5. Avsetjing til full drift av LMS i 2019, avsetting til fond	20 mill

### Finansiering

Skatteanslag	7 mill
Renteauke / Økt inntektsanslag	10 mill
Refusjon sjukeløn/fødselspengar	5,1mill
Auke gebyr/brukarbetaling	2 mill
Disposisjonsfond	8 mill

## Økonomiplan 2018 – 2021

Det økonomiske handlingsrommet for Fjell kommune er svært avgrensa dei komande åra. Det er sær sars vanskeleg å finna midlar til full drift av det nye Lokal Medisinsk Senter (LMS) på Straume i 2019. LMS er eit stort løft for regionen vår. Det må difor vere ei prioritert oppgåve for kommunane å finna fram til korleis vi skal sikra full drift av LMS.

Den nye kommunen vil forvalta eit driftsbudsjett på nærare tre milliardar kroner. Eitt av måla med ei kommunesamanslåing er å sikra ein effektiviseringsgevinst som i 2020 skal gje oss større handlingsrom enn kommunane har kvar for seg. Vi meiner det skal vera mogeleg for den nye storkommunen å frigje minst 100 millionar frå drifta når det første driftsbudsjettet blir lagt fram i 2019. Då er det tvingande naudsynt at Fellesnemnda får mandat til å effektivisere den nye kommunen slik at 100 millionar kan stillast til rådvelde som frie midlar ved overgange til ny storkommune.

Midlane vert avsett i disposisjonsfond for den nye kommunen, men 40 millionar skal øyremerkjast til drift av det nye Lokal Medisinsk Senter.

## Handlingsprogram/økonomiplan 2017-2020

1. Handlingsprogrammet vert gjennomført for dei planer og prosjekt som er finansierte.
2. Starte arbeidet med å planlegging nytt regionalt kulturhus. KDF set ned eit utval kor bl.a. næringslivet, kulturinstitusjonar og administrasjonen er representert.

## ENDRINGSFORSLAG FRÅ SOSIALISTISK VENSTREPARTI v/Andreas Sjalg Unneland

### **Budsjettet:**

#### Inndekning drift

Bruk av finansielle fond	6 000 000
Bundet fond LMS	5 000 000
<b>Sum inndekning</b>	<b>11 000 000</b>
Overskot etter auke av inntekter	11 000 000

Nye tiltak drift		
Drift LMS	-	5 000 000
Drift av rop-huset; rest hentes frå omorganisering flyktningar/rus		1 750 000
Tilbakeført nedtrekk omsorg -		2 000 000
Utstyr for omsorgstenestene -		800 000
Omorganisering barnevern / Trygg start		500 000
Likestillingsutvalet		20 000
Servicebussen -		800 000
Aktiv +		25 000
Støttetiltak for funksjonshemma		100 000
	-	
Sum nye tiltak		10 995 000
Overskot etter nye tiltak		5 000

### Endringar til investeringsbudsjett

Asbestsanering		5 000 000
Fjell festning; eingongskostnader sikring		150 000
Opprette en hurtigbåtforbindelse frå Ågotnes til Bergen i en prøveperiode på minst 6 månedar	-	10 000 000
<b>Sum nye tiltak</b>		<b>15 150 000</b>
Inndekning		
Økt låneramme		5 150 000
<b>Bruk av finansielle fond</b>		<b>10 000 000</b>

### SV sitt forslag til kommuneplanen sin handlingsdel 2018 – 2021

#### 1. Under «Eigedomsforvaltning»

- Nytt punkt: Arbeide med energieffektivisering av kommunen sin bygningsmasse.

#### 2. Under «Samferdsle»;

Nytt punkt: Opprette en hurtigbåtforbinding mellom Ågotnes og Bergen i en prøveperiode på minst 6 måneder.

#### 3. Under barnehage og skule.

Nytt punkt: Gradvis legge lekser inn i skuletida.

#### 4. Under miljø, klima og beredskap

Nytt punkt: alle nye anskaffelser av kommunale kjøretøy skal være utslippsfrie. Det skal være meget gode grunner for å avvike fra dette kravet.

Nytt punkt: Å redusere karbonavtrykket skal være avgjerande i kommunen sine innkjøp og anbudsrunder.

### Verbalforslag fra SV

#### 6. Gjør det enkelt å reise kollektivt

For å gjøre det lettere å velge kollektiv ønsker kommunestyret at det skal utformes en generell informasjonsbrosjyre om kollektivtilbudet i regionen. Den skal inneholde informasjon om pendlerparkeringsplasser og informasjon om priser på ulike type reiser og hvordan og hvorfor reise kollektivt. Det skal komme tydelig frem hvordan det kan bidra til å løse kø problematikken samtidig som det er et miljøvennlig valg.

Forslag:

Kommunen skal sende ut informasjon til kommunens innbyggere med generell informasjon om pendlerparkeringsplasser og informasjon om hvordan og hvorfor reise kollektivt.

#### *7. Mindre bruk av gummigranulat*

Gummigranulat er en stor kilde til mikroplast og som en kommune med særlig forståelse for mikroplast og plast i havet problemet ønsker kommunestyret at vi skal gå foran som et godt eksempel.

Forslag:

Gummigranulat fra kunstgressbaner er en betydelig miljøbelastning. Kommunestyret ønsker at kommunen skal erstatte bruken av gummigranulat med andre materialer som ikke er like miljøbelastende. Det skal også ses på muligheten for å lage et system for å fange opp og gjenvinne brukt gummigranulat.

#### *8. Billigere konferanser for de folkevalgte*

Kommunen er i en økonomisk utfordrende periode og det kuttes i alle sektorer. Kommunestyret mener de folkevalgte også skal være med på å kutte i sine tjenester. Kommunestyret ber administrasjonen kutte i utgiftene til budsjett- og organisasjonskonferansen samt komiteene sine seminarer.

Forslag:

Kommunestyret ber rådmannen kutte i utgiften til budsjett- og organisasjonskonferansen samt komiteene sine seminarer. Det skal som et innsparingstiltak ses på å bruke kommunens egne lokaler i forbindelse med seminarer for de folkevalgte.

#### *9. Ferie SFO*

På grunn av endrede reisevaner i kommunen er det ønskelig å se på organiseringen av ferie SFO-tilbudet. Kommunestyret ber rådmannen legge frem en sak for kommunestyret som ser på mulighetene og kostnadene for å tilby ferie-SFO på flere skoler.

Forslag:

Kommunestyret ber rådmannen legge frem en sak om ferie SFO tilbudet i kommunen for å se på mulighetene og kostnadene for å tilby ordningen ved flere skoler.

### **FRAMLEGG FRÅ FRP**

Fjell FrP tar innover seg den vanskelige situasjonen kommunen er i, men vil allikevel foreslå noen små endringer i budsjettet;

- |                                                                |             |
|----------------------------------------------------------------|-------------|
| 1) Vi ønsker å trekke ut eiendomsskatten fra driftsinntektene, | 5 400 000,- |
| 2) På utgiftssiden vil vi redusere Gode sirkler med            | - 250 000,- |
| Opprettholde servicebussen                                     | + 500 000,- |
| Legge til ferietilskudd                                        | + 100 000,- |

Merkostnad = 350 000,-

Dette vil vi dekke inn ved å øke bruk av bundne fond

Eiendomsskatt	5 400 000,-
Merkostnad	350 000,-
Total økning	5 750 000,-

På grunn av kommunesammenslåingen der en av kommunene bruker bortimot 100 millioner av eiendomsskatten på drift, ser Fjell FrP at det blir vanskelig å få fjernet denne i første omgang. Vi ønsker allikevel ikke at det skal bli bruk på driftsbudsjettet i Fjell, og foreslår følgende endring i investeringsbudsjettet;

- 3) Bruk eiendomsskatt:
- |                                  |                                 |
|----------------------------------|---------------------------------|
| Øke posten på Skålevik skole med | 3 000 000,- opp til 4 000 000,- |
| Øke trafikksikring med           | 2 400 000,- opp til 9 400 000,- |

Der bør snarest mulig bygges en ny skole på vestsiden, økningen på Skålevik skole skal gå til arbeidet med å få satt i gang dette prosjektet.

- 4) Fjell Kommune leier mange bygg og har dermed store kostnader med dette. Kommunestyret ber derfor rådmannen vurdere å få leietakerne inn i eget bygg.
- 5) Fjell Kommune opplever en stor økning i barn som går i barnehager på «Bergenssiden». En av grunnene til dette er at foreldre står i kø til Sotra, og ikke rekker barnehagen før stengt. Kommunestyret ber derfor rådmannen om å se på om det å utvide åpningstidene kan være en mulighet.

Kommunestyret ber rådmannen undersøke muligheten for en «parker og reis» på Tellnes

## **VERBALFORSLAG FRA FJELL FrP**

### **Trafikksikring:**

1. Fjell FrP vil nok en gang peke på den utrygge skoleveien på Bjørøy. I forbindelse med avslutningen av bompengeprojektet «Bjørøytunellen» ble det avsatt kr. 350.000,- ved avvikling av bomselskapet. Beløpet skulle brukes til trafikksikring i nærområdet. Midlene ble overført til Fjell kommune v/Rådmannen. Disse midlene er fortsatt unyttet mange år etter de ble tildelt. Vi foreslår at beløpet blir brukt snarest til sikring av skolevei.
2. Det er i det siste bygget flere nye boliger nord på Bjørøy i Nilsvika og Nilsvikhaugane. Disse boligområdene henger ikke kommunikasjonsmessig sammen med resten av øya. Det er svært mørkt på denne strekningen og det mangler fortau og gatelys. Ettersom fortau mangler tvinges myke trafikanter ut i kjørebane. Kommunestyret ber administrasjonen sette fokus på dette og samarbeide med Fylkeskommunen for å få til en løsning for trygg sykkel og gangvei for FV207 mot skolen.

### **Åpningstid, barnehager:**

3. Køene medfører at flere har tatt barna sine ut av barnehagene i Fjell og flyttet dem til Bergen for å rekke å hente i åpningstidene. Vi mener derfor at Rådmannen bør se på om åpningstidene for barnehagene i Fjell kan utvides noe for å bote på dette praktiske problemet.

### **Kommunen som leietager:**

4. Kommunens utgifter til leie av lokaler synes vi er høye. Vi mener Rådmannen må arbeide for å samle flest mulig av kommunale aktiviteter i kommunalt eide bygg.

### **«Parker og reis anlegg»:**

- Opprette «parker og reis» ved Tellnes næringspark
- Utvide «parker og reis» på Ågotnes
- Ta opp igjen den private reguleringsplanen for «parker og reis» anlegget vest for Kolltveittunellen, kalla Knutepunktet, som ble stemt ned i Kommunestyret 25. oktober 2012. Situasjonen i dag er meir avklart med hensyn til regulering av veiene for Sotrasambandet. Dermed er det enklere å få til effektiv samordning av disse anlegga. Et «parker og reis anlegg» her ville bidra til å redusere køproblema.

### **Sykling på Sotrabraua:**

5. Det er ønskelig at flere brukar sykkel og sykkelparkering må bli en del av alle «parker og reis» anlegga. Det bør innføres forbud mot sykling over Sotrabraua mandag-fredag kl. 0630 – kl. 0900 og kl. 1430-kl. 1700. I dette tidsrommet skal det være gratis å ta sykkelen med på bussen over Sotrabraua

## **FRAMLEGG FRÅ KRF V/ ODD BJARNE SKOGESTAD**

### **Budsjettet 2018**

1. Den årlige budsjett- og strategikonferansen, samt andre konferanser som kommunen arrangerer, blir i 2018, så langt som det er praktisk mulig, arrangert i kommunens egne lokaler, uten overnatting.
2. Bevilgningen til Home-start familiekontakten settes i 2018 til kr. 1,2 mill. Økningen på kr. 400.000,- i forhold til forslaget fra administrasjonen og AP/H, dekkes inn ved midler som spares inn ved at bruken av hotell reduseres ved kommunale konferanser, samt ubrukt beløp i endringsforslaget fra AP/H.

### **Det vart votering slik over dei ulike framlegga:**

Rådmannen sitt framlegg til **punkta 1 og 2** vart **samrøystes** vedteke.

Tilråding til **punkt 4 - gebyrreglement** frå komite for drift og forvaltning med nytt punkt 5.9 Seksjonering vart **samrøystes** vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til **punkt 3 - driftsutgifter og driftsinntekter** vart **samrøystes** vedteke med justering av barnehagesatsar som vart behandla i komite for drift og forvaltning 14. desember 2017. Endringa i barnehagesatsane er eit resultat av budsjettforlik mellom regjeringspartia, KrF og Venstre.

Rådmannen sitt framlegg til **Punkt 5 – VAR gebyra** vart **samrøystes** vedtekne.

Rådmannen sitt framlegg til **Punkt 6 – tilskotssatsar til ordinære private barnehagar** vart **samrøystes** vedtekne.

**Under punkt 7 - handlingsprogram** vart det røysta over partia / partigrupperingane sine framlegg slik dei kjem fram under **handsaming i møte:**

*SL, V, SP og MDG* sitt fellesframlegg til handlingsprogram fekk 8 røyster og fall.

*FrP* sitt framlegg til handlingsprogram (verbalframlegget) fekk 4 røyster og fall

*SV* sitt framlegg til handlingsprogram vart røysta over som følgjer:

- Punkta 1-5 fekk 2 røyster og fall (SV og MDG)  
Verbalforslaget vart røysta over punktvis
- Punkt 6 fekk 2 røyster og fall
- Punkt 7 fekk to røyster og fall
- Punkt 8 – billegare *konferansar for dei folkevalte* vart **vedteke med 25** mot 10 **røyster** (mindretal var FrP, SL og V)
- Punkt 8 fekk 7 røyster og fall (SV, KrF 4, SP og MDG)

Rådmannen sin innstilling vert sett opp mot endringsframlegg til handlingsprogrammet frå *Arbeidarpartiet og Høgre* og røysta over.

Endringsframlegget frå AP og H vart **vedteke med 22** mot 13 **røyster** (fleirtal AP 10, H 8 og KrF 4)

**Under punkt 8: Årsbudsjet**t vart det røysta over partia / partigrupperingane sine framlegg slik dei kjem fram under **handsaming i møte:**

*SL, V, SP og MDG* sitt fellesframlegget til justering av årsbudsjet fekk 8 **røyster** og fall.

*FrP* sitt framlegg til justering av årsbudsjet fekk 4 røyster og fall.

*KrF* sitt framlegg til justering av årsbudsjet fekk 12 røyster og fall (KrF 4, SL 4, V 2, SP og MDG)

*SV* sitt framlegg til justering av årsbudsjet fekk 1 røyst og fall.

Rådmannen sitt framlegg til årsbudsjet vart sett opp mot *Arbeidarpartiet og Høgre* sine endringar i tal-budsjetet for 2018 og røysta over.

Endringsframlegget med inkludert tekst og talldel frå AP og H sitt vart **vedteke med 22 røyster** mot 13 **røyster** (fleirtal AP 10, H 8 og KrF 4)

### **Punkt 9 - Økonomiplan:**

Framlegg frå ordføraren: Følgjande fellesframlegget frå SL, V, SP og MDG vert oversendt ordførar som tek dette med seg til fyrste møte i fellesnemnda:

*Det økonomiske handlingsrommet for Fjell kommune er svært avgrensa dei komande åra. Det er særst vanskeleg å finna midlar til full drift av det nye Lokal Medisinsk Senter (LMS) på Straume i 2019. LMS er eit stort løft for regionen vår. Det må difor vere ei prioritert oppgåve for kommunane å finna fram til korleis vi skal sikra full drift av LMS.*

*Den nye kommunen vil forvalta eit driftsbudsjett på nærare tre milliardar kroner. Eitt av måla med ei kommunesamanslåing er å sikra ein effektiviseringsgevinst som i 2020 skal gje oss større handlingsrom enn kommunane har kvar for seg. Vi meiner det skal vera mogeleg for den nye storkommunen å frigje minst 100 millionar frå drifta når det første driftsbudsjettet blir lagt fram i 2019. Då er det tvingande naudsynt at Fellesnemnda får mandat til å effektivisere den nye kommunen slik at 100 millionar kan stillast til rådvelde som frie midlar ved overgange til ny storkommune.*

*Midlane vert avsett i disposisjonsfond for den nye kommunen, men 40 millionar skal øyremerkjast til drift av det nye Lokal Medisinsk Senter..*

Framlegget frå ordførar vart **samrøystes** vedteke.

Rådmannen si innstilling til **punkt 9 - Økonomiplan** vart deretter sett opp mot endringsframlegget frå *Arbeidarpartiet og Høgre*, justert for tilråding frå komite for drift og

forvaltning om investeringsmidlar til Geitevika og trafikksikring ved Sotra Arena og røysta over.

Endringsframlegget frå AP og H vart **vedteke med 22** mot 13 **røyster** (fleirtal AP 10, H 8 og KrF 4)

Rådmannen si innstilling til **punkt 10 – låneopptak** vart sett opp mot Arbeidarpartiet og Høgre sitt budsjettforslag.

Framlegget frå AP og H vart **vedteke med 22** mot 13 **røyster** (AP 10, H 8 og KrF 4)

Desse hadde ordet i saka:

*Hovudinnlegg:*

Egil Haaland, Jan Utkilen, Andreas Sjalg Unneland, Monica Alvheim, Johannes Kobbeltvedt, Olav Kobbeltveit, Daniel Victor Sandvik, Odd Bjarne Skogestad og Ernst M Einarsen.

*Andre innlegg:*

Odd Arvid Valvatne, Cecilie Rathem, Atle Justad, Andreas Sjalg Unneland, Henriette Nordtveit, Daniel Victor Sandvik, Anne Hestnes, Hege Misje, Tom Georg Indrevik, Ernst M Einarsen, Egil Haaland, Fredrik Alexander Indrevik, Hilde Sandal, Odd Bjarne Skogestad, Jan Utkilen og Stian Telle.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017:**

Fjell kommunestyre vedtek:

1. Ved utskriving av kommuneskatt for inntektsåret 2018 vert det nytta høgaste skattøyre. Det er framlegg om 11,8% for 2018.
2. Det vert skive ut eigedomsskatt på verk og bruk og annan næringseigedom i 2018 med ein sats på 2 promille av skattetakst vedteke i eigedomsskattetaksnemnda, jfr. §§ 3d og 11 i eigedomsskattelova. Eigedomar i høve vedlagte liste vert friteke for eigedomsskatt, jfr. §7a i eigedomsskattelova.

3. Driftsutgiftene er på kr 1.789.030.000 og driftsinntektene er på kr 1.789.580.000.

Auke i gebyr og betalingsattsar er lagt slik inn i budsjettet:

<b>Eigenbetaling</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>Auke</b>	<b>%-vis auke</b>
<b>Barnehagar *</b>				
<b>(sattsar pr. månad)</b>				
41 timar og meir	2 730	2 910	180	6,59 %
Maks 33 timar	2 461	2 623	162	6,59 %
Maks 25 timar	2 115	2 254	139	6,59 %
Maks 17 timar	1 758	1 873	116	6,59 %
<b>Skulefritidsordninga</b>				
<b>(sattsar pr. månad)</b>				
Heil plass	2 480	2 580	100	4,00 %
Ettermiddagsplass frå skuleslutt til kl 15.30	1 870	1 940	70	4,00 %
Morgonplass	920	960	40	4,00 %
Ferie SFO (pr veke)	845	875	30	4,00 %
<b>Fjell kulturskule</b>				
<b>(sattsar pr. år)</b>				
Pris pr. elev	3 080	3 200	120	4,00 %
Søsken	2 490	2 590	100	4,00 %
Instrumentleige pr år	950	990	40	4,00 %
<b>Praktisk bistand</b>				
<b>(sattsar pr. månad)</b>				
2 til 3 G	730	760	30	4,00 %
3 til 4 G	1 490	1 550	60	4,00 %
4 til 5 G	2 210	2 300	90	4,00 %
Over 5 G	2 940	3 060	120	4,00 %
Max timesatts	270	280	10	4,00 %
<b>Betaling for ferdigmat</b>				
<b>(sattsar pr. eining)</b>				
Suppe/dessert	23	23	1	4,00 %
Frossen middag pr. porsjon	78	81	3	4,00 %
Varm middag pr. porsjon	88	92	4	4,00 %
<b>Institusjonsopphald</b>				
<b>(sattsar pr. dag, jfr statens sattsar)</b>				
Korttidsopphald **	155			
Dagsopphald **	80			
Frokost	30	31	1	4,00 %
<b>Tryggleiksalarm ***</b>				
<b>(sattsar pr. månad)</b>				
Tryggleiksalarm	270	350	80	29,63 %
Tryggleiksalarm nr. 2 i husstanden	0	165	-	
<b>Husleige Bu &amp; Servicesenter</b>				
40 m2 - pr .mnd	7 080	7 360	280	4,00 %
45 m2 - pr mnd	8 100	8 420	320	4,00 %
55 m2 - pr mnd	9 100	9 460	360	4,00 %
<b>Mat Bu &amp; Servicesenter</b>				
Full pakke	4 110	4 270	160	4,00 %
<b>Feiing og tilsyn</b>				
Vanleg hus	600	620	20	4,00 %
Industripipe	870	900	30	4,00 %
Feiing etter oppdrag	1 170	1 220	50	4,00 %
<b>Andre gebyr og betalingsattsar</b>				
Plansakbehandling				+4,0%
Byggesaksgebyr				+2,6%
Oppmålingsgebyr				+2,6%
Alle andre gebyr og betalingsattsar				+4,0%

\*) Nye sattsar vert fastsett sentralt

\*\*) Nye sattsar vert fastsett av Helse dep. med heimel i forskrift om egenandel for kommunale helse og omsorgstenester

\*\*\*) Nye sattsar grunn nyttj anbod og ny leverandør.



Kostnadsdekningsprosent knytt til plansak, kostra funksjon 301, vert endra frå 70% til 65%.

4. Kommunestyret godkjenner nytt Gebyrreglement for 2018 med dei endringar som ligg føre:
  - Nytt punkt 5.9 om gebyr for seksjonering slik det kjem fram i vedlagte Lokale forskrifter om kommunale gebyr 2018:
5. VAR gebyra vert fastsett som følgjer:
  - Vassavgift (årsavgift) auke med 5%
  - Avlaupsavgift (årsavgift) auke med 12%
  - Renovasjonsavgifter auke med 2%
  - Tømming av private tankar/slamavskiljarar auke med 4%
  - Grunnlaget for fastsetjing av tilknytingsgebyra for vatn og avløp skal ikkje aukast for 2018.
  - Gebyr gjenbruksstasjon vert ikkje endra for 2018:

For ytterlegare detaljer vert det vist til FjellVar sitt notat om fastsetjing av VAR-gebyr for 2018 med vedlegg.

Satsane ovanfor er i tråd med gjeldande forskrift og gebyrreglement i Fjell kommune.

FjellVar har mynde til å vedta betalingsattsar for bedriftskundar innanfor renovasjon. Innkrevjing av gebyr skjer 4 gonger pr. år.

6. Tilskottsattsar til ordinære private barnehagar:
  - Driftstilskot små born: Vert rekna ut etter forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar gjeldande frå 01.01.2016.
  - Driftstilskot store born: Vert rekna ut etter forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar gjeldande frå 01.01.2016.
  - Kapitaltilskot: Etter nasjonal sats.

Familiebarnehagar får tilskot etter nasjonale satsar.

Opne barnehagar får tilskot etter nasjonale satsar.

7. Kommunestyret sluttar seg til kommuneplanen sin handlingsdel 2018-2021, med følgjande endring;

<i>Handlingsprogrammet 2018-2021</i>	
<b>Samfunnsutvikling</b>	
1.	Lage "Sentrumsvedtekter" for Straume og Ågotnes.
2.	Kartleggje og planleggje samanhengande gong- og sykkelveg i Fjell kommune, særleg i Straume-området og tilkomstvegane til Straume.
4.	Styrka og vidareutvikla den heilskaplege satsinga for å nedkjempa barnefattigdom i kommunen. Det skal utarbeidast tiltak for å utjamna sosiale forskjellar blant barn og unge, og for å redusera dei negative konsekvensane ved å veksa opp i familiar med vedvarande låginntekt (NYTT PUNKT).

<b>Administrasjons- og organisasjonsutvikling</b>	
5.	Førebu og følgja opp kommunesamanslåing i regionen, med tanke på økonomiske og organisatoriske følgjer, samt å avvikla organisasjonen Fjell kommune.
6.	Gjennomføra brukarundersøkingar annakvart år som ein del av kvalitetsutvikling i tenestene.
<b>Samferdsle</b>	
8.	Fjell kommune skal bidra aktivt i reguleringsplanarbeidet for vegsystema nord/sør.
9.	Starte arbeidet med Miljøgata på Straume, t.d. overgang knytt til almenninga.
10.	Utbetre Fylkesvegane i kommunen i samarbeid med Statens Vegvesen.
<b>Eigdomsforvaltning</b>	
12.	Planlegging og gradvis gjennomføring av standardheving for dei eldre kommunale barnehagane Ulveset, Bildøy, Tussatjødna og Straume. Eiga årleg fordelingssak.
13.	Oppgradera og rehabilitere bygg og uteområde på kommunale skular og barnehagar. Dette inneber også fjerning av asbest og tilrettelegging for universell utforming. Foldnes skule skal prioriterast.
14.	Ruste opp Ågotnes helsehus blant anna for bruk for ny ungdomsklubb.
15.	Planleggja og bygge bustader for personar med store oppfølgingsbehov knytt til rus og psykiatri.
16.	Framskaffa sju husvære i bufellesskap for menneske med psykisk lidning, i tillegg til vidare utbygging som skildra i kommunedelplan for bustadutvikling. Vidare utgreie behov for interkommunalt samarbeid / bustader for menneske med særlege behov / psykisk sjuke.
17.	Etablere fleire omsorgsplassar med heildøgnsbemanning ved Kvednatunet.
18.	Etablere akutt-plassar for ungdom som ikkje kan bu heime. Laga eit ikkje-statleg forsøksprosjekt for ungdomsheim i Fjell kommune.
<b>Helse, sosial og omsorg</b>	
19.	Sikre optimal drift i lokalmedisinsk senter.
21.	Utvikling av eit kompetansesenter for menneske med demenssjukdom ved Kvednatunet. Fysiske og teknologiske endringar i bygg skal, saman med tilpassa kvardagsaktivitetar og til dels nye haldningar, skapa opne og trygge miljø som kan gje glede og trivsel i kvardagen.
22.	Etablere eit døgnopne aksjons-senter lokalisert i Lokalmedisinsk senter. Aksjons-senteret skal vera ein mottakssentral for tryggleiksalarmar og anna

	velferdsteknologi, og svare og vidareformidla telefonar frå innbyggjarane i kommunen. Aksjonssenteret skal aktivisera eit breitt nettverk av aktørar, både offentlege, private, pårørande, vener og frivillige, som kan aksjonera for å møta både akutte og langsiktige behov.
23.	Etablera oppsøkande verksemd for alle innbyggjarar over 75 år for tidleg identifisering av behov, og rettleiing om tiltak.
<b>Barnehage og skule</b>	
24.	Utvikla systematiske språk- og leseaktivitetar i barnehagen i samarbeid med lesesenteret v/Universitetet i Stavanger og som språkkommune i statleg prosjekt.
25.	Forsterka samanhengen i opplæringa frå barnehage til yrkesliv, for å betra læringsutbytte og motverka frå fallet i utdanningsløpet. Implementera «Framtidsskulen i Fjell», eit prosjekt i tråd med nasjonal satsing for den framtidige skulen. Ein sentral del av dette er auka bruk av digital undervisningsform i skulane.
<b>Miljø, klima og beredskap</b>	
27.	Utarbeida felles beredskapsplan for å handtera livstruande valdsepisodar i barnehagar og skular.
<b>Digitalisering</b>	
28.	Vidareføra satsinga på geografiske informasjonssystem (GIS), med oppdatert kartdata og brukarvenlege løysingar.
29.	Etablera digitale tenester og elektronisk kommunikasjonsform som føretrekt kanal mot innbyggjarar og næringsliv (Digitalt førsteval).
30.	Leggja til rette for og innføra heilelektronisk arkiv.
31.	Utvikla bruken av velferdsteknologi som verkty for å auka meistring og eigenomsorg.
<b>Kultur og friluftsliv</b>	
33.	Planlegging av gratis sommeraktivitetar for barn og ungdom i Fjell, Sund og Øygarden.

8. Kommunestyret sluttar seg til Årsbudsjettet for 2018, med følgjande endring;

**Tekstdel:**

Sviktande skatteinntekter, nedgang i veksttilskotet og lågare integreringstilskot fører til at det må gjennomførast store budsjettkutt i heile Fjell-organisasjonen. Situasjonen for Fjell kommune i 2018 vil bli særskilt krevjande og det må gjerast nye prioriteringar innan dei ulike tenesteområda.

Kommunestyret vedtok i sak KS 46/17 at rådmannen «snarast (skulle) setje i gong eit arbeid

med å kartleggje korleis kostnadene i noverande drift fordeler seg i høve til kva som elles er vanleg i kommunar vi kan samanlikna oss med. Dersom rådmannen på bakgrunn av analysane finn at det framleis er grunn for å gjere endringar, ber kommunestyret om at han som del av budsjettopplegget for 2018 legg fram forslag til tiltak som tar sikte på å gje varig endring i fordelinga innanfor heile driftsområdet.»

Rådmannen peikar på at budsjettframlegget er stramt og at sektorane til saman er trekt ned med kr 22,1 mill. Rådmannen seier at dette kan medføre press på ein skilde tenester. Han viser vidare til at han har strekt anslaget for inntektene med 10-15 millionar, og konkluderer med at: «Budsjettet inneheld vesentleg risiko på inntektssida». Med bakgrunn i dette vil kommunestyret ta grep for å sikra at tenestenivået i størst mogeleg grad vert halde på same nivå som i 2017. Det inneber at det må setjast i verk strukturelle tiltak som flytter midlar til den kvalitative delen av tenestene.

### *Skule*

Barn er det viktigaste for framtida vår!

Kommunestyret si målsetting er at Fjell skal ha ein framtidsretta skule der alle barn kan lykkast. Grunnleggjande ferdigheiter innan lesing, skriving og rekning, samt digitale ferdigheiter, er ein føresetnad for at barn og ungdom skal fullføra utdanningsløpet sitt.

Kommunestyret meiner difor at tida er inne for å ta nødvendige grep ved å gjennomføra tiltak som byggjer opp under dei overordna målsettingane våre.

Kommunestyret ber rådmannen sjå på omprioriteringar og innsparingar innanfor ei ramme på kr 15 mill. I vurderinga må ei meir effektiv drift av skulesektoren samla sett leggjast til grunn. I den samla vurderinga må rådmannen også sjå nærare på skulestorleik, elevtalsprognosar, bygningssmasse, og kvaliteten på denne.

Kommunestyret ber også rådmannen vurdere om det vil vera mogeleg å overføra elevar frå Tellnes skule til Skogsvåg skule frå og med hausten 2018. Tellnes skule, ligger tett inntil RV 555 som går sørover til Sund kommune. Veggen har mykje trafikk, og dei fleste barna har i dag tilbod om skuleskyss til og frå skulen. Tellnes skule har i dag 72 elevar fordelt på 1. – 7.klasse og er ein 5-delt barneskule.

Liljevatnet skule har i dag 108 elevar fordelt på 1- 7. klasse. Skuleåret 2018/2019 vil Liljevatnet skule også kunna nyttast som avlastningsskule for elevar frå Bjorøy skule medan den vert rehabilitert. Frå skuleåret 2019/2020 vil det vera i underkant av 100 elevar ved Liljevatnet skule under føresetnad av dagens tilpassa kringsgrenser. Kommunestyret ber rådmannen vurdere om elevane ved Liljevatnet skule kan overførast til Brattholmen eller Hjelteryggen skule frå skuleåret 2019/2020.

I samband med vurderinga må det utarbeidast nye elevtalsprognosar.

I investeringsbudsjettet for 2017 vart det sett av totalt 40 millionar kr til rehabilitering av Skålvik skule. Skulebygget er prega av manglande vedlikehald over svært lang tid. I løpet av året har bygget vorte utbetra noko, men det som er gjort er berre førstehjelp. Det er gjennomført ei tilstandsvurdering som viser at mengda asbest i bygget vil vera ei utfordring ved ei eventuell ombygging.

I tråd med handlingsplanen vert det bede om at rådmannen set i gang arbeid med å sanera asbest på Foldnes og Skålvik skular. Kommunestyret er innstilt på at dette vil innebera at elevar må flyttast til andre skuler medan arbeidet er i gang. For Skålvik skule vil saneringa bli vurdert i ei komande sak om ombygging/renovering av skulen.

På bakgrunn av dette vert dei avsette midlane på kr 40 millionar kr tekne ut av investeringsbudsjettet. Det vert føresett at eit meir omfattande prosjekt vil krevja ei større løyving, noko den nemnde saka vil måtta klårgjera.

Innsparingane på skolestrukturen skal koma elevane til gode ved at innsparte midlar vert nytta innhaldet i skulen. Kommunestyret har difor lagt opp til følgjande tiltak i 2018.

- Skuletur for alle 10.-klassingar med stiftinga «Hvite busser» eller tilsvarande ideell organisasjon
- Ekstra lærar i rekning, lesing og skriving i 1-4. klasse
- Oppretthalda tilbodet med miljøterapeutar.

Det er ein føresetnad frå kommunestyret si side at innsparing frå dei nemnde endringane også skal gje midlar til å halda ved lag tilbodet for dei elevane som treng særleg tilrettelegging for fagleg og sosial utvikling.

Kommunestyret vil også setja i gang bygging av nye undervisningslokale på Fjell Ungdomsskule.

#### *Barnehage*

Kommunestyret ber rådmannen om å sikra at barn med behov for støtte til språk- og integrering held ved lag same nivå som i 2017.

#### *Helse og omsorg*

Den største utfordringa kommunen har framover, er å ruste opp for den venta auken i talet på eldre med omsorgsbehov. Dette fører med seg eit behov for sterk satsing på både institusjonsplassar og hjelp i heimen. Det er viktig å halda fram det arbeidet som er starta med «Sjef i eige liv», inkludert å sikra driftsstart av Lokalmedisinsk senter. Det er også eit overordna mål å arbeida endå meir førebyggjande for at denne gruppa skal vera sjølvhjelpen så lenge som mogeleg. Tiltak må kunna setjast inn på alle trinn i utviklinga av omsorgsbehovet både heime og på institusjonane.

Med bakgrunn i dette ønskjer kommunestyret å styrka satsinga på følgjande område:

- Start av digitalisering av omsorgstenestene
- Innkjøp av hjelpemidlar for varsling, til dømes ringematter
- Tilbakeføra nedtrekket på kr 3.045.000.-
- Leggja til rette for auka aktivitet for eldre på institusjon, t.d. med musikk
- Styrka fokuset på å unngå fallskader både heime og på institusjon.

Kommunestyret ber også om at det blir gjennomført ei ekstern brukarundersøking så tidleg som mogeleg i budsjettperioden for å få fram en status med omsyn til det tilbodet kommunen gir i dag. Det vert føresett at kommunen nyttar ekstern kompetanse og at undersøkinga er anonym.

Posten «Støttetiltak til funksjonshemma» blir styrka med kr 100.000.-. Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne disponerer midlane. Etter grunngjeven søknad kan dei tildelast kulturelle-, sosiale-, ferie- og fritidstiltak som ikkje blir dekkja fullt ut av andre ordningar.

Det vert føresett at rådmannen sitt forslag til nedtrekk på desse områda ikkje vert gjennomførte. Handlingsplanen sitt punkt om vurderingssamtalar med alle over 75 år vert ståande.

### *Sosial/barnevern*

Tenester som vert leverte av barnevernet og sosialetaten har fått eit vesentleg større omfang.

Dette er krevjande, og det er stort behov for å sikra at det er tilstrekkeleg med faglege ressursar i desse tenestene. Det er behov for å tilføra barnevernet høg juridisk kompetanse samt eigen psykolog. Det må også vurderast om ein del av den resterande kompetansen som i dag vert leigd inn, må sikrast ved fast tilsetjing i tenestene.

Satsing på førebyggjande tiltak er viktig for å endra det framtidige behovet for desse tenestene. Mykje godt arbeid vert utført på fleire område innan dette feltet i Fjell. Døme er utviklinga av ei ny rusomsorg med etablering av MO-senteret og oppbygginga av eit etterlengta tilbod til menneske med dobbeltdiagnose (ROP). ROP-huset på Bildøyna står klart for innflytting våren 2018. Dette er eit viktig tiltak for å kunna gi bustad til dei som treng det mest. Det er ei målsetting at ROP-huset kan takast i full bruk når det står ferdig.

Trygg Start er eit samhandlingsprosjekt retta mot nyfødde og foreldre. Trygg Start er et godt døme på korleis eit interaktivt samarbeid mellom barnevern, helsesøstrer, NAV, lege og psykolog, gjennom tidleg innsats, skaper nye og trygge rammer for både barn og foreldre. Dette er eit samarbeid som er eit forbilde for samordning av det totale tenestetilbodet.

Integreringstilskotet er redusert i statsbudsjettet for 2018. Førespurnad om å ta imot fleire flyktningar er redusert til eit minimum. Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det vil vera mogeleg å omdisponera ressursar frå flyktningområdet til rusområdet med tanke på å kunna opna ROP-huset når det er klart.

Kommunestyret ber også om at rådmannen tar initiativ for å få til eit prosjekt der kommunen sjølv får ansvar for barn og unge som i dag utan god grunn vert overførte til statlege institusjonar.

Kommunen har i dag eit slikt ansvar for mindreårige flyktningar.

Kommunestyret ønskjer å setja i gang arbeidet med ein kompetansehevingsplan og start av arbeidet med ein tiltaks- og samhandlingsplan for temaet «vald og overgrep», som også har fokus på dei aller minste barna.

### *Nav/arbeid*

Arbeidsløysa er framleis høg i Fjell. Pr. 30.09.17 var arbeidsløysa på 4,1%. Det er i aldersgruppa 30-39 år vi har flest ledige. I denne gruppa var talet på arbeidsledige 166 pr. 30.09.2017. Det å stå utanfor arbeidsmarknaden er pasifiserande og demotiverande. Langtidsledige som mister dagpengane sine, må søkja sosialhjelp, noko som fører til auka utbetalingar frå kommunen sitt sosialhjelpsbudsjett.

Kommunestyret ber rådmannen, i samarbeid med NAV, å rette ei større merksemd mot arbeidsledige i aldersgruppa 30 – 39 år ved bruk av tiltaksmidlar og tettare oppfølging med mål om å redusera talet på arbeidsledige mellom 30-39 år til eit

### *Kultur*

Kommunestyret ber om at rådmannen legg til rette for Kulturgalla også i 2018.

### Temaområde

*Frivillige lag og organisasjonar*

Frivillig arbeid står sterkt i Fjell, og kommunestyret erkjenner at slik innsats vil vera ein berebjelke mellom anna i framtida sine omsorgstenester. Det kan kort visast til arbeidet i regi av Frivilligsentralen og Aktiv+.

Kommunestyret signaliserer at prosjekt innan denne sektoren vil bli prioriterte ved søknader til prosjektmidlar og anna støtte gjennom dei faste kommunale søknadsordningane. Kommunestyret ønskjer særleg å styrka satsinga på Aktiv+, og det vert gjort framlegg om å setja av 25.000 kroner til dette føremålet.

Det skal snarast utarbeidast eiga sak som skal sjå på kommunens framtidige tilskot til Home Start. Saka skal innehalde ei heilskapsvurdering som til dømes viser korleis kommunen vil ha kontroll med bruken av dei offentlege tilskota.

#### Elektrifisering av transporttenestene i Fjell kommune

Som eit resultat av lengre rekkevidde og fleire ladestasjonar blir el-bilar meir og meir et reelt alternativ til fossilt drivne bilar. Kommunestyret ber om at det vert sett i gang eit arbeid der alle leasa fossile bilar blir bytte ut med el-drivne bilar. Dette for å få på plass ein meir miljøvennleg bilpark, samt å nytta høvet til innsparing ved å nytta elektrisitet i staden for bensin- og dieseldrivne bilar. Det bør også vurderast om det er meir føremålstenleg å investera i eigen bilpark framfor å «leasa».

#### *Eigedomsskatt*

Forslaget til statsbudsjett inneheld framlegg om endringar i eigedomsskattesystemet. Dette omfattar mellom anna grensedraginga mellom «næring» og «verk og bruk». Ei slik endring vil kunna få følgjer for Fjell kommune sitt behov for å tilpassa seg dagens Øygarden for å sikra at den nye kommunen vil ha eit skattegrunnlag som gir den nye kommunen eigedomsskatt frå den landbaserte oljeverksemda. Nye Øygarden vil vera avhengig av eigedomsskatt i drifta i ein lang periode etter samanslåinga.

Departementet føreslår ei ordning som vil kunna innebera at det kan differensierast på ein slik måte at eigedomsskatten ikkje treng å omfatta andre objekt enn petroleumsverksemd slik denne er etablert i Øygarden i dag. Det er nødvendig å få ei avklaring på dette forslaget før

Fjell tek endeleg stilling til korleis kommunen bør tilpassa seg eigedomsskattesystemet fram mot 2020.

På bakgrunn av dette vert satsen for eigedomsskatt ikkje auka i 2018, men kommunestyret gjer merksam på at det kan bli nødvendig med endringar frå 2019.

#### *Barnefattigdom*

Kommunestyret er oppteke av utfordringane som er knytt til aukande barnefattigdom, og for dette området er det i gang arbeid med ein eigen plan, som er venta å koma til behandling i løpet av 2018.

Fjell kommune fekk i 2017 pålegg om å endra praksis med omsyn til finansiering av skuleturar slik at det lovfesta «gratisprinsippet» i skulen blir etterlevd. Som ein følgje av denne endringa ønskjer kommunestyret å leggja til rette for at elevane i 10. klasse kan få delta på ein utanlandstur med sikte på å få auka kunnskap om forholda under 2. verdskrigen. Det vert difor sett av midlar for skulesjefen til å gjera avtale med «Hvite busser» eller tilsvarande organisasjon med ideelle føremål.

#### *Friluftsliv*

I samarbeid med blant anna Bergen og Omland Friluftsråd skal ein vidareføra arbeidet med å utvikla Geitvika til eit attraktivt og tenleg friluft- og badeområde.

*Trafikksikring utover vedtak i Trafikksikringsplanen.*

Det er svært mange barn og unge som ferdast frå Straume sentrum og til aktivitetar i og rundt Sotra Arena. Det er naudsynt å setje inn ekstra midlar for å sikre betre løysingar i Idrettsvegen. Det bes om at rådmannen kjem attende med eiga sak

**Tal-budsjett:**

Tilbakeført eigedomsskatt	-5 400 000
Tilbakeført avkastning fond	-5 000 000
Underskot etter korreksjon i høve til rådmannen sitt forslag	-10 400 000
Endringsforslag AP og H:	
<b>Inndekning drift</b>	
Strukturendringar jf. KS sak 46/17	15 000 000
Bruk av finansielle fond	6 000 000
Frå disposisjonsfond	
<b>Sum inndekning</b>	<b>26 000 000</b>
<b>Overskot etter auke av inntekter</b>	<b>15 600 000</b>
<b>Nye tiltak drift</b>	
Drift LMS	-5 000 000
Skuletur 10. klasse	-1 500 000
Brukarundersøking Helse/Omsorg	-100 000
Utstyr for omsorgstenestene	-1 000 000
Førebygging av fallskader	-100 000
Leige av 4 sjukeheimsplassar	
Start digitalisering omsorg*	-100 000
Omorganisering barnevern/ Trygg Start	-525 000
Aktivitetsterapeutar til institusjonane	-1 500 000
Drift av ROP-huset; rest henta frå omorganisering flyktningar/rus	-1 750 000
Tilbakeført nedtrekk omsorg	-3 045 000
Servicebuss	-805 000
Aktiv+	-25 000
Støttetiltak for funksjonshemma	-100 000
Likestillingsutvalet	-25 000
<b>Sum nye tiltak</b>	<b>-15 575 000</b>
<b>Overskot etter nye tiltak</b>	<b>25 000</b>
<b>Disponering av eigedomsskatt</b>	<b>5 400 000</b>
Til eingongskostnader asbestsanering	-5 000 000
Fjell festning; eingongskostnader sikring	-150 000
<b>Sum bruk av eigedomsskatt</b>	<b>-5 150 000</b>
<b>Udisponert eigedomsskatt</b>	<b>250 000</b>

9. Kommunestyret sluttar seg til Økonomiplan 2018-2021, med følgjande endring;



## Endringer i investeringsbudsjett

AP/H 2018

	Brutto Total løyving	Brutto Tidlegare løyvd	Investeringsprogram 2018-2021 (Alle tal i hele tusen)												
			2018							2019	2020	2021			
			2015	Brutto	Mva komp	Bruk av kap.fond	Tippe-midler	Husb. midlar	Sal eiged.	Låne opptak	Brutto	Brutto	Brutto		
<b>Rådmannen 1000</b>															
Eigenkapitalinnskott pensjon FKP	Årleg	Årleg		8 000								-8 000			
<b>Sum rådmann</b>			-	<b>8 000</b>	-	-	-	-	-	-	-	<b>-8 000</b>	-	-	-
<b>IKT-sjefen 1120</b>															
IT-satsing	Årleg	Årleg	8 000	12 000	-2 400							-8 600	12 000	12 000	12 000
<b>Sum IKT-sjef</b>			8 000	<b>12 000</b>	<b>-2 400</b>	-	-	-	-	-	-	<b>-8 600</b>	<b>12 000</b>	<b>12 000</b>	<b>12 000</b>
<b>Servicetorgsjefen 1130</b>															
Inventar/utstyr	Årleg	Årleg	1 000	4 000	-800							-3 200	1 000	1 000	1 000
Bustader rus	40 000	40 000										-			
Bustader til andre	100 000	60 000		20 000					-8 000			-12 000	20 000		
Bustader til flyktninger	70 000	70 000										-			
<b>Sum servicetorgsjef</b>			1 000	<b>24 000</b>	<b>-800</b>	-	-	-	<b>-8 000</b>			<b>-15 200</b>	<b>21 000</b>	<b>1 000</b>	<b>1 000</b>
<b>Plan- og Eigedomssjefen 4000</b>															
Gravplasser Landro	30 000	1 000	0	9 000	-1 800							-7 200	20 000		
Sotra Arena	0				0							-	0		
Landro skule rehab/utbygg	75 000	62 000	15 000	13 000	-2 600							-10 400			
Lokal medisinsk senter (LMS)	300 000	165 000	0	100 000	-7 864							Byggjelån	35 000		
Sal av CCB-torrt	-82 000	-67 000										-15 000			
Ombygging av ROP-hus på Bildøy	22 000	19 500	5 000	2 500	-500				-750			-1 250			
Utviding barnehagekapasitet Ågotnes	42 000	38 000	13 000	4 000	-800							-3 200			
Utbetring Bjørøy Skule	50 000	2 000		25 000	-5 000							-20 000	23 000		
Utbetring Skålevik skule (Ny sak til KS)	0	0		0	0							0	0	0	
Tomtekjøp	Årleg	Årleg	2 000	2 000								-2 000	2 000	2 000	2 000
Oppgradering Skjenet	2 000	-		2 000	-400							-1 600	-	-	-
Kjøp av Skjenet	15 376	15 376										0			
Ladestasjoner kommunale bygg	4 000	-		2 000	-400							-1 600	2 000		
Etablering av Grennavdeling	1 000	-		1 000	-200							-800			
Reservestrømsprosjekt	11 000	9 000	3 000	2 000	-400							-1 600			
Ombygging/Rehab.bygg	Årleg	Årleg	10 000	15 000	-2 800							-12 200	20 000	15 000	15 000
Tiltak og vidareutvikling Ågotnes Idrettsanlegg	16 000			16 000											
Kommunale kaiar- påkostning	Årleg	Årleg	200	800	-120							-480	600	600	600
Rehab eldre barneh.	16 500	8 000	0	5 500	-1 100							-4 400	3 000		
Trafikksikring	Årleg	Årleg	7 000	7 000	-1 400							-5 600	7 000	7 000	7 000
Vegutbetring	30 000	10 000		10 000	-2 000							-8 000	10 000		
Utbetring av veier	50 000	50 000													
Sartorveien (Miljøgaten)	16 000														
Grennamysvegen	25 000														
Rundkjøring ved kystbygarasje				4 500	-800							-3 600			
Oppgradering Geitvika				1 000											
Trafikksikring gang- og sykkelveg til og frå Sotra Arena				3 000											
<b>Sum plan- og eigedomssjef</b>			<b>55 200</b>	<b>225 100</b>	<b>-28 084</b>	-	-	-	<b>-750</b>	<b>-15 000</b>	<b>-83 930</b>	<b>122 600</b>	<b>24 600</b>	<b>24 600</b>	
<b>Eigedomsskatt</b>															
<b>Total sum</b>			<b>64 200</b>	<b>267 100</b>	<b>-31 284</b>	-	-	-	<b>-8 750</b>	<b>-15 000</b>	<b>-114 730</b>	<b>155 600</b>	<b>37 600</b>	<b>37 600</b>	
<b>Finansiering 2019-2021:</b>															
Mva-komp			-13 735												
Husbankmidlar LMS															
<b>Sum intern finansiering</b>			-13 735												
<b>Låneopptak</b>			-50 465												
<b>Startlån</b>												<b>64 000</b>	<b>40 000</b>	<b>40 000</b>	<b>40 000</b>

Saker som kjem i 2018:		
Betaling parkering		Ikke kjent
Kulvert Sotra turnhall		2 000
Geobrønner Ågotnes		17 000
Ungdomsklubb Ågotnes (Kultur)		1 000
Parkering Fjell festning		20 000
Verneplan Fjell skule		Ikke kjent
Kårtvet skule		Ikke kjent
Mise skule etterbruk		Ikke kjent
Straumsundet bru		27 000
Ebbesvikvegen (farlig skuleveg)		11 000
Fjell u skule paviljong		10 000

10. Kommunestyret gjer vedtak om eit låneopptak for 2018 på kr 111.930.000 til ordinære investeringar, byggjelån LMS med ei låneramme opptil kr 300.000.000 og kr 60.000.000 til vidare utlån (Startlån).



## SAKSPAPIR

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.11.2017	082/17
Kommunestyret	12.12.2017	117/17

Saksansvarleg	Arkiv	Arkivsaknr
Rune Lid	N - 101.6	17/1385 -

### Økonomiplan 2018 -2021 - Budsjett 2018

#### Samandrag av saka:

*Formannskapet skal gje innstilling til kommunestyret om økonomiplan og budsjett.  
Formannskapet sitt framlegg skal leggast ut til off. ettersyn i minst 2 veker før det vert vedteke av kommunestyret på budsjettmøtet den 12. desember 2017.*

#### Saksutgreiing:

Rådmannen viser til utsende budsjettdokument til formannskapet 24.10.17.  
Vedlagt følgjer notat frå rådmannen vedk. spørsmål formannskapet ønskte utgreidd til møtet den 07.11.17.

#### 07.11.2017 Formannskapet:

Rådmannen orienterte om utsendt notat og svara på spørsmål.

Etter drøfting og gruppemøte, la **Jørgen Kausland pva. H/V/AP/SP** fram følgjande fellesframlegg til endringar i høve rådmannen sitt framlegg:

#### Tekstframlegg:

1. Ein viktig føresetnad for vedtaket om endring av skulestrukturen var at større einingar skulle vere meir rasjonelle og effektive å drifte. Dette er heilt naudsynt om ein skal forsvare dei store investeringane som er gjort. Rådmannen startar arbeid med norm for bemanning i skulane med sikte på å få denne innarbeidd til skulestart 2018.

2. Vidareføring av stillingsstopp for 2018. All volumauke skal godkjennast av kommunestyret i

samsvar med delegasjonsreglementet. Formannskapet vert førebunde organ.

3. Rådmannen skal rapportere jamleg til administrasjonsutvalet om status på årsverk i kommunen

4. Nordsjøfartmuseet - tilskot til jubileumsarrangement er inkludert i auken museet får

5. Tilskot til Sund Sportsklubb - det må lagast ein overordna plan før gjennomføring av tiltaket. Sund SK må vise til eiga finansiering før ein kan gå i gang. Dette tiltaket er basert på idrettsrådet si tilråding. Framtidige tiltak kan ikkje gjennomførast før det føreligg ein overordna plan for idrettsanlegg.

### **Budsjettendringar:**

#### Uttrekk

Binde lån/bruke dagens nivå – innsparingspotensiale med å kunne budsjettere meir nøyaktig – 500 000

Reduksjon avsetnad til disposisjonsfond -2 000 000

Auka skatteanslaget + 1 000 000

Stoppe stillingar som det ikkje føl pengar med i budsjett, eller som ikkje er godkjend i ADM utvalet 2017, eller som ikkje er lovpålagt – reduksjon kostnadar 1 000 000

Ikkje evaluere kommunekompasset: -150 000

Auke innsparing skule: 2018: -400 000, 2019-21: -600 000

Skule i Spildepollen, liten hall og 200 elevar. Renter og avdrag: -4 327 796

#### Nye prioriteringar

Tilskot Sund sportsklubb – 3,1 millioner frå drift i 2018, og mellomfinansiering av spelemidlar i 2019-21

Stilling i ungdomskontoret +717 525

Auke kulturmidlar +200 000

Ny skule i Spildepollen: stor hall og 300 elevar. Renter og avdrag: +6 880 000

Fotballbane i Spildepollen. Renter og avdrag + 540 000

Tiltak 1820 - Endre organisering av legekantoret + 500 000

Linjetype	Linjenavn	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
		2018	2019	2020	2021
Sum	Merforbruk/mindreforbruk	-1 162 106	-85 678	-443 909	-387 226
<b>UTTREKK</b>					
	LÅGARE RENTE KNYTT TIL INVESTERNGAR	- 500 000	- 500 000	- 500 000	- 500 000
	REDUSERT AVSETNING TIL DISPOSISJONSFOND	- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 000 000
	AUKA SKATTEANSLAG	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000
	STOPPE STILLINGAR UTAN GODKJENNING	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000
	IKKJE EVALUERE KOMMUNEKOMPASS	- 150 000	- 150 000	- 150 000	- 150 000
	REDUSERT TILSKOT TIL NORDSJØFARTSMUSEET	-	-	-	-
	SKULE ALT. 200 ELEVAR - MINDRE HALL 16*24	0	-1471790	4 327 796	4 327 796
	Innsparing Oppvekst	-400000	-600000	600 000	600 000
	<b>SUM</b>	<b>- 5 050 000</b>	<b>- 6 721 790</b>	<b>- 9 577 796</b>	<b>- 9 577 796</b>
<b>NYE</b>					
	TILSKOT SUND SPORTSKLUBB	3 100 000	175 000	175 000	175 000
	STILLING I UNGDOMSKONTOR	717 525	717 525	717 525	717 525
	AUKE KULTURMIDLAR	200 000	200 000	200 000	200 000
	NY SKULE ALT. 300 ELEVAR OG STOR HALL	-	2 167 755	6 880 000	6 880 000
	FOTBALLBANE	-	255 000	540 000	540 000
	TILTAK 1820 - Endre organisering av legekantoret	500 000	500 000	500 000	500 000
	<b>SUM</b>	<b>4 517 525</b>	<b>4 015 280</b>	<b>9 012 525</b>	<b>9 012 525</b>
	NETTO EFFEKT AV TILTAK (H, V, AP, SP)	- 532 475	- 2 706 510	- 565 271	- 565 271
	<b>NYTT MINDREFORBRUK (H, V, AP, SP)</b>	<b>- 1 694 581</b>	<b>- 2 792 188</b>	<b>- 1 009 180</b>	<b>- 952 497</b>
	NETTO DRIFTSRESULTAT (I)	-9 054 799	-7 978 371	-8 336 602	-8 279 919
	ENDRINGAR NETTO DRIFTSRESULTAT	1 467 525	706 510	1 434 729	1 434 729
	<b>NYTT DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-7 587 274</b>	<b>-8 684 881</b>	<b>-6 901 873</b>	<b>-6 845 190</b>

Fellesframlegget vart vedteke samrøystes.

Ordføraren refererte framlegg til budsjettvedtak, som vart vedteke samrøystes, med dei vedtekne endringsframlegga.

## F- 082/17 Vedtak:

### Framlegg frå formannskapet (samr.):

1. Kommunestyret vedtek budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021 slik det framgår av vedlagde dokument med formannskapet sine endringsframlegg.

Driftsbudsjettet balanserer med driftsinntekter 511 004 121 kr., driftsutgifter (eks. avskrivningar) 484 175 204 kr., netto finansutgifter 19 241 643 kr., netto fondstransaksjonar 5 892 693 kr. og rekneskapsmessig mindreforbruk 1 694 581 kr.

2. Kommunestyret vedtek investeringstiltaka slik dei framgår av rådmannen sitt framlegg med formannskapet sine endringar. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån i samsvar med godkjent låneramme i investeringsbudsjett for 2018. Før investeringstiltaka vert sette i gang, skal kommunestyret godkjenne endeleg prosjektplan for dei einskilde prosjekt.

3. Ved utskriving av kommuneskatt for 2018 vert høgaste lovlege satsar på inntekt og eiga lagt til grunn.

4. For eigedomsskatteåret 2018 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3, første ledd bokstav a.

Ved utskriving av eigedomsskatt for 2018 vert skattesatsen fastsett til 2 promille, jfr. eigedomsskattelova § 11, 1. ledd.

Retningsliner for utlikning av eigedomsskatt i Sund kommune, vedtekne av kommunestyret 11.02.2008, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2018, jf. eigedomsskattelova § 10.

Skattetakstane frå og med 2008 vert vidareført som grunnlag for utskriving av eigedomsskatt for 2018, jf. eigedomsskattelova § 8A-4.

Eigedomsskatten vert, som tidlegare, utskriven i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, 1. ledd.

5. Kommunale avgifter, gebyr og eigenbetalingar vert justert med inntil 2,6 % frå 01. januar 2018 i samsvar med statlege føringar for løns- og prisstigning. Dette gjeld og foreldrebetaling i SFO. Foreldrebetaling i barnehage vert justert i samsvar med gjeldande makspris frå 01. januar 2018. Eigenbetaling for omsorgstenester vert regulert i samsvar med statlege føringar og G-regulering. Gebyrsatsar for vatn/avløp/slamtømming og renovasjon vert fastsett i egne kommunestyrevedtak.

6. Kommunestyret vedtek å ta opp startlån i Husbanken for vidare utlån med inntil 10 mill. kr. i 2018. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkår.

7. Kommunestyret vedtek at Sund kommune tek imot 10 flyktningar i 2018, jf. oppmoding i brev frå IMDi av 06.11.2017. Kommunestyret ber rådmannen i løpet av 1. kvartal 2018 koma attende med framlegg til budsjettjustering som følgje av reduksjon i flyktningmottak i 2018 i høve til budsjett.

8. Ein viktig føresetnad for vedtaket om endring av skulestrukturen var at større einingar skulle vere meir rasjonelle og effektive å drifte. Dette er heilt naudsynt om ein skal forsvare dei store investeringane som er gjort. Rådmannen startar arbeid med norm for bemanning i skulane med sikte på å få denne innarbeidd til skulestart 2018.

9. Vidareføring av stillingsstopp for 2018. All volumauke skal godkjennast av kommunestyret i samsvar med delegasjonsreglementet. Formannskapet vert førebuande organ.

10. Rådmannen skal rapportere jamleg til administrasjonsutvalet om status på årsverk i kommunen.

11. Nordsjøfartmuseet - tilskot til jubileumsarrangement er inkludert i auken museet får.

12. Tilskot til Sund Sportsklubb - det må lagast ein overordna plan før gjennomføring av tiltaket. Sund SK må vise til eiga finansiering før ein kan gå i gang. Dette tiltaket er basert på idrettsrådet si tilråding. Framtidige tiltak kan ikkje gjennomførast før det føreligg ein overordna plan for idrettsanlegg.

#### **12.12.2017 Kommunestyret:**

Budsjettrapport Økonomisk oversikt investering 2018 - 2021 (formannskapet sitt framlegg) vart utdelt på møtet.

#### **Fellesframlegg frå Høgre/V/FRP v/Jørgen Kausland:**

Framlegg til endringar:

**Skatteanslag:**

Redusert med 1 mill. i 2018 og 500 000 i 2019.

**Investerings tiltak nr. 28 – Utviding av Stranda skule 2018-2019**

Stranda skule vart planlagt som ein 2-parallell skule. Det går fram av innspel og saksutgreiing at det er for lite arbeidsplassar for dei tilsette, men det er også foreslått å byggje ekstra klasseromskapasitet utan at dette er særleg godt grunngeve. Tiltaket med ombygging og utbygging har ikkje vore handsama av kommunestyret tidlegare, men foreslått frå administrasjonen som eit tiltak i budsjettprosessen. I innspelet til kommunestyret i samband med offentleg ettersyn, kan det sjå ut som tiltaket ikkje er tilstrekkeleg forankra blant dei tilsette. Tiltaket ligg inne med verknad i 2018, men før kommunestyret kan gjere endeleg vedtak om investerings tiltaket må rådmannen koma tilbake med ein heilskapleg plan for utviding av lærararealet ved skulen. Dei tilsette vert involvert i denne planlegginga.

**Tiltak 1820 – Endra organisering av legetenesta.**

Kommunestyret finn det ikkje hensiktsmessig å prioritere dette tiltaket no. Ein må sjå ei slik organisering i samanheng med kommunereform arbeidet. Legetenestene i Fjell, Sund og Øygarden er organisert ulikt og derfor må ein gjere ei nærare utgreiing av framtidig organisering før eit slikt tiltak vert prioritert.

**Investerings tiltak nr. 29 – Forprosjekt og nytt bygg for driftsavdelinga i Midtstegen 2018-2019.**

Kommunestyret finn det ikkje hensiktsmessig å prioritere dette tiltaket no. Ein må sjå på organiseringa av driftsavdelinga i samanheng med kommunereform arbeidet. I tillegg har brannvesenet signalisert eit behov for ny brannstasjon i Skogsskiftet. Her er det kanskje moglegheiter for felles planlegging. Eit slikt prosjekt må ein finne rom for i ordinær drift.

Nye/endra tekstpunkt:

**Endra punkt 7:**

Kommunestyret vedtek at Sund kommune tek imot 10 flyktningar i 2018, jf. oppmoding i brev frå IMDi av 06.11.2017. Med bakgrunn i framlegget i statsbudsjettet om å auka talet på kvoteflyktningar i 2018, ber kommunestyret rådmannen gå i dialog med IMDi og signalisere at Sund kommune ønskjer å ta imot 5 kvoteflyktningar, slik at det totale talet for 2018 vert 15 flyktningar. Kommunestyret ber rådmannen i løpet av 1. kvartal 2018 koma attende med framlegg til budsjettjustering som følgje av eventuell reduksjon i flyktningmottak i 2018 i høve til budsjett.

**Endra punkt 8:**

Ein viktig føresetnad for vedtaket om endring av skulestrukturen var at større einingar skulle vere meir rasjonelle og effektive å drifte. Dette er heilt naudsynt om ein skal forsvare dei store investeringane som er gjort. Ved omlegging til ein meir effektiv skulestruktur skal målet vere å drive skulen i Sund til ein kostnad som ligg på landssnittet pr. elev eller lågare. Rådmannen legg fram ein plan med eventuelle konsekvensar ved innføring av ny nasjonal bemanningsnorm i løpet av første halvår 2018.

**Endra punkt 9:**

Vidareføring av stillingsstopp for 2018. All volumauke skal godkjennast av kommunestyret i samsvar med delegasjonsreglementet. Formannskapet vert førebuande organ.

Godkjende stillingar for 2018 skal anten vere:

- Godkjend av administrasjonsutvalet i 2017
- Fullfinansiert med eksterne midlar
- Lovpålagt eller direkte øyremerka i overføringar frå staten
- Vald inn av kommunestyret som vald tiltak i budsjett

**Nytt punkt 12:**

Sund kommunestyre legg opp til ei investering i idrettsanlegg dei neste to åra. Prioriteringane vert som følgjer:

2018	2019
Klubbhus Skogsvåg IL – 1.350.000	Stor hall Spildepollen skule - 21.000.000
Kunstgras Sund SK – 3.100.000	Fotballbane Spildepollen skule - 9.000.000
Forskot spelemidlar Sund SK – 3.100.000	
Totalt: 7.550.000	Totalt: 30.000.000

For 2018 vert inndekning gjort via lån, på same måte som ein ytte lån til Soknerådet.

For 2019 vert investeringa gjort som ein del av skuleetableringa i Spildepollen.

Før ein kan gje tilskot til Sund SK og Skogsvåg IL må dei vise til ein heilskapleg plan og eiga finansiering for tiltaket.

Denne planen strekkjer seg 2 år fram i tid. Tiltak etter 2020 må planleggjast i den nye kommunen. Idrettsrådet vert oppmoda om å gå i dialog med klubbane i Sund for planleggje korleis ein kan samla seg for å sikre vidare utvikling av idrettsanlegg i den søre delen av nye Øygarden kommune.

#### **Nytt punkt 13:**

Sund kommunestyre føl budsjett lag fram av Øygarden Brann & Redning IKS. Dette er eit nytt selskap med oppstart frå 1. januar 2018 etter samanslåinga av Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen. Eigarbrøken er endra slik at tal frå 2017 ikkje kan samanliknast med tidlegare år. Vi ynskjer at selskapet skal få ein god start med omsyn til oppgåver og ressursar. Øygarden kommune har innstilt på å følgje budsjettframlegget frå styret.

#### **Nytt punkt 14:**

Sund kommunestyre set av 250.000 kr til tiltak for eldre. Eit tiltak kan til dømes vere aktivitør på Sundheimen. Saksgruppe levekår får i oppgåve å utarbeide ein plan for desse midlane. Saksgruppa går i dialog med eldrerådet for å sikre ei god prioritering.

#### **Nytt punkt 15:**

Det er viktig at vi nyttar dei kommunale ressursane rett. Tidleg innsats er nemnd som eit viktig satsingsområde i Sund. Sund kommunestyre ber rådmannen komme tilbake med ei evaluering av ungdomskontoret i løpet av første halvår 2018. Ei vidareføring av ungdomskontoret vil avhenge av denne evalueringa.

#### **Framlegg frå AP/SP v/Jogeir Sognæs til nytt pkt. 14:**

Sund kommune set av 750 000 kr til aktivitør for eldre i kommunen.

#### **Votering:**

Ordføraren gjorde framlegg om voteringsmåte og rekkefølge. Det var ikkje merknader til den føreslegne voteringsmåten.

Det vart først røysta punktvis over nytt **talframlegg** frå Høgre/V/FRP, sett opp mot rådmannen sitt framlegg:

#### **Uttrekk:**

Lågare rente knytt til investeringar: 19 mot 2 røyster (1 AP + SV)

Redusert avsetning til disp.fond: 20 mot 1 røyst (SV)

Skatteanslag: 19 mot 2 røyster (1 AP + SV)

Stillingsstopp, jf. tekstpkt. 9 : 18 mot 3 røyster (SV/SP)

Eval. kommunekompass: 19 mot 2 røyster (1 AP + SV)

Skule alt. 200 elevar - mindre hall: 19 mot 2 røyster (1 AP + SV)

Innsparing oppvekst: 19 mot 2 røyster (1 AP + SV)  
Tiltak nr 29 i inv.planen går ut: 19 mot 2 røyster (1 AP + SV)

**Nye tiltak:**

Tiltak nr. 1821 Tilskot til Øygarden brann og redning IKS: 19 mot 2 røyster (1 AP + SV)

Tilskot til idrett 2018: 20 mot 1 røyst (AP)

Stilling ungdomskontor halvår 2018: fellesframlegget vedteke samrøystes

Auke kulturmidlar: fellesframlegget vedteke samrøystes

Ny skule alt. 300 elevar og stor hall: 19 mot 2 røyster (1 AP + SV)

Fotballbane i Spildepollen: 19 mot 2 røyster (1 AP + SV)

Under punktet *Tiltak for eldre* vart røysta alternativt over Høgre/V/FRP sitt framlegg og AP/SP sitt framlegg.

Høgre/V/FRP sitt framlegg vart vedteke med 11 mot 10 røyster. Mindretalet (AP, SP, KRF, SV) røysta for AP/SP sitt framlegg.

Det vart deretter røysta over **tekstframlegg frå Høgre/V/FRP** såleis:

Tiltak 1820 - Endra organisering av legetenesta:

Framlegget vart vedteke samrøystes.

Investeringsiltak nr 28 - Utviding av Stranda skule 2018 - 2019:

Vedteke med 19 mot 2 røyster (1 AP + SV)

Investeringsiltak nr. 29 - Forprosjekt og nytt bygg for driftsavdelinga i Midstegen 2018-2019:

Vedteke med 19 mot 2 røyster (1 AP + SV).

Pkt. 1 - 6 i formannskapet sitt framlegg vart deretter vedtekne samrøystes, med dei endringar og merknader kommunestyret har gjort ovanfor.

Det vart deretter røysta over endringsframlegga frå H/V/FRP til tekstpunktta i formannskapet sitt framlegg og framlagde tilleggspunkt 13 - 15:

Endra pkt. 7:

Vedteke samrøystes

Endra pkt. 8:

Vedteke samrøystes

Endra pkt. 9:

Vedteke med 18 mot 3 røyster (SP/SV)

Pkt. 10 og 11 i formannskapet sitt framlegg vart vedtekne samrøystes.

Nytt pkt. 12:

Fellesframlegget frå H/V/FRP vart vedteke med 19 mot 2 røyster (1 AP + SV).

Nytt pkt. 13:

Fellesframlegget frå H/V/FRP vart vedteke samrøystes

Nytt pkt. 14:

Alternativ votering over fellesframlegget frå Høgre/V/FRP og AP/SP sitt framlegg:

Høgre/V/FRP sitt framlegg vedteke med 11 røyster. Mindretalet 10 røyster (AP/SP, KRF, SV) røysta for AP/SP sitt framlegg.

Nytt pkt. 15:

Fellesframlegget frå H/V/FRP vart vedteke samrøystes



## **K- 117/17 Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021 slik det framgår av vedlagde dokument med kommunestyret sine endringsframlegg og merknader.

Driftsbudsjettet balanserer med driftsinntekter 510 004 121 kr., driftsutgifter (eks. avskrivningar) 481 286 442 kr., netto finansutgifter 19 237 314 kr., netto fondstransaksjonar 9 480 365 kr.

Mindreforbruk 3 587 672 kr. er i budsjett for 2018 budsjettert til fond, og er difor inkludert i netto fondstransaksjonar.

2. Kommunestyret vedtek investeringstiltaka slik dei framgår av rådmannen sitt framlegg med kommunestyret sine endringar og merknader. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån i samsvar med godkjent låneramme i investeringsbudsjett for 2018. Før investeringstiltaka vert sette i gang, skal kommunestyret godkjenna endeleg prosjektplan for dei einskilde prosjekt.

Stranda skule vart planlagt som ein 2-parallell skule. Det går fram av innspel og saksutgreiing at det er for lite arbeidsplassar for dei tilsette, men det er også foreslått å byggje ekstra klasseromskapasitet utan at dette er særleg godt grunngeve. Tiltaket med ombygging og utbygging har ikkje vore handsama av kommunestyret tidlegare, men foreslått frå administrasjonen som eit tiltak i budsjettprosessen. I innspelet til kommunestyret i samband med offentleg ettersyn, kan det sjå ut som tiltaket ikkje er tilstrekkeleg forankra blant dei tilsette. Tiltaket ligg inne med verknad i 2018, men før kommunestyret kan gjere endeleg vedtak om investeringstiltaket, må rådmannen koma tilbake med ein heilskapleg plan for utviding av lærararealet ved skulen. Dei tilsette vert involvert i denne planlegginga.

3. Ved utskriving av kommuneskatt for 2018 vert høgaste lovlege satsar på inntekt og eiga lagt til grunn.

4. For eigedomsskatteåret 2018 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3, første ledd bokstav a.

Ved utskriving av eigedomsskatt for 2018 vert skattesatsen fastsett til 2 promille, jfr. eigedomsskattelova § 11, 1. ledd.

Retningslinjer for utlikning av eigedomsskatt i Sund kommune, vedtekne av kommunestyret 11.02.2008, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2018, jf. eigedomsskattelova § 10.

Skattetakstane frå og med 2008 vert vidareført som grunnlag for utskriving av eigedomsskatt for 2018, jf. eigedomsskattelova § 8A-4.

Eigedomsskatten vert, som tidlegare, utskriven i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, 1. ledd.

5. Kommunale avgifter, gebyr og eigenbetalingar vert justert med inntil 2,6 % frå 01. januar 2018 i samsvar med statlege føringar for løns- og prisstigning. Dette gjeld og foreldrebetaling i SFO. Foreldrebetaling i barnehage vert justert i samsvar med gjeldande makspris frå 01. januar 2018. Eigenbetaling for omsorgstenester vert regulert i samsvar med statlege føringar og G-regulering. Gebyrsatsar for vatn/avløp/slamtømming og renovasjon vert fastsett i egne kommunestyrevedtak.

6. Kommunestyret vedtek å ta opp startlån i Husbanken for vidare utlån med inntil 10 mill. kr. i 2018. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkår.

7. Kommunestyret vedtek at Sund kommune tek imot 10 flyktningar i 2018, jf. oppmoding i brev frå IMDi av 06.11.2017. Med bakgrunn i framlegget i statsbudsjettet om å auka talet på kvoteflyktningar i 2018, ber kommunestyret rådmannen gå i dialog med IMDi og signalisere at Sund kommune ønskjer

å ta imot 5 kvoteflyktningar, slik at det totale talet for 2018 vert 15 flyktningar. Kommunestyret ber rådmannen i løpet av 1. kvartal 2018 koma attende med framlegg til budsjettjustering som følgje av eventuell reduksjon i flyktningmottak i 2018 i høve til budsjett.

8. Ein viktig føresetnad for vedtaket om endring av skulestrukturen var at større einingar skulle vere meir rasjonelle og effektive å drifte. Dette er heilt naudsynt om ein skal forsvare dei store investeringane som er gjort. Ved omlegging til ein meir effektiv skulestruktur skal målet vere å drive skulen i Sund til ein kostnad som ligg på landsnittet pr. elev eller lågare. Rådmannen legg fram ein plan med eventuelle konsekvensar ved innføring av ny nasjonal bemanningsnorm i løpet av første halvår 2018.

9. Vidareføring av stillingsstopp for 2018. All volumauke skal godkjennast av kommunestyret i samsvar med delegasjonsreglementet. Formannskapet vert førebuande organ.

Godkjende stillingar for 2018 skal anten vere:

- Godkjend av administrasjonsutvalet i 2017
- Fullfinansiert med eksterne midlar
- Lovpålagt eller direkte øyremarka i overføringar frå staten
- Vald inn av kommunestyret som vald tiltak i budsjett

10. Rådmannen skal rapportere jamleg til administrasjonsutvalet om status på årsverk i kommunen.

11. Nordsjøfartmuseet - tilskot til jubileumsarrangement er inkludert i auken museet får.

12. Sund kommunestyre legg opp til ei investering i idrettsanlegg dei neste to åra. Prioriteringane vert som følgjer:

2018	2019
Klubbhus Skogsvåg IL – 1.350.000	Stor hall Spildepollen skule - 21.000.000
Kunstgras Sund SK – 3.100.000	Fotballbane Spildepollen skule - 9.000.000
Forskot spelemidlar Sund SK – 3.100.000	
Totalt: 7.550.000	Totalt: 30.000.000

For 2018 vert inndekning gjort via lån, på same måte som ein ytte lån til Soknerådet.

For 2019 vert investeringa gjort som ein del av skuleetableringa i Spildepollen.

Før ein kan gje tilskot til Sund SK og Skogsvåg IL må dei vise til ein heilskapleg plan og eiga finansiering for tiltaket.

Denne planen strekkjer seg 2 år fram i tid. Tiltak etter 2020 må planleggjast i den nye kommunen. Idrettsrådet vert oppmoda om å gå i dialog med klubbane i Sund for planleggje korleis ein kan samla seg for å sikre vidare utvikling av idrettsanlegg i den søre delen av nye Øygarden kommune.

13. Sund kommunestyre føl budsjett lag fram av Øygarden Brann & Redning IKS. Dette er eit nytt selskap med oppstart frå 1. januar 2018 etter samanslåinga av Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen. Eigarbrøken er endra slik at tal frå 2017 ikkje kan samanliknast med tidlegare år. Vi ynskjer at selskapet skal få ein god start med omsyn til til oppgåver og ressursar. Øygarden kommune har innstilt på å følgje budsjettframlegget frå styret.

14. Sund kommunestyre set av 250.000 kr til tiltak for eldre. Eit tiltak kan til dømes vere aktivtør på

Sundheimen. Saksgruppe levekår får i oppgåve å utarbeide ein plan for desse midlane. Saksgruppa går i dialog med eldrerådet for å sikre ei god prioritering.

15. Det er viktig at vi nyttar dei kommunale ressursane rett. Tidleg innsats er nemnd som eit viktig satsingsområde i Sund. Sund kommunestyre ber rådmannen komme tilbake med ei evaluering av ungdomskontoret i løpet av første halvår 2018. Ei vidareføring av ungdomskontoret vil avhenge av denne evalueringa.



## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet (FS)	16.11.2017	072/17
Eldrerådet (ER)	27.11.2017	024/17
Ungdomsrådet (UR)	28.11.2017	026/17
Utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS)	30.11.2017	112/17
Utval for Levekår (UFL)	04.12.2017	058/17
Arbeidsmiljøutvalet (AMU)	30.11.2017	029/17
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RFF)	04.12.2017	028/17
Administrasjonsutvalet (ADMU)	06.12.2017	015/17
Kommunestyret (KS)	13.12.2017	078/17

Arkiv: FE - 150

Sakshandsamar: Åse Vik

Arkivsaknr: 16/1240 - 32

### Budsjett 2018 - Økonomiplan 2018-2021

#### Kort om saka:

Rådmannen legg fram årsbudsjettet for 2018 og økonomiplan for perioden 2018– 2021. Vedtak om eigedomsskatt og låneopptak inngår i saka. Budsjettframlegget er vidareføring av driftsbudsjettet for 2017, oppfølging av politiske vedtak og satsingar, framlegg til nye tenestemål og nye drifts- og investeringstiltak. Netto driftsresultatet utan nye tiltak, og før avsetnad til investering og fond er på om lag 39 mill kr, 7 prosent av driftsinntektene. Forslaget er å disponera 7,1mill kr til nye driftstiltak i 2018. 30 mill kr vert tilrådd overført til investering. Det resterande vert tilrådd overført til fond. I økonomiplanperioden vert det lagt opp til å overhalda regelen om 30 mill kr overført til investering, og å nytta fondsavsetnad til å saldera budsjettet. Grunna varsla omlegging i eigedomskattereglane vert det lagt opp til kontorjustering i 2018 når det gjeld utskriving av eigedomsskatt. Gebyr- og brukarbetaling vert lagt fram i eiga sak parallelt med budsjettsaka.

#### Dokument vedlagt saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
22.09.2017	Budsjettframlegg 2018 Øygarden kyrkjelege felle råd	50314
22.09.2017	Budsjett 2018 - Øygarden kyrkjelege felle råd	50315
09.10.2017	Kystmuseet - Søknad om driftsstønad for 2018	51115
08.11.2017	Budsjett 2018 - Økonomiplan 2018-2021 - Tekstdokument	51805

	- Rådmannen sitt framlegg	
17.11.2017	Driftstilpassingsoppdrag - redusera drifta for åra 2018 - 2019 (L)(81094) (86672)	54139
13.10.2017	Tabell rammetilskot og skatt Hordaland	51758
04.12.2017	Uttale til budsjett 2018 frå utdanningsforbundet	55293

### **Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:**

- Kommunelova
- Eigedomsskattetakstlova (esktl)
- Kommunal regnskapsskikk nr 4 – Avgrensing mellom drift- og investeringsregnskap
- Framlegg til statsbudsjett 2018
- Kommuneplanen – samfunnsdelen 2014 – 2022
- Økonomiplan 2017 - 2020, samt andre politiske vedtak

### **Saksopplysningar**

#### **Innleiing**

Rådmannen legg med dette fram årsbudsjettet for 2018 med økonomiplan for perioden 2018-2021. Økonomiplanen 2018-2021 er Øygarden kommune sitt verktøy for langsiktig planlegging. Planen følgjer opp strategiar og handlingsprogram frå samfunnsdelen i kommuneplanen og økonomiplanen 2017-2020. Budsjett med økonomiplan skal stetta strategiske og langsiktige behov for å møte samfunnsmessige utfordringar kommunen har føre seg. Økonomiplanen omfattar åra 2020 – 2021 og skal danna grunnlag for budsjettarbeidet i den nye kommunen.

Kommunestyret skal i samband med budsjettet gjera vedtak om kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt det kommande året jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 10. Øygarden kommune har sidan 1992 nytta høgaste skattesats, 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd. I Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett er det varsla omlegging i eigedomskattereglane frå 2019, noko som vil medføra retaksering og nytt skattegrunnlag.

Det vart vedtatt nye forskrifter for gebyr i 2017. Sak med forslag til satsar for 2018 vert lagt fram i eiga sak parallelt med budsjettsaka.

#### **Innhaldet i budsjettet**

Forslag til budsjett 2018 inneheld tekst- og taldel til drift og investeringar. Taldelen av budsjettet inneheld konsekvensjustert budsjett, dvs vidareføring av drifta frå 2017 samt politiske vedtak som får budsjettkonsekvensar. Framlegg til nye driftstiltak inngår ikkje i taldelen, men ligg føre i eigen tabell og er nærare skildra i budsjettdokumentet.

Innspel og dokument som vedkjem budsjettet er vedlagt saka. Mål i økonomiplanperioden 2018-2021 er i hovudsak basert på indikatorar i Kommunebarometeret. Dette er gjort for å kunne samanlikna kommunen med andre, og for å kunne samanlikna med oss sjølv over tid.

Vedlagt saka følgjer óg brev frå:

- *Fylkesmannen om opplegget for kommunane 2018*
- *Øygarden kyrkjelege fellesråd med budsjettframlegg for 2018*
- *Kystmuseet med budsjettframlegg for 2018*

Budsjettframlegg frå kontrollutvalet vert handsama i eiga sak; «Budsjett 2018 for kontroll og tilsynsarbeidet i Øygarden kommune».

## Driftsbudsjett 2018 med økonomiplan 2018-2021 (tal i heile tusen)

	Rekne- skap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Brukarbetalingar	-15 645	-16 582	-15 590	-15 590	-15 590	-15 590
Andre sals- og leieinntekter	-49 230	-48 191	-46 730	-46 730	-46 730	-46 730
Overføringar med krav til motyting	-75 080	-41 864	-45 790	-45 790	-45 790	-45 790
Rammetilskot	-145 623	-141 802	-154 428	-154 428	-154 428	-154 428
Andre statlige overføringar	-22 649	-13 919	-11 473	-11 473	-11 473	-11 473
Andre overføringar	-222	-60	-60	-60	-60	-60
Skatt på inntekt og formue	-116 933	-127 642	-126 976	-126 976	-126 976	-126 976
Eigedomsskatt	-150 813	-153 963	-154 957	-154 957	-154 957	-154 957
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER (B)</b>	<b>-576 196</b>	<b>-544 023</b>	<b>-556 004</b>	<b>-556 004</b>	<b>-556 004</b>	<b>-556 004</b>
Lønnsutgifter	259 746	243 369	239 110	239 110	239 110	239 110
Sosiale utgifter	63 025	65 072	62 079	62 079	62 079	62 079
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm tenesteprod	78 481	76 364	63 559	63 559	63 559	63 559
Kjøp av varer og tenester som erstatter komm tenesteprod	48 818	46 163	55 357	55 357	55 357	55 357
Overføringar	42 802	52 298	56 011	56 011	56 011	56 011
Avskrivningar	24 690	40 423	37 819	37 819	37 819	37 819
Nye tiltak (sjå eiga liste)			7 105	32 175	23 600	17 500
Fordelte utgifter	0	-4 134	-134	-134	-134	-134
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER (C)</b>	<b>517 561</b>	<b>519 556</b>	<b>520 906</b>	<b>545 976</b>	<b>537 401</b>	<b>531 301</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)</b>	<b>-58 634</b>	<b>-24 467</b>	<b>-35 098</b>	<b>-10 028</b>	<b>-18 603</b>	<b>-24 703</b>
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-4 603	-4 430	-4 894	-4 894	-4 894	-4 894
Mottatte avdrag på utlån	-86	-85	-125	-125	-125	-125
<b>SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER (E)</b>	<b>-4 689</b>	<b>-4 515</b>	<b>-5 019</b>	<b>-5 019</b>	<b>-5 019</b>	<b>-5 019</b>
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	7 944	15 172	11 605	11 605	11 605	11 605
Avdrag på lån	25 892	32 214	37 070	37 070	37 070	37 070
Utlån	80	300	300	300	300	300
<b>SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER (F)</b>	<b>33 916</b>	<b>47 686</b>	<b>48 975</b>	<b>48 975</b>	<b>48 975</b>	<b>48 975</b>
<b>RESULTAT EKSTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER</b>	<b>29 227</b>	<b>43 171</b>	<b>43 956</b>	<b>43 956</b>	<b>43 956</b>	<b>43 956</b>
Motpost avskrivningar	-24 690	-40 423	-37 819	-37 819	-37 819	-37 819
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT (I)</b>	<b>-54 097</b>	<b>-21 719</b>	<b>-28 961</b>	<b>-3 891</b>	<b>-12 466</b>	<b>-18 566</b>
Bruk av disposisjonsfond	-4 550	0	0	-23 171	-14 596	-8 496
Bruk av bundne fond	-1 800	-4 000	-3 684	-3 684	-3 684	-3 684
<b>SUM BRUK AV AVSETNINGAR (J)</b>	<b>-6 350</b>	<b>-4 000</b>	<b>-3 684</b>	<b>-26 855</b>	<b>-18 280</b>	<b>-12 180</b>
Overført til investeringsregnskapet	33 100	14 440	30 000	30 000	30 000	30 000
Avsetningar til disposisjonsfond	5 873	1 500	1 899	0	0	0
Avsetningar til bundne fond	4 111	9 779	746	746	746	746
<b>SUM AVSETNINGAR (K)</b>	<b>43 084</b>	<b>25 719</b>	<b>32 645</b>	<b>30 746</b>	<b>30 746</b>	<b>30 746</b>
<b>REGNSKAPSMESSIG MEIR-MINDREFORBRUK (L = I+J-K)</b>	<b>-17 363</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Driftsinntekter

Det er budsjettert med skatt, rammetilskot og inntektsutjamning i tråd med framlagt statsbudsjett. Vekstkommunetilskotet er minimalt (167 000 kr) i 2018 som følgje av mindre

folketalsvekst dei siste åra, medan kommunen får kompensert om lag 3,5 mill kr som følge av overgangsordning knytt til kommunereforma. Eigedomsskatt er justert opp i samsvar med skattelister 2017. Gjeldande satsar for gebyr og brukarbetaling (2017) er lagt til grunn for 2018 og justert i tråd med forventa tal på brukarar. Det er budsjettert med BKK-utbytte på 2,44 mill kr i tråd med prognose frå BKK. Desse midlane inngår i overføringa til investering.

### **Driftsutgifter**

Driftsutgiftene er vidareført frå 2017. Løn har fått påslag for 2018 på 3 prosent, og utgjer tilsaman godt over 300 mill kr inkludert sosiale kostnader, om lag 60 prosent av samla driftsutgifter. Det er ikkje rekna prisvekst for varer og tenester, med unntak av nokre eksterne avtalar. Drifta er redusert med 12 mill kr i vedtekne driftstilpassingar. Rådmannen har gjort framlegg om ytterlegare driftstilpassingar som ligg til handsaming i Formannskapet 16. november 2017.

Renter på eksisterande lån er rekna til 11 mill kr basert på 2 prosent rente. Avdrag på eksisterande lån utgjer 37 mill kr. Renter på nye lån er rekna til 1 mill kr i 2018, og opp til 12 mill kr i 2021 inkl netto nye avdrag.

Forslaget er å disponera 7,1 mill kr til nye driftstiltak i 2018. I økonomiplanen (2019-2021) er det tilrådd å nytta 32 mill kr (2019) og 41 mill kr i 2020-21. Økonomiplanen er saldert med fondsmidlar. Dette har mellom anna bakgrunn i at fleire store driftsprosjekt er utsett i tid frå 2017/18 til seinare i perioden. I perioderapport pr 31.07.2017 vart budsjettmidlar 2017 til fleire av desse prosjekta avsett på fond til bruk når prosjektet vert iverksett. Bruk av fondsmidlar kan reduserast om ytterlegare driftstilpassingar vert vedtekne.

### **Investeringar**

Det er i økonomiplanperioden lagt opp til store og viktige investeringar. Overføring frå drift til investering er føreslått til 30 mill kr kvart år. Dette er i tråd med finansreglementet og kommunestyret sitt vedtak.

Samla investeringar i 2018 utgjer 155,7 mill kr. Momskompensasjon som finansieringskjelde utgjer 25,5 mill kr, 4,6 mill i tilskot, overførte driftsmidlar 30 mill kr. Samla lånebehov i 2018 vert då 95,3 mill kr.

### **Eigedomsskatt**

Kommunestyret utsette retaksering til 2018 i samband med budsjetthandsaminga i 2017. 2018 er eit «mellomår» med omsyn til eventuelle nye skattereglar frå 2019 og ny kommunestruktur frå 2020. Kommunen tek sikte på å få ferdigstilt det som gjenstår av retaksering, og at det vert gjort vedtak innan fristen 1. mars 2018.

I statsbudsjettet har Regjeringa lagt fram forslag til endringar i eigedomsskattereglane, med ei overgangsordning over fem år, gjeldande frå 2019. Dersom reglane vert vedtekne i tråd med framlegget vil Øygarden truleg får eit tap mellom 30 - 40 mill kr basert på kjente verdiar og skattegrunnlag. Dersom dei nye reglane vert vedtekne i statsbudsjettet fell kategorien «verk og bruk» bort for skatteobjekt utanom ilandføringsanlegga, og kommunen må ta standpunkt til om ein vil innføra eigedomsskatt på næring i heile kommunen om deler av bortfallet skal kompensast.

### **Interkommunalt brannvesen**

Det vert lagt opp til at Øygarden brannvesen frå 01.01.2018 inngår i interkommunalt IKS saman med Fjell og Sund. Driftsbudsjettet til det nye brannvesenet er lagt inn i konsekvensjustert budsjett. Kommunestyret har i samband med vedtak om etablering av nytt

interkommunalt brannvern, gjennom selskapsavtalens §24 bestemt at det skal setjast av kr 130 000 til fond. Dette skal nyttast som disposisjonsfond i selskapet. Det står i selskapsavtalen § 7 at kr 545 000 skal setjast av som eingongsinnskot til investeringsfond i det nye selskapet. Det er vidare vedteke å stilla lånegaranti for framtidige investeringar på 1,914 mill kr. Avsettingane vert følgt opp i budsjettvedtaket 2018.

### **Vurdering og konklusjon**

Rådmannen meiner at økonomien i Øygarden kommune er solid. Rammetilskot, skatteinnngang og inntektsutjamning utgjer tilsaman 281 mill kr. Driftsinntektene er budsjettert med 556 mill kr, 155 mill kr av desse kjem frå eigedomsskatt, hovudsakleg frå olje- og gassanlegga på Sture og Kollsnes. Det er dei færreste kommunar som har eigedomsskatt i det omfang Øygarden har. Det vert det tilrådd å gjera retaksering i 2018, slik kommunestyret tidlegare har bestemt, og i tråd med reglane i eigedomsskattetakstlova. Denne retakseringa er også viktig å gjera dersom den nye ordninga trer i kraft.

I 2016/17 har det vore gjennomført KOSTRA analyse av tenestene. Dette har skjedd i samarbeid med KS. Leiarar og tillitsvalde har vore inkludert i prosessen, og det har vore fleire saker til kommunestyret. Analysen syner at kommunen at har langt høgare ressursbruk enn landssnittet på dei fleste område, til trass for at utgiftsbehovet på dei færreste område er høgare enn landet. Tala syner at ressursbruken utgjer 56,9 mill kr meir en landssnittet. Målet med analysen var å frigjera ressursar i drifta for å nå målet om minimum 30 mill kr overført til investeringsforemål. På denne bakgrunn ver budsjett 2018 vert lagt fram med vedtekne reduksjonar i drifta på 12 mill kr. Rådmannen viser elles til vedlagte sak om ytterlegare driftstilpassingar. Potensialet til å redusera driftsutgiftene er i prinsippet stort, men kan vera krevjande i praksis på kort sikt.

Det er i samband med budsjett dei siste åra gjort vedtak om avsettingar til disposisjonsfond, og kommunen har no over 90 mill kr på disposisjonsfondet. Rådmannen meiner det er viktig å ha midlar på fond til uføresette utgifter eller til å saldera budsjettet. Det er føreslått å nytta fondsmidlar i økonomiplanperioden for å få gjennomført planlage store driftsprosjekt som til dømes Hellesøy kai og vegutbetringar. Uavklarte endringar knytt til eigedomsskatt aktualiserer óg behovet for oppsparte midlar.

Netto driftsresultat er frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet tilrådd å vera minimum 1,75 prosent, og er hovudindikatoren for den økonomiske balansen. Netto driftsresultat i 2018 utan nye tiltak, og før avsetnad til investering og fond er på om lag 39 mill kr, 7 prosent av driftsinntektene. Forslaget er å disponera 7,1 mill kr til nye driftstiltak i 2018. Det resterande vert tilrådd overført til investering og avsett til fond.

Rådmannen har i budsjett 2018 prioritert investeringstiltak i vedteken økonomiplan. Netto gjeld ved utgangen av året vil vera 513 mill kr. I 2019 aukar lånegjelda til 551 mill kr om økonomiplanen 2018-2021 vert vedteken slik den ligg føre. Fleire investeringsprosjekt i økonomiplanen har inntekter, som til dømes innafor VAR-området, bustader for vanskelegstilte og idrettsanlegg. Trass store investeringar, er kommunen innafor tilrådinga om at gjelda ikkje bør overstiga driftsinntektene.

### **Innstilling til vedtak/tilråding:**

1. Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021, inkludert nye driftstiltak slik det ligg føre.
2. Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett 2018 og



- økonomiplan 2018-2021 slik det ligg føre.
3. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån for finansiering av samla investeringsbudsjett for 2018 med frådrag for finansiering frå andre kjelder, slik det går fram av forslag til investering, jf kommunelova § 50 nr 1.
  4. Rådmannen får fullmakt til å godta rente og betalingsvilkår for låneopptaket og til å underteikna lånedokument. Avdragstida vert tilpassa føresetnadene i kommunelova § 50 nr 7, og vedteken handlingsregel knytt til låneopptak.
  5. For eigedomsskatteåret 2018 skal det skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk jf. esktl. § 3 første ledd bokstav c. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2018 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd og blir skrivt ut i 4 terminar, jf. esktl. § 25 første ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 12.12.2012 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2018, jf. esktl. § 10.
  6. Forventa utbytte frå BKK på 2,44 mill kr inngår i overføring frå driftsbudsjettet til investering.
  7. Gebyr- og brukarbetaling, vedteke i eiga sak, vert gjort gjeldande for budsjett og økonomiplan 2018-2021.
  8. Øygarden kommune overfører til Øygarden brann- og redning IKS kr 130 000 til fondsavsetning i selskapet, og overfører kr 545 000 til investeringsfondet. Overføringane vert finansiert frå disposisjonsfondet.
  9. Øygarden kommune gjev lånegaranti for inntil 1.914 mill kr til Øygarden brann- og redning IKS til framtidige investeringar.

## **Behandling i Formannskapet (FS) 16.11.2017:**

---

### **Fellesforslag frå formannskapet**

**Formannskapet tilrår rådmannen si innstilling til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 slik den ligg føre med desse endringane:**

#### **3.5.4 Nye driftstiltak 2018**

<b>Ansvar</b>	<b>Ordinære driftstilskot</b>	<b>Utgift 2018</b>	<b>Utgift 2019</b>	<b>Utgift 2020</b>	<b>Utgift 2021</b>
2100	Båtrute Hellesøy - Fedje	75 000	75 000		
2100	Prosjekt på biblioteket	0			
2100	Minnesmerke	200 000			
2100	Tilskot til Nothengjo	0 kr NB: overført investering 1 mill.			
2100	Sponsoravtale Dale Oen Experience – eventuell lenging	500 000	500 000		
3210	Stilling i barnevern/opptrappingsplan rus, jf. tiltak i statsbudsjettet	400 000	600 000	600 000	600 000
3210	LOS-prosjekt, oppfølging av elevar som fell ut frå vidaregåande skule, jf. tiltak statsbudsjettet	100 000	100 000	100 000	
4200	Ny bemanningsnorm i barnehagen, jf. statsbudsjettet	400 000	400 000	400 000	400 000
6200	Asfaltering kommunale vegar	500 000	1 000 000		
6200	Drift nye idrettsanlegg, inkl evt. driftsavtalar med brukarlag	2 000 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000

6200	Slamavskiljar Blomgangstø		2 500 000		
6200	Tiltak trafikksikringsplan	0	0		
6200	Ladestasjonar el-bilar	0	0		
6200	Vedlikehald Hjelme gamle kyrkje	500 000	500 000		
6200	Riving Helsehuset på Toftøy		600 000		
6200	Utbetring Sæle-Kalfaret	5 000 000	10 000 000		
6200	Ekstra vedlikehald kommunale bygg/anlegg	1 000 000	1 500 000		
6200	Fortau Toftøy skule	-1 000 000	2 000 000	1 000 000	
6200	Lønstilskotsmidlar – samarbeid med NAV	0	0		
	Omdømebygging/profilering	200 000			
6100	Kommunalt planarbeid	1 500 000	2 500 000		
9100	Auka renter og avdrag nye lån 2018 (2018: 95 mill kr / 2 % rente ½ år)	1 000 000	7 500 000	12 000 000	12 000 000
<b>SUM</b>	<b>Samla driftstiltak</b>	<b>12 375 000</b>	<b>33 275 000</b>	<b>17 600 000</b>	<b>16 500 000</b>

*Felta merka med blått er formannskapet sine endringar på rådmannen si tilråding*

#### Tekst:

- Administrasjonen må utgreia sak om betalingsordning for bubil parkering og evt. driftsavtalar og kjem attende med sak til FS.
- Nye driftstiltak i rådmannens framlegg var reelt 13 105 000. Ei forskyving av vedteke tiltak på kr 6 000 000 er trekt i frå og ført som overskot på drift i 2018, dette gjeld tiltak utbetring Sæle-Kalfaret og fortau Toftøy skule vedteke i budsjett/økonomiplan 2017.
- FS tilrår at dei 5 mill N.Sæle – Kalfaret vert dekkja inn gjennom tilrådd driftstilpassingstiltak del 2(sjå eigen tabell).

#### Investering

Prosjekt	Vedteke ramme	2018	2019	2020	2021
Infrastruktur Arseta sør			15 000		
Investering IKT		2 500	1 500	1 500	1 500
Toftøy idrettsbane, nyanlegg	28 000	8 000			
Idrettshall Hjeltefjorden Arena	79 000	9 200			
Hjeltefjorden symjehall	120 000	60 000	60 000		
Uteområde Hjeltefjorden Arena	15 800	5 000	10 800		
Hellesøy kai, snuplass m/Statens vegvesen	5 500	3 000			
Torsvik nord, kabling av 22 kv	8 000	3 500			
Rong skule, utviding	50 000	20 000			
Gymsal Rong skule	31 250	1 000	15 000	13 000	
Kystmuseet - investering	4 000	2 000	2 000		
Ny parkering Kulturhuset	6 000	4 000	1 000		
Oppgradering Kulturhuset	5 500	1 000	4 000		
PU bustadar	6 900	3 325	3 325		
Nytt dekke Nesemyra	3 800	300	3 500		
Infrastruktur Blomvåg skule (veg og parkering)	5 000	5 000			
KLP Eigenkapitalinnskot		1 250	1 300	1 350	1 400
Rundkjøring Rong	15 500			5 000	10 000

Hjeltefjorden sjøfront	3 500		1 000		
Ny veg til Kulturhuset					1 000
Startlån			2 500		2 500
Parkeringsplass FV 561-Kjøpmannsvågen	3 000			2 500	
Ny stilling investeringskontor					
Nærmiljøpark			1 000		
<b>SUM</b>	<b>391 250</b>	<b>129 075</b>	<b>121 925</b>	<b>23 350</b>	<b>16 400</b>

\*) Kolonne Vedteke ramme syner har med budsjettamme også for 2017 og tidligare. Felta merka med blått er formannskapet sine endringar på rådmannen si tilråding

Tekst:

- Nærmiljøpark: Prosjekt i nærleiken av Hellesøy havn. Det vil verta søkt tippemidlar til prosjektet. NMU må koma attende til FS med prosjekt innhald/omfang.

**Formannskapet tilrår desse driftstilpassingane (jmfr FS-sak 057/17):**

Tema	Mogeleg innsparing kr	Auka inntekter kr	Tilrådd kr	Kommentar
<b>Sektorovergripande</b>				
Tildelingspraksis alle tenester, barnehage, skule, pleie og omsorg, PU, Familiens hus, NAV, Prosjekt med ekstern hjelp for å snu utviklinga.	1 000 000		1 000 000	Vurdera «tildelingskulturen» innan dei ulike tenestene. Øygarden skil seg monaleg ut frå KOSTRA- gr 03 (kommunar med høge inntekter og lik demografi)
Redusert sjukefråvær	1 000 000		1 000 000	Kvar % redusert sjukefråvær er kostnadsrekna til 1 mill kr. Frå 2016 til 2017 er sjukefråværet redusert med 1,5% (potensiale)
<b>Administrasjon-stab- kultur</b>				
Konsulenttenester	200 000		200 000	Mindre kjøp
Kompetansmidlar	500 000		500 000	Mindre bruk/mindre behov ut frå tidlegare år
<b>Intern effektivisering -lønsmidlar</b>				
Lønsmidlar kulturavdelinga naturleg avgang/vakansar	300 000		300 000	Søkja samarbeid om biblioteksjef interkommunalt høge utgifter til biblioteket jf KOSTRA
Lønsmidlar adm/stab naturleg avgang/vakansar	700 000 400 000		700 000 400 000	Stillingar som står ledig og som vil bli ledig ved naturleg avgang. Omfordela oppgåver internt
<b>Tekniske tenester</b>				
Overgang til nytt brannvern	500 000		500 000	Ut frå delingsmodell og budsjettframlegg i nytt bannvesen
Sal av kommunal eigedom		2 000 000	2 000 000	Sal av kommunal kai på Dalsneset og barnehagetomt (inntekt som vert ført som eigenfinansiering investering)
<b>Helse og omsorg</b>				
Straum eldrebustader		200 000	200 000	Skilje ut straum frå leigekontraktane i eldre-bustadene på Tednebakane
<b>Tilskotsordningar eksternt</b>				
KS, Petroleumsnettverk, Kystkommunar, INVEST Bergen, Brusselkontoret EU, Vest næringsråd, Grunderparken, Regionrådet vest	3 000 000		1 000 000	Rekneskapstal 2016 synar at budsjettposten kan reduserast. Mellom anna vert det nytta mykje mindre til Regionrådet vest enn tidlegare år (mindre kommunalt finansierte stillingsressursar til prosjekt.

SUM tilrådde innsparingar i drifta			7 800 000	
SUM tilrådde auka inntekter		2 200 000		

Fellesforslaget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i Formannskapet (FS) - 072/17

Formannskapet tilrår rådmannen si innstilling til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 slik den ligg føre med desse endringane:

#### 3.5.4 Nye driftstiltak 2018

Ansvar	Ordinære driftstilskot	Utgift 2018	Utgift 2019	Utgift 2020	Utgift 2021
2100	Båtrute Hellesøy - Fedje	75 000	75 000		
2100	Prosjekt på biblioteket	0			
2100	Minnesmerke	200 000			
2100	Tilskot til Nothengjo	0 kr NB: overført investering 1 mill.			
2100	Sponsoravtale Dale Oen Experience – eventuell lenging	500 000	500 000		
3210	Stilling i barnevern/opprappingsplan rus, jf. tiltak i statsbudsjettet	400 000	600 000	600 000	600 000
3210	LOS-prosjekt, oppfølging av elevar som fell ut frå vidaregåande skule, jf. tiltak statsbudsjettet	100 000	100 000	100 000	
4200	Ny bemanningsnorm i barnehagen, jf. statsbudsjettet	400 000	400 000	400 000	400 000
6200	Asfaltering kommunale vegar	500 000	1 000 000		
6200	Drift nye idrettsanlegg, inkl evt. driftsavtalar med brukarlag	2 000 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000
6200	Slamavskiljar Blomgangstø		2 500 000		
6200	Tiltak trafikksikringsplan	0	0		
6200	Ladestasjonar el-bilar	0	0		
6200	Vedlikehald Hjelle gamle kyrkje	500 000	500 000		
6200	Riving Helsehuset på Toftøy		600 000		
6200	Utbetring Sæle-Kalfaret	5 000 000	10 000 000		
6200	Ekstra vedlikehald kommunale bygg/anlegg	1 000 000	1 500 000		
6200	Fortau Toftøy skule	-1 000 000	2 000 000	1 000 000	
6200	Lønstilskotsmidlar – samarbeid med NAV	0	0		
	Omdømebygging/profilering	200 000			
6100	Kommunalt planarbeid	1 500 000	2 500 000		
9100	Auka renter og avdrag nye lån 2018 (2018: 95 mill kr / 2 % rente ½ år)	1 000 000	7 500 000	12 000 000	12 000 000
<b>SUM</b>	<b>Samla driftstiltak</b>	<b>12 375 000</b>	<b>33 275 000</b>	<b>17 600 000</b>	<b>16 500 000</b>

Felta merka med blått er formannskapet sine endringar på rådmannen si tilråding

### Tekst:

- Administrasjonen må utgreia sak om betalingsordning for bubil parkering og evt. driftsavtaler og kjem attende med sak til FS.
- Nye driftstiltak i rådmannens framlegg var reelt 13 105 000. Ei forskyving av vedteke tiltak på kr 6 000 000 er trekt i frå og ført som overskot på drift i 2018, dette gjeld tiltak utbetring Sæle-Kalfaret og fortau Toftøy skule vedteke i budsjett/økonomiplan 2017.
- FS tilrår at dei 5 mill N.Sæle – Kalfaret vert dekkja inn gjennom tilrådd driftstilpassingstiltak del 2(sjå eigen tabell).

### **Investering**

<b>Prosjekt</b>	<b>Vedteke ramme</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Infrastruktur Arseta sør			15 000		
Investering IKT		2 500	1 500	1 500	1 500
Toftøy idrettsbane, nyanlegg	28 000	8 000			
Idrettshall Hjeltefjorden Arena	79 000	9 200			
Hjeltefjorden symjehall	120 000	60 000	60 000		
Uteområde Hjeltefjorden Arena	15 800	5 000	10 800		
Hellesøy kai, snuplass m/Statens vegvesen	5 500	3 000			
Torsvik nord, kabling av 22 kv	8 000	3 500			
Rong skule, utviding	50 000	20 000			
Gymsal Rong skule	31 250	1 000	15 000	13 000	
Kystmuseet - investering	4 000	2 000	2 000		
Ny parkering Kulturhuset	6 000	4 000	1 000		
Oppgradering Kulturhuset	5 500	1 000	4 000		
PU bustadar	6 900	3 325	3 325		
Nytt dekke Nesemyra	3 800	300	3 500		
Infrastruktur Blomvåg skule (veg og parkering)	5 000	5 000			
KLP Eigenkapitalinnskot		1 250	1 300	1 350	1 400
Rundkjøring Rong	15 500			5 000	10 000
Hjeltefjorden sjøfront	3 500		1 000		
Ny veg til Kulturhuset					1 000
Startlån			2 500		2 500
Parkeringsplass FV 561-Kjøpmannsvågen	3 000			2 500	
Ny stilling investeringskontor					
Nærmiljøpark			1 000		
<b>SUM</b>	<b>391 250</b>	<b>129 075</b>	<b>121 925</b>	<b>23 350</b>	<b>16 400</b>

*\*) Kolonne Vedteke ramme syner har med budsjetttramme også for 2017 og tidligare. Felte merka med blått er formannskapet sine endringar på rådmannen si tilråding*

### Tekst:

- Nærmiljøpark: Prosjekt i nærleiken av Hellesøy havn. Det vil verta søkt tippemidlar til prosjektet. NMU må koma attende til FS med prosjekt innhald/omfang.

**Formannskapet tilrår desse driftstilpassingane (jmfr FS-sak 057/17):**

Tema	Mogeleg innsparing kr	Auka inntekter kr	Tilrådd kr	Kommentar
<b>Sektorovergripande</b>				
Tildelingspraksis alle tenester, barnehage, skule, pleie og omsorg, PU, Familiens hus, NAV, Prosjekt med ekstern hjelp for å snu utviklinga.	1 000 000		1 000 000	Vurdera «tildelingskulturen» innan dei ulike tenestene. Øygarden skil seg monaleg ut frå KOSTRA- gr 03 (kommunar med høge inntekter og lik demografi)
Redusert sjukefråvær	1 000 000		1 000 000	Kvar % redusert sjukefråvær er kostnadsrekna til 1 mill kr. Frå 2016 til 2017 er sjukefråværet redusert med 1,5% (potensiale)
<b>Administrasjon-stab- kultur</b>				
Konsulenttenester	200 000		200 000	Mindre kjøp
Kompetansemidlar	500 000		500 000	Mindre bruk/mindre behov ut frå tidlegare år
<b>Intern effektivisering -lønsmidlar</b>				
Lønsmidlar kulturavdelinga naturleg avgang/vakansar	300 000		300 000	Søkja samarbeid om biblioteksjef interkommunalt høge utgifter til biblioteket jf KOSTRA
Lønsmidlar adm/stab naturleg avgang/vakansar	700 000 400 000		700 000 400 000	Stillingar som står ledig og som vil bli ledig ved naturleg avgang. Omfordela oppgåver internt
<b>Tekniske tenester</b>				
Overgang til nytt brannvern	500 000		500 000	Ut frå delingsmodell og budsjettframlegg i nytt bannvesen
Sal av kommunal eigedom		2 000 000	2 000 000	Sal av kommunal kai på Dalsneset og barnehagetomt (inntekt som vert ført som eigenfinansiering investering)
<b>Helse og omsorg</b>				
Straum eldrebustader		200 000	200 000	Skilje ut straum frå leigekontraktane i eldre-bustadene på Tednebakkane
<b>Tilskotsordningar eksternt</b>				
KS, Petroleumsnettverk, Kystkommunar, INVEST Bergen, Brusselkontoret EU, Vest næringsråd, Grunderparken, Regionrådet vest	3 000 000		1 000 000	Rekneskapstal 2016 synar at budsjettposten kan reduserast. Mellom anna vert det nytta mykje mindre til Regionrådet vest enn tidlegare år (mindre kommunalt finansierte stillingsressursar til prosjekt.
<b>SUM tilrådde innsparingar i drifta</b>			<b>7 800 000</b>	
<b>SUM tilrådde auka inntekter</b>		<b>2 200 000</b>		

### Behandling i Eldrerådet (ER) 27.11.2017:

Samrøystes vedtak.

### Vedtak i Eldrerådet (ER) - 024/17

Eldrerådet har ingen merknadar til budsjett og økonomiplan, og tilrår budsjett og økonomiplan slik det ligg føre.

### Behandling i Ungdomsrådet (UR) 28.11.2017:

### **Vedtak i Ungdomsrådet (UR) - 026/17**

Samrøystes vedtak.

### **Behandling i Utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS) 30.11.2017:**

---

#### **Endringsframlegg Ottar Vik TVØ**

##### **Innstilling til vedtak/tilråding:**

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Vedtaket var samrøystes.

Rådmannen sitt framlegg vart ikkje tilrådd.

### **Vedtak i Utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS) - 112/17**

Saka vert lagt fram utan innstilling.

### **Behandling i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) 30.11.2017:**

---

#### **Forslag frå Anne Grethe Andersen ARB.TAK**

Arbeidstakersida ønska følgjande tillegg i vedtaket:

Vi er uroa for at det kan gå ut over tilsette og kvaliteten på tenestene ut til brukarane.

4 stemmer for (Anne Grethe Andersen, Solveig Rong, Kjellaug Solsvik og Geir Barsnes) og fem stemmer mot (Britt-Jorunn Landro, Linda Haugstad Blomvågnes og Siri Fahlvik Pettersen (dobbelstemme)) Forslaget falt.

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) - 029/17**

AMU tek budsjett 2018 - Økonomiplan 2018 - 2021 til orientering.

### **Behandling i Utval for Levekår (UFL) 04.12.2017:**

---

Samrøystes vedtak: Utval for Levekår tek saka til orientering.

### **Vedtak i Utval for Levekår (UFL) - 058/17**

Utval for Levekår tek saka til orientering.

### **Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RFF) 04.12.2017:**

---

Budsjettet er gjennomgått og taes til etterretning.

Anne-Karin Gørbitz FFO, hadde følgjande kommentar:

FFO reagerar på at nødvendige hjelpemidler som alarm til brukere øker brukerprisen.

Tidligere var disse alarmene gratis for brukerne. Her bør kommunen sponse brukerne slik mye annet blir sponset.

### **Vedtak i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RFF) - 028/17**

Budsjettet er gjennomgått og taes til etterretning.

Vedtaket var samrøystes. med følgjande kommentar frå

Anne-Karin Gørbitz FFO:

FFO reagerar på at nødvendige hjelpemidler som alarm til brukere øker brukerprisen.

Tidligere var disse alarmene gratis for brukerene. Her bør kommunen sponse brukerene slik mye annet blir sponset.

### **Behandling i Administrasjonsutvalet (ADMU) 06.12.2017:**

Samrøystes vedtak.

### **Vedtak i Administrasjonsutvalet (ADMU) - 015/17**

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering.

### **Behandling i Kommunestyret (KS) 13.12.2017:**

### **Endringsforslag frå TVØ, FrP, KrF, H og Ap Ottar Vik TVØ**

#### **Forslag til nye investeringstiltak 2018 i tillegg til forslaget frå Formannskapet**

<b>Kommunale investeringar</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Rehabilitering av Hengjo på Hellesøy	1.000	
Kjøp av Molo Kjøpmannsvågen frå Kystverket	250	
Trafikksikrings tiltak ved Toftøy Skule	100	1.000
Hjeltefjorden Sjøfront Molo	250	5.000
Muligheit studie NY veg 561 utanom Dale bru	200	200
Startlån		2.500

#### **Forslag til reduksjon av nye driftstiltak i 2018, 2019 frå Formannskapet si tilråding**

	<b>2018</b>	<b>2019</b>
3210 Ny stilling i barnevernet	- 400	- 600
Redusert overføring til driftsfond	-1.800	

#### **Forslag til nye driftstiltak i 2018, 2019 i tillegg til summar i Formannskapet si tilråding**

	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Asfaltering	+ 1.500	
Båtrute Hellesøy – Fedje	+ 100	

#### **Forslag til nye driftstiltak i 2018, 2019**

	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Inntak av fleire lærlingar	300	
Opprusting av kommunale uteareal	300	

Side 10 i rådmannens tekstdokument endrast med slik tilleggstekst:

#### **Kommunedelplan Rongøy**

+ inklusivt detaljregulering og anbodsokument for nytt kryss, Arseta sør.

#### **Røysting:**

21 røysta for forslaget:

Espen Harketstad (Ap), Anne-Elin Dale (Ap), Solveig Grepperud (Ap), Per Morken (Ap), Kari Fjeldstad (Ap), Fritz Fjeldstad (Ap), Andreas Tjong Kallekleiv (H), Ingrid Marie Toft (H), Geir Inge Svellingen (H), Aud Karin Oen (SV), Remi Oen (FrP), Svein B. Bjørge (FrP), Atle Dávøy (KrF), Eilert Olai Hellesøy (KrF), Børge Haugetun (TVØ), Ottar Vik (TVØ), Nils-Terje Villanger (TVØ), Inger Helene Dalen (TVØ), Vidar Hitsøy (TVØ), Geir-Atle Vik



(TVØ), Mons Arle Toft (TVØ), Harry Torsvik (TVØ), Brigitte Sjo (TVØ)

1 røysta mot forslaget:

Aud Karin Oen (SV)

**Forslaget vert vedteke.**

## **Endringsforslag frå SV Aud Karin Oen SV**

### ***Innleiing***

Klimaendringane er menneskeskapte og derfor må dei stoppast av oss menneske. Det er mogeleg å skape eit samfunn der menneske og miljø vert sett føre profitt.

### **Folkestyre og tillitsreform**

God utdanning, helse og velferd, og eit levande folkestyre handlar om grunnleggande tillit. Tillit til at folk gjer jobben sin etter beste evne, tillit til at barn har lyst til å lære, tillit til at menneskje får den hjelpa dei treng, tillit til at deltakande innbyggjarar bidreg positivt i folkestyret. SV vil gå i bresjen for ei tillitsreform i kommunane kor innbyggjarar, tilsette og folkevalde går saman for å skape betre velferd, samfunn og lokaldemokrati.

SV ønskjer å gjennomføre ei tillitsreform i norske kommunar. Tillitsreforma skal erstatte stadig meir kontroll, rapportering, byråkrati og marknadstenking i offentleg sektor, med meir tid og tillit til dei tilsette og større medverknad for brukarane og vere lydhøre for organisasjonar som representerer medlemmer i alle slags yrkesgrupper. Vi har tillit til at tilsette og deira organisasjonar fremmer representative krav på vegne av dei som best veit kor skoa trykkjer i arbeidslivet. Samstundes skal vi vidareføre ein god kontakt med næringsliv og arbeidsgjevarar, med tillit til fagmiljøa desse representerer.

Lokaldemokratiet byggjer på tillit og nærleik mellom innbyggjarane og dei som tek avgjerdene. SV vil ha meir demokrati i Øygarden kommune. Innbyggjarane må sjølv få ta direkte del i viktige demokratiske avgjersler. I dag vert for mange slutningar tatt langt frå folk og ofte bak lukka dører. Difor ønskjer SV å gje menneskje meir direkte innflytelse i viktige enkeltsaker.

Meir ekstremvêr er ein konsekvens av dei menneskapte klimaendringane. Vi kan ikkje peike ut ei ekstremhending som menneskeskapt, men at hendingane kjem hyppigare skuldast for store utslepp av klimagassar. Me må handle no. Øygarden kan ikkje løyse heile verda sine problem, men me kan ta vår del av ansvaret for å hindre overforbruk av naturressursar og yte vårt bidrag til ei meir rettvis verd. Noko av det viktigaste vi kan gjere i denne samanhengen er å syte for ein meir effektiv bruk av den energien vi har. I transportsamheng tyder dette å prioritere kollektivtrafikk, elbilar og i bygningar og hus tyder det å satse ulike typar av enøk-tiltak. Desse områda er høgt prioritert i SVs sitt alternative budsjett. Vi vil auke innsatsen i arbeidet med klimahandlingsplanen.

Øygarden har eit olje og gassavhengig næringsliv. Det er viktig at kommune har verdiskaping som ikkje er oljeavhengig. Det offentlege må særleg bidra til at små- og mellomstore føretak får hjelp til nyskaping som kan gje produksjon tilpassa eit berekraftig samfunn.

Øygarden skal være ein god plass å leva for alle innbyggjarar uavhengig av lommebok eller bakgrunn. Med gode tilbod til alle innbyggjarane sine.

### ***Investeringsbudsjett 2017***

Som rådmannen med desse endringane.

Område (post)	<i>auka investeringskostnad</i>	<i>redusert investeringskostnad</i>
Slamavskiljar Blomgangstø	2 500 000*	
Infrastruktur Blomvåg skule		5 000 000
Investering samanhengande sykkelveg og trafikksikringstiltak.	5 000 000	

\*Flytta frå drift til investering

### ***Driftsbudsjettet, som rådmannen med desse endringane***

Område (post)	<i>auka driftskostnad</i>	<i>redusert driftskostnad</i>
Klimaplan, generell styrking av gjennomføring, m.a. vrakpant for oljefyr, kartlegge utslepp, energi i eigne bygg m.m	300 000	
Sykkelparkering ved dei største arbeidsplassane	300 000	
Tilskot til ferie for born i familiar med låg økonomi.	300 000	
Lønstilskotsmidlar-samarbeid med NAV	400 000	
Kulturskuletilbodet reduksjon i satsar og auka tilbod	400 000	
Aktivitetskort etter modell frå Fjell	300 000	
Prosjekt bibliotek og auka opningstider.	*100 000	
Inntak av fleire lærlingar	400 000	
Opprusting offentleg areal og bygningar	500 000	
Lågterskeltilbod til rusmiddelavhengige.	300 000	
Utvida ungdomsklubb med Mot opp til 18 år. Jmf forslag frå ungdomsrådet	200 000	
Sum, endringar	3 500 000	
Samla auka driftsutgifter		

Mindre i bruk av konsulent tenester		1 500 000
Kommunalt planarbeid		500 000
Innsparing på overgang til elbilar		300 000
Omdømmebygging og profilering		200 000
Ikkje til disp fond, Auke i eigedomsskatt		1 000 000
Samla mindreforbruk		3 500 000

### **Kommunesamanslåing**

Øygarden kommune står føre store utfordringar med kommunesamanslåinga og det vil vera utfordrande å driva vanleg tenesteyting og samstundes som ein skal vera deltakande i alle pågåande prosessar. Dette vil gjelda både administrasjon og det politiske nivå. Dei andre to kommunane og særleg Fjell sit på store ressursar som det er vanskeleg for ein liten kommune som Øygarden å koma opp mot. Kommunestyret ber rådmannen kome attende med ei sak om korleis ho tenkjer det skal løysast.

### **Trepartssamarbeidet**

Kommunestyret forventar at samarbeidet med fagorganisasjonane vert halde på eit konstruktivt nivå. Og at trepartssamarbeidet vert halde høgt i administrasjonen.

### **Personalpolitikk**

- Tenesteområde retta direkte mot brukarar vert skjerma for meir nedtrekk.
- Det vert oppretta forsøk me vikarpool.
- Det vert kontinuerleg arbeidd med at flest mogleg skal få heile stillingar. Det vert rapportert årleg om resultatet.

### **Rusarbeid**

Kommunen set i gong lågterskeltilbod for rusavhengige, jmf tiltak i rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Det vert teke kontakt med Fjell kommune for å kunne nytta seg av deira MOsenter.

### **Kommunale bustader**

Det vert utgreidd modell for bustader for dei som har vanskar med å koma seg inn på ordinær bustadmarknad t.d frå «frå leige til eige»

### **Born og unge**

Kommunestyret vil støtte ferie- og fritidstilbod for born av foreldre med dårlig økonomi

Kommunestyret ber rådmannen kome attende med sak om aktivitetskort etter modell i Fjell.

Kommunestyret utvidar tilbodet med ungdomsklubb, jmf forslag frå ungdomsrådet.

### **Konsulenttenester**

Kommunestyret ber om at det vert ein gjennomgang av bruken av konsulenttenester i Øygarden kommune og at det kjem sak attende til kommunestyret.

### **Tilrettelagde arbeidsplassar**

Kommunestyret vil arbeide for at det skal opprettast to VTA-arbeidsplassar i kommunen.

VTA er eit statleg arbeidsmarknadstiltak som gjer eit arbeidstilbod til personer som har problem med å få arbeid innanfor det ordinære arbeidslivet. Tiltaket er retta mot personer med uførepensjon, og med arbeidsoppgåver som er tilpassa den einskilde si yteevne.

### **Sykkelvegar**

Kommunestyret ønskjer utstrekt satsing på heilskapelege sykkelveggar.

Det skal leggjast til rette for auka bruk av sykkel til og frå jobb.

Auka satsing på sykkelturisme.

Sykkelparkering på dei største arbeidsplassane.

### **Båtruter**

Kommunestyret ber om at ein saman med omeignskommunane og næringslivet går inn i eit moglegheitstudie for båtruter til Bergen.

### **Planar**

Det vert laga ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

### **Ymse**

Kommunen sitt budsjett vert opna for innspel frå innbyggjarane i kommunen.

Øygarden kommune skal berre nytta hotell med tariffavtale.

Øygarden kommune vil arbeida for at 16 åringar skal få stemma ved kommune og stortingsval.

### **Røysting:**

1 røysta for forslaget:

Aud Karin Oen (SV)

21 røysta mot forslaget:

Espen Harketstad (Ap), Anne-Elin Dale (Ap), Solveig Grepperud (Ap), Per Morken (Ap), Kari Fjeldstad (Ap), Fritz Fjeldstad (Ap), Andreas Tjong Kallekleiv (H), Ingrid Marie Toft (H), Geir Inge Svellingen (H), Aud Karin Oen (SV), Remi Oen (FrP), Svein B. Bjørge (FrP), Atle Dāvøy (KrF), Eilert Olai Hellesøy (KrF), Børge Haugetun (TVØ), Ottar Vik (TVØ), Nils-Terje Villanger (TVØ), Inger Helene Dalen (TVØ), Vidar Hitsøy (TVØ), Geir-Atle Vik (TVØ), Mons Arle Toft (TVØ), Harry Torsvik (TVØ), Brigitte Sjo (TVØ)

**Forslaget fall.**

### **Endringsforslag frå Andreas Tjong Kallekleiv H**

#### **Endring i tenestemål 2018-2021 - Tekniske tenester**

\* Kommunale bygg, grøntområde og anlegg skal vedlikehaldast i tråd med gjeldande vedlikehaldsplan

#### **Nytt punkt - Areal-, samfunnsplanar og forvaltning**

Tenestemål 2018-2021

\* Alle henvendingar frå innbyggjarane skal ein svara på innan kort tid

#### **Røysting:**

21 røysta for forslaget

Espen Harketstad (Ap), Anne-Elin Dale (Ap), Solveig Grepperud (Ap), Kari Fjeldstad (Ap), Per Morken (Ap), Andreas Tjong Kallekleiv (H), Ingrid Marie Toft (H), Geir Inge Svellingen (H), Remi Oen (FrP), Svein B. Bjørge (FrP), Atle Dāvøy (KrF), Eilert Olai Hellesøy (KrF), Børge Haugetun (TVØ), Ottar Vik (TVØ), Nils-Terje Villanger (TVØ), Inger Helene Dalen (TVØ), Vidar Hitsøy (TVØ), Geir-Atle Vik (TVØ), Mons Arle Toft (TVØ), Harry Torsvik (TVØ), Brigitte Sjo (TVØ)

1 røysta mot forslaget

Aud Karin Oen (SV)

**Forslaget vart vedteke.**

Desse tok ordet i saka:

Ottar Vik (TVØ), Aud Karin Oen (SV), Andreas Kallekleiv (H), Espen Stølsnes Harketstad (AP), Børge Haugetun (TVØ), Geir Inge Svellingen (H), Eilert Hellesøy (KrF), Anne-Elin Dale (Ap)

### **Vedtak i Kommunestyret (KS) - 078/17**

**1. Kommunestyret vedtek formannskapet si tilråding til driftsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021, inkl nye driftstiltak med endringar slik det går fram av fellesforslaget frå TVØ, FrP, KrF, H og Ap**

#### **NYE DRIFTSTILAK 2018-2019**

Ansvar	Ordinære driftstilskot	Utgift 2018	Utgift 2019	Utgift 2020	Utgift 2021
2100	Båtrute Hellesøy - Fedje	175 000	75 000		
2100	Minnesmerke	200 000			
2100	Sponsoravtale Dale Oen Experience – eventuell lenging	500 000	500 000		

3210	LOS-prosjekt, oppfølging av elever som fell ut frå vidaregåande skule, jf. tiltak statsbudsjettet	100 000	100 000	100 000	
4200	Ny bemanningsnorm i barnehagen, jf. statsbudsjettet	400 000	400 000	400 000	400 000
6200	Asfaltering kommunale vegar	2 000 000	1 000 000		
6200	Drift nye idrettsanlegg, inkl evt. driftsavtalar med brukarlag	2 000 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000
6200	Slamavskiljar Blomgangstø		2 500 000		
6200	Vedlikehald Hjelme gamle kyrkje	500 000	500 000		
6200	Riving Helsehuset på Toftøy		600 000		
6200	Utbetring Sæle-Kalfaret	5 000 000	10 000 000		
6200	Ekstra vedlikehald kommunale bygg/anlegg	1 000 000	1 500 000		
6200	Fortau Toftøy skule	-1 000 000	2 000 000	1 000 000	
	Omdømebygging/profilering	200 000			
6100	Kommunalt planarbeid	1 500 000	2 500 000		
9100	Auka renter og avdrag nye lån 2018 (2018: 95 mill kr / 2 % rente ½ år)	1 000 000	7 500 000	12 000 000	12 000 000
6200	Opprusting av kommunale uteareal	300 000			
2100	Inntak av fleire lærlingar	300 000			
	Redusert overføring til driftsfond	-1 800 000			
<b>SUM</b>	<b>Samla driftstiltak, vedtak i KS</b>	<b>12 375 000</b>	<b>32 675 000</b>	<b>17 000 000</b>	<b>15 900 000</b>

#### Tekst til driftstiltak:

- Administrasjonen må utgreia sak om betalingsordning for bubilparkering og evt. driftsavtalar og kjem attende med sak til FS.
- Nye driftstiltak i rådmannens framlegg var reelt 13 105 000 kr. Ei forskyving av vedteke tiltak på kr 6 000 000 er trekt i frå og ført som overskot på drift i 2018, dette gjeld tiltak utbetring Sæle-Kalfaret og fortau Toftøy skule vedteke i budsjett/økonomiplan 2017. Kommunestyret vedtek at dei 5 mill kr N. Sæle – Kalfaret vert dekkja inn gjennom tilrådd driftstilpassingstiltak del 2 (sjå eigen tabell).

#### Kommunestyret vedtek desse driftstilpassingane (jmf FS-sak 057/17):

Tema	Auka inntekter i kr	Reduserte utgifter i kr	Kommentar
<b>Sektorovergripande</b>			
Tildelingspraksis alle tenester, barnehage, skule, pleie og omsorg, PU, Familiens hus, NAV, Prosjekt med ekstern hjelp for å snu utviklinga.		1 000 000	Vurdera «tildelingskulturen» innan dei ulike tenestene. Øygarden skil seg monaleg ut frå KOSTRA- gr 03 (kommunar med høge inntekter og lik demografi)
Redusert sjukefråvær		1 000 000	Kvar % redusert sjukefråvær er kostnadsrekna til 1 mill kr. Frå 2016 til 2017 er sjukefråværet redusert med 1,5% (potensiale)
<b>Administrasjon-stab- kultur</b>			
Konsulenttenester		200 000	Mindre kjøp
Kompetansmidlar		500 000	Mindre bruk/mindre behov ut frå tidlegare år
<b>Intern effektivisering - lønsmidlar</b>			
Lønsmidlar kulturavdelinga		300 000	Søkja samarbeid om biblioteksjef

naturleg avgang/vakansar			interkommunalt høge utgifter til biblioteket jf KOSTRA
Lønsmidlar adm/stab naturleg avgang/vakansar		700 000 400 000	Stillingar som står ledig og som vil bli ledig ved naturleg avgang. Omfordela oppgåver internt
<b>Tekniske tenester</b>			
Overgang til nytt brannvern		500 000	Ut frå delingsmodell og budsjettframlegg i nytt bannvesen
Sal av kommunal eigedom	2 000 000		Sal av kommunal kai på Dalsneset og barnehagetomt (inntekt som vert ført som eigenfinansiering investering)
<b>Helse og omsorg</b>			
Straum eldrebustader	200 000		Skilje ut straum frå leigekontraktane i eldre-bustadene på Tednebakkane
<b>Tilskotsordningar eksternt</b>			
KS, Petroleumsnettverk, Kystkommunar, INVEST Bergen, Brusselkontoret EU, Vest næringsråd, Grunderparken, Regionrådet vest		1 000 000	Rekneskapstal 2016 synar at budsjettposten kan reduserast. Mellom anna vert det nytta mykje mindre til Regionrådet vest enn tidlegare år (mindre kommunalt finansierte stillingsressursar til prosjekt.
<b>SUM tilrådde innsparingar i drifta</b>		<b>5 600 000</b>	
<b>SUM tilrådde auka inntekter</b>	<b>2 200 000</b>		

## 2. Kommunestyret vedtek formannskapet si tilråding til investeringsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 slik det går fram av fellesforslaget frå TVØ, FrP, KrF, H og Ap

### INVESTERING

Prosjekt	Vedteken ramme*	2018	2019	2020	2021
Infrastruktur Arseta sør			15 000		
Investering IKT		2 500	1 500	1 500	1 500
Toftøy idrettsbane, nyanlegg	28 000	8 000			
Idrettshall Hjeltefjorden Arena	79 000	9 200			
Hjeltefjorden symjehall	120 000	60 000	60 000		
Uteområde Hjeltefjorden Arena	15 800	5 000	10 800		
Hellesøy kai, snuplass m/Statens vegvesen	5 500	3 000			
Torsvik nord, kabling av 22 kv	8 000	3 500			
Rong skule, utviding	50 000	20 000			
Gymsal Rong skule	31 250	1 000	15 000	13 000	
Kystmuseet - investering	4 000	2 000	2 000		
Ny parkering Kulturhuset	6 000	4 000	1 000		
Oppgradering Kulturhuset	5 500	1 000	4 000		
PU bustadar	6 900	3 325	3 325		
Nytt dekke Nesemyra	3 800	300	3 500		
Infrastruktur Blomvåg skule (veg og parkering)	5 000	5 000			

KLP Eigenkapitalinnskott		1 250	1 300	1 350	1 400
Rundkjøring Rong	15 500			5 000	10 000
Hjeltefjorden sjøfront	3 500		1 000		
Ny veg til Kulturhuset					1 000
Startlån			2 500		2 500
Parkeringsplass FV 561-Kjøpmannsvågen	3 000			2 500	
Ny stilling investeringskontor					
Nærmiljøpark			1 000		
Rehabilitering Hengjo		1 000			
Kjøp molo Kjøpmannsvågen		250			
Trafikksikringstiltak Toftøy skule		100	1 000		
Hjeltefjorden sjøfront - Molo		250	5 000		
Muligheitsstudie - Ny trasé FV 561 v/Dale bru		200	200		
Startlån		2 500			
<b>Sum</b>	<b>390 750</b>	<b>133 375</b>	<b>128 125</b>	<b>23 350</b>	<b>16 400</b>

\* Kolonne «Vedteke ramme» syner total budsjettramme for prosjekta

## INVESTERING VAR

Prosjekt	Vedteken ramme*	2018	2019	2020	2021
Vatn overføringsledning Tjeldstø – Breivik	22 000	15 000	5 000		
Vatn/Avlaup Rong gard	11 000	5 000	5 000		
Avlaup Blomvåg – sanering Myrane	3 000	1 000			
Avlaup Blomvåg – sanering Knarvik, Flåten, Blom 61579	8 200	200	4 000	4 000	
Hellesøy kai, snuplass m/Statens vegvesen	5 500	500			
Ny avlaupsledning frå Blomvåg skule og ny barnehage	1 000	1 000			
Torsvik nord VA	8 000	3 500			
Tjeldstø sanering	5 250	250	5 000		
Nordre Sæle sanering	5 250	250	5 000		
Avlaup Austmarka Rongøy, sanering	3 300			300	3 000
VA Rongøy som følgje av område- og sentrumsplan, konsekvensar for vatn og avlaup	6 000			3 000	3 000
Vatn Rong høgdebasseng	4 900			600	4 300
Avlaup Svanevågen (61650)	22 000		4 000		
Avlaup Skjoldepollen og Nautnes	4 200		200	2 000	2 000
<b>SUM</b>	<b>109 600</b>	<b>26 700</b>	<b>28 200</b>	<b>9 900</b>	<b>12 300</b>

\* Kolonne «Vedteke ramme» syner total budsjettramme for prosjekta

### Tekst til investeringstiltak:

Nærmiljøpark: Prosjekt i nærleiken av Hellesøy havn. Det vil verta søkt tippemidlar til prosjektet.

NMU må koma attende til FS med prosjekt innhald/omfang.

## Nye tenestemål 2018-2021

### Kap 4.2.14 - Tekniske tenester

- Kommunale bygg, grøntområde og anlegg skal vedlikehaldast i tråd med gjeldande

Kap 4.2.15 - Areal-, samfunnsplanar og forvaltning

- Alle henvendingar frå innbyggjarane skal ein svare på innan kort tid

**3. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån for finansiering av samla investeringsbudsjett for 2018 med frådrag for finansiering frå andre kjelder, slik det går fram av forslag til investering, jf kommunelova § 50 nr 1.**

**4. Rådmannen får fullmakt til å godta rente og betalingsvilkår for låneopptaket og til å underteikna lånedokumenta. Avdragstida vert tilpassa føresetnadene i kommunelova § 50 nr 7, og vedteken handlingsregel knytt til låneopptak.**

**5. For eigedomsskatteåret 2018 skal det skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk jf. esktl. § 3 første ledd bokstav c. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2018 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd og blir skrive ut i 4 terminar, jf. esktl. § 25 første ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 12.12.2012 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2018, jf. esktl. § 10.**

**6. Forventa utbytte frå BKK på 2,44 mill kr inngår i overføring frå driftsbudsjettet til investering.**

**7. Gebyr- og brukarbetaling, vedteke i eiga sak, vert gjort gjeldande for budsjett og økonomiplan 2018-2021.**

**8. Øygarden kommune overfører til Øygarden brann- og redning IKS kr 130 000 til fondsavsetning i selskapet, og overfører kr 545 000 til investeringsfondet. Overføringane vert finansiert frå disposisjonsfondet.**

**9. Øygarden kommune gjev lånegaranti for inntil 1.914 mill kr til Øygarden brann- og redning IKS til framtidige investeringar.**

Siri Fahlvik Pettersen  
Rådmann

Åse Vik  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*



## SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
5/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	22.01.2018

### Søknad frå kyrkjeleg fellesnemnd - 2.gongs handsaming

#### Samandrag av saka:

**Kommunane Fjell, Sund og Øygarden slår seg saman frå 1.1.2020. Som følge av dette vert dei kyrkjelege fellesråda òg slått saman. Det er tre stabar med i overkant av femti medarbeidarar som skal utgjere det nye samla kyrkjelege fellesrådet.**

**Dei tre kyrkjelege fellesråda mottar i dag støtte frå sine respektive kommunar til drift av organisasjonane. Dette vil framleis vere tilfelle i åra fram mot 1.1.2020. Det er viktig å få til ein god samanslåingsprosess mellom dei tre kyrkjelege fellesråda slik at den nye kyrkjelege organisasjonen er på plass når Nye Øygarden kommune vert etablert.**

**Saka vart behandla av fellesnemnda i møte 11. desember 2017 og utsett til neste møte i fellesnemnda for meir utdjuping om kva som ligg til grunn for tilrådinga til prosjektleiar. Fellesnemnda føreset at prosjektleiar har dialog med kyrkjeleg fellesnemnd ved behov og det er naturleg at prosjektleiar orienterer leiinga for den kyrkjelege fellesnemnda om den utvida grunngevinga for sitt framlegg, før saka går tilbake til fellesnemnda for avgjerd.**

#### Innstilling:

Fellesnemnda løyver kr 780 000 til kyrkjeleg fellesnemnd som tilskot til arbeidet med å slå saman og etablere ein ny kyrkjeleg fellesorganisasjon for Nye Øygarden kommune. Midlane vert fordelt med kr 390 000 i 2018 og kr 390 000 i 2019.

Dette er ei endeleg tildeling av midlar til kyrkjeleg fellesnemnd av midlar som fellesnemnda har fått tildelt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Straume, den 15.01.2018

Paul J. Manger  
Prosjektleiar

## Dokument vedlagt saka:

- Søknad
- Prosjektplan

## Saksopplysningar:

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden slår seg saman frå 1.1.2020. Som følge av dette vert dei kyrkjelege fellesråda òg slått saman. Kyrkjelova § 5 seier følgjande: «I hvert sokn skal det være et menighetsråd. I kommuner med flere sokn skal det i tillegg være et kirkelig fellesråd»

Samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda følgjer dei same prinsippa som for kommunesamanslåinga og det er utarbeidd ein eigen rettleiar for dette arbeidet. Det er oppretta ei kyrkjeleg fellesnemnd og ein prosjektorganisasjon.

Kyrkjeleg fellesnemnd i Sund, Fjell og Øygarden søker fellesnemnda for Nye Øygarden kommune om tilskot til arbeidet med utgifter til å etablere ei kyrkjeleg fellesnemnd, ref. punkt 7.9 i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar: «Utgifter til sammenslåing av kirkelige fellesråd dekkes innenfor departementets støtte til dekning av kommunenes engangskostnader i reformen»

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune disponerer eit totalbudsjett på kr 35,9 millionar kroner som skal dekke alle eingongskostnader ved kommunesamanslåinga fram mot 2020. Løyvinga kjem frå sentralt hald etter ein standardisert modell. Sjå òg sak om budsjett.

Kyrkjeleg fellesnemnd søker kommunal fellesnemnd om ei rammeløyving på **kr 2.944.000** for heile prosjektperioden frå og med november 2017 til og med desember 2019. Vedlagt søknaden ligg ein prosjektplan for samanslåing av fellesråda. Viktige punkt i prosjektplanen er kulturbygging, harmonisering og hensiktsmessig drift og organisering, samt digitale system og IKT-løysingar.

Prosjektleiar tilrår at følgjande postar i framlegg til budsjett vert støtta:

### Prosjektorganisasjon perioden

Prosjektorganisasjon, alle funksjonar	0
Husleige for prosjektorganisasjonen	0
IKT – prosjektorganisasjonen	<b>25 000</b>
Rekneskap for prosjektorganisasjonen	<b>12 000</b>
Kurs for prosjektorganisasjonen	<b>45 000</b>
Reisekostnader	<b>23 000</b>
Revisjon av rekneskap prosjektorganisasjonen	0
<b>Sum delkostnad prosjektorganisasjon</b>	<b>105 000</b>

### Kyrkjeleg fellesnemnd

Godtgjersle og møtegodtgjerlse	<b>200 000</b>
Køyring og reiser	<b>35 000</b>
Fagleg bistand, eksterne ressursar	<b>30 000</b>
Frikjøp tillitsvalde	<b>30 000</b>
<b>Sum delkostnad kyrkjeleg fellesnemnd</b>	<b>295 000</b>

### Kulturbygging 3 stabar, råd og frivillige

Kostnader med fellessamlingar og kurs	0
---------------------------------------	---

### IKT, post, sak, telefoni, rekneskap (nye system)

Harmonisering og analyse av behov	0
Nye system innført frå og med 06 /19	<b>380 000</b>

System for post, arkiv, sakshandsaming frå 06/19	0
Telefoni frå 06/19	0
Rekneskap og løn frå 06/19	0
<b>Sum delkostnad nye system</b>	<b>380 000</b>

#### **Bygg og anlegg**

Tilstandsvurdering av kyrkjer, gravplassar	0
Varmestyring av kyrkjer, utgreiing	0
Kontorlokale, utgreiing	0
<b>Sum delkostnad bygg og anlegg</b>	<b>0</b>

**Sum** **780 000**

Nærare grunngiving om tilrådingar for dei ulike postane:

Det vert tilrådd at det vert gitt tilskot i prosjektperioden til IKT-arbeid, rekneskap, kurs og reisekostnader med til saman kr 105 000. Det som er kalla alle funksjonar i prosjektorganisasjonen, husleige og revisjon i prosjektperioden vert det ikkje tilrådd å gi tilskot til. Dei tre kyrkjelege fellesråda mottar i dag støtte frå sine respektive kommunar til generell drift av organisasjonane.

Det vert tilrådd at det vert gitt tilskot i prosjektperioden til møtegodtgjersle, reiser, fagleg bistand og frikjøp tillitsvalde med til saman kr 295 000. Dette er drift av organisasjonen kyrkjeleg fellesnemnd.

Det vert ikkje tilrådd at det vert gitt tilskot til kulturbygging med tre stabar, råd og frivillige. Dei tre kyrkjelege fellesråda mottar i dag støtte frå sine respektive kommunar til generell drift av organisasjonane.

Det vert tilrådd at det vert gitt tilskot til utvikling av nye digitale system og IKT-løysingar med kr 380 000 for heile perioden. Analyse av generelle behov, utvikling av nye system for post, telefoni og rekneskap/løn vert det ikkje tilrådd å gi tilskot til. Dei tre kyrkjelege fellesråda mottar i dag støtte frå sine respektive kommunar til generell drift av organisasjonane.

Det vert ikkje tilrådd at det vert gitt tilskot til bygg og anlegg, som omfattar tilstandsvurdering av kyrkjer og gravplassar, utgreiing av varmestyring av kyrkjer og utgreiing av kontorlokale. Dei tre kyrkjelege fellesråda mottar i dag støtte frå sine respektive kommunar til generell drift av organisasjonane.

Det er tre stabar med i overkant av femti medarbeidarar som skal utgjere det nye samla kyrkjelege fellesrådet. Dei tre kyrkjelege fellesråda mottar i dag støtte frå sine respektive kommunar til drift av organisasjonane. Dette vil framleis vere tilfelle i åra fram mot 1.1.2020. Kyrkjeleg fellesnemnd er opptatt av at det kyrkjelege systemet ikkje vert hengande etter i samanslåinga av dei tre kommunane. Det er viktig å få til ein god samanslåingsprosess slik at den nye organisasjonen møter førebudd til den nye tida ved inngangen til 2020. I søknaden er det gjort greie for at prosjektorganisasjonen for ny kyrkjeleg fellesnemnd er henta frå dei tre organisasjonane som er i dag slik at mannskapet kan brukast alternativt mellom prosjekt og drift.

**Vurdering:**

Prosjektleiari vurderer at det er viktig for fellesnemnda for Nye Øygarden kommune å støtte opp økonomisk med eit tilskot til samanslåinga og etableringa av ein ny kyrkjeleg fellesorganisasjon for Nye Øygarden kommune.

Kyrkjeleg fellesnemnd søker kommunal fellesnemnd om ei rammeløyving på kr 2.944.000 for heile prosjektperioden fram mot 1.1.2020. Prosjektleiari har i si vurdering lagt vekt på at det må skiljast mellom den støtta dei tre kyrkjelege fellesråda mottar frå dei tre kommunane i dag og fram til 1.1.2020, og den støtta som vert foreslått gitt som eit tilskot frå midlar som fellesnemnda har fått tildelt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.



Kommunal fellesnemnd  
Skjenet 2  
5354 Straume

Dato: 24.10.2017

Vår ref: 17/00095-20

Dykkar ref:

## Søknad til kommunal fellesnemnd om prosjektmidlar

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden slår seg saman frå 1.1.2020. Som følgje av dette vert fellesrådsområda også slått saman.

Kyrkelova § 5: «Soknets organer. I hvert sokn skal det være et menighetsråd. I kommuner med flere sokn skal det i tillegg være et kirkelig fellesråd»

Samanslåing av fellesråda følgjer dei same prinsippa som for kommunesamanslåinga og det er utarbeida ein eigen rettleiar av KA for dette arbeidet. Det er oppretta ei kyrkjeleg fellesnemnd og ein prosjektorganisasjon. Kostnaden med samanslåing av fellesråda skal dekkast av midlar som kommunal fellesnemnd har fått tilført, ref. i **punkt 7.9 i departementets veileder** «Utgifter til sammenslåing av kirkelige fellesråd dekkes innenfor departementets støtte til dekning av kommunenes engangskostnader i reformen»

Kyrkjeleg fellesnemnd søker kommunal fellesnemnd om ei rammeløyving på

**kr 2.944.000**

for heile prosjektperioden frå og med november 2017 til og med desember 2019.

Grunnlaget for ramma ligg vedlagt søknaden. Der vil ein sjå korleis kostnadane fordeler seg. Vedlagt søknaden ligg også prosjektplanen for samanslåing av fellesråda.

Følgjande er viktig i samanslåingsprosessen

- Kulturbygging, harmonisering og hensiktsmessig drift og organisering.
- Digitale system og IKT løysingar som gir effektiv drift og publikumshandsaming.

Det er også innanfor desse områda at kostnaden med samanslåinga er størst.

Det er 3 stabar med i overkant av 50 medarbeidarar, fleire kyrkjelege råd, frivillige medarbeidarar, kyrkjebygg og gravplassar som skal samlast i ein ny organisasjon.

Reknar me med alle frivillige medarbeidarar og rådsmedlemer som også vert ein del av samanslåinga er det snakk om rundt 400 personar som skal finne saman, både i små og store samanhengar. Den norske kyrkja i Fjell, Sund og Øygarden tener eit publikumstal tilsvarande folketalet i dei tre kommunane.

Det er viktig at det kyrkjelege systemet ikkje vert hengande etter i samanslåinga av dei tre kommunane. Det er viktig å få til ein god samanslåingsprosess slik at organisasjonen møter førebudd den nye tida ved inngangen til 2020.

For å få dette til er det naudsynt med ein prosjektorganisasjon som arbeider jamleg med samanslåinga. Prosjektorganisasjonen er henta frå dagens drift slik at mannskapet kan brukast alternativt mellom prosjekt og drift. Dette er mest kostnadseffektivt. Det er fylt på med administrative ressursar i engasjement for å dekke inn bortfall (i drift) av mannskapet som arbeider med samanslåinga.

Det har vore gode relasjonar mellom kommunane og kyrkja i dei tre kommunane. Me ser fram til eit godt samarbeid i prosjektfasen i nye Øygarden kommune.

Med helsing  
kyrkjeleg fellesnemnd

Harald Rød  
Leiar i kyrkjeleg fellesnemnd

Olav Martin Vik  
Prosjektleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Vedlegg

Mottakere:  
Kommunal fellesnemnd



# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd

## Framlegg til budsjett for samanslåing av fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden - Vedtak i kyrkjeleg fellesnemnd 18.10.2017 sak 7/17.

Aktivitet/tiltak	2017	2018	2019	Sum heile perioden
<b>Prosjektorganisasjon</b>				
Prosjektorganisasjon, alle funksjonar	70 000	720 000	720 000	1 510 000
Husleige for prosjektorganisasjonen	20 000	60 000	60 000	140 000
IKT - prosjektorganisasjonen	5 000	10 000	10 000	25 000
Rekneskap for prosjektorganisasjonen	2 000	5 000	5 000	12 000
Kurs for prosjektorganisasjonen	15 000	15 000	15 000	45 000
Reisekostnadar	3 000	10 000	10 000	23 000
Revisjon av rekneskap prosjektorganisasjonen		2 000	2 000	4 000
<b>Sum delkostnad prosjektorganisasjon</b>	<b>115 000</b>	<b>822 000</b>	<b>822 000</b>	<b>1 759 000</b>

### Kyrkjeleg fellesnemnd

Godtgjersle og møtgodtgjersle	30 000	85 000	85 000	200 000
Køyring og reiser	5 000	15 000	15 000	35 000
Fagleg bistand, eksterne ressursar		15 000	15 000	30 000
Frikjøp tillitsvalde		15 000	15 000	30 000
<b>Sum delkostnad kyrkjeleg fellesnemnd</b>	<b>35 000</b>	<b>130 000</b>	<b>130 000</b>	<b>295 000</b>

### Kulturbygging 3 stabar, råd og frivillige

Kostnadar med fellessamlingar og kurs		110 000	45 000	155 000
---------------------------------------	--	---------	--------	---------

### IKT, post, sak, telefoni, rekneskap (nye system)

Harmonisering og analyse av behov		45 000		45 000
Nye system innført frå og med 06 /19			380 000	380 000
System for post, arkiv, sakshandsaming frå 06/19			35 000	35 000
Telefoni frå 06/19			55 000	55 000
Rekneskap og løn frå 06/19			30 000	30 000
<b>Sum delkostnad nye system</b>		<b>45 000</b>	<b>500 000</b>	<b>545 000</b>

### Bygg og anlegg

Tilstandsvurdering av kyrkjer, gravplassar,		120 000		120 000
Varmestyring av kyrkjer, utgreiing		45 000		45 000
Kontorlokale, utgreiing		25 000		25 000
<b>Sum delkostnad bygg og anlegg</b>		<b>190 000</b>		<b>190 000</b>

<b>Sum kostnad</b>	<b>150 000</b>	<b>1 297 000</b>	<b>1 497 000</b>	<b>2 944 000</b>
--------------------	----------------	------------------	------------------	------------------

## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	22.01.2018

### Statusrapport januar 2018 - utval for eigarskapsmodellar

#### Samandrag av saka:

I denne saka legg utval for eigarskapsmodellar fram sitt arbeid medio januar 2018. Utvalsleiar vil i møte leggja fram ein presentasjon av status og arbeidet så langt. Utvalet ber gjerne om tilbakemeldingar frå fellesnemnda. Dette kan vera aktuelle kommentarar og innspel som utvalet kan gjera seg nytte av i slutføringa. Sluttrapporten er venta å liggja føre klar for handsaming i fellesnemnda i løpet av april 2018.

#### Innstilling:

1. Fellesnemnda tek saka og presentasjonen til leiar Atle Dåvøy i møte til orientering.
2. Fellesnemnda har utover dette desse merknadane til saka:

.....

Straume, den 15.01.2018

Paul J. Manger  
Prosjektleiar



## Dokument vedlagt saka:

Ingen.

## Saksopplysningar:

Utval for eigarskapsmodellar har til midten av januar hatt 4 møte: 9. nov.2017, 29.nov.2017, 12.des.2017 og 04.januar 2018.

## Mandat

Fellesnemnda gav utval for eigarskapsmodellar dette mandatet 30. oktober 2017:

Utvalet for eigarskapsmodellar skal:

1. Ta utgangspunkt i samlerapport «Kartlegging av eigarskapsstruktur» som vart lagt fram for førebuande fellesnemnd 24. april 2017.
2. Finna sameina, framtidsretta og tenlege organisasjonsmodellar om eigarskap og interesserepresentasjon.
3. Utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera økonomisk berekraftige, føreseielege, effektive og gje tenestetilbod av høg kvalitet innan sine verksemdsområde.
4. Arbeida for ein eigarstruktur med færrest mogleg einingar som gjev best moglegheit for demokratisk styring.
5. Utvalet kjem tilbake med plan for framdrifta av arbeidet etter at dei har hatt sitt første møte, med målsetting om at fellesnemnda gjer vedtak i saka innan utgangen av første halvår 2018.

## Framdriftsplan

I møte 12. desember 2017 vedtok utvalet slik framdriftsplan:

Planen for 2018 ser slik ut inkl. endringar føreslege i møtet:

- 4. januar: Møte i utval for eigarskap  
Utsending av oppdatert rapportutkast til medlemmane i etterkant av møtet
- 22. januar: Løypemelding til fellesnemnda
- 25. januar: Møte i utval for eigarskap  
Utsending av oppdatert rapportutkast til medlemmane i etterkant av møtet
- 5. februar: Avklare Brann og redning samt konsolidering av andre IKS
- 15.februar: Møte i utval for eigarskap. Administrasjonen set opp forslag til konkrete Område. Utsending av oppdatert rapportutkast til medlemmane i etterkant av møtet
- 8. mars: Møte i utval for eigarskap Administrasjonen set opp forslag til konkrete område. Utsending av oppdatert rapportutkast til medlemmane i etterkant av møtet
- 22. mars: Behandling av forslag til sluttrapport  
Utsending av utkast til sluttrapport til medlemmane i etterkant av møtet
- 27. mars: Potensielt ekstramøte dersom ein ikkje vert ferdig tidlegare
- 16. april: Fellesnemnda behandlar utvalet sin sluttrapport

Om utvalet treng ytterlegare tid til å handsama sluttrapporten, vert det lagt opp til eit ekstra møte.

## Status så langt (januar 2018)

I møtet den 4. januar 2018 har utvalet diskutert fleire problemstillingar om modellar som det er semje om.

Til møte i fellesnemnda vil leiar Atle Dåvøy leggja fram ein presentasjon av arbeidet der han i hovudtrekk går gjennom status av arbeidet så langt.

### **Vurdering:**

Prosjektleiar si vurdering er at utval for eigarskapsmodellar har hatt ei jamn framdrift i sitt arbeid fram til no. Det har vore gode diskusjonar og innspel. Juridisk bistand har klargjort og tydeleggjort vegval og alternativ. Sluttrapporten er ennå ikkje landa, og det kan vera behov for fleire rundar innan dei mest krevjande områda.

Samstundes opplever utvalet at sluttrapporten skal vera klar for levering i høve til vedteken framdriftsplan – altså i slutten av mars 2018. Fellesnemnda kan då slutthandsama rapporten i god tid før sommarferien.

Det vert synt til utvalsleiaren sin presentasjon som vert lagt fram og gjennomgått i møtet.



## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	22.01.2018

### Mandat for arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet

#### Samandrag av saka:

**I møte 4. desember 2017 bad fellesnemnda om at arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet utarbeider eit framlegg til mandat for arbeidet sitt. Framlegg til mandat skal òg innehalde eit budsjett for arbeidet som skal gjerast av arbeidsgruppa.**

**Arbeidsgruppa vil gjerne ha mandatet klårt og tydeleg før det vert lagt fram eit rammebudsjett for tiltak og aktivitetar, og ber om ei tilbakemelding frå fellesnemnda om dette slik at mandat vert lagt fram først og at budsjett kjem i ettertid.**

**Lokaldemokratiprosessane presentert i mandatet har som mål å mobilisera engasjement hos innbyggjarane, dei tilsette, næringslivet, lag og organisasjonar. Utvikling av nærdemokratiordningar, når vi går mot ny storkommune, er viktige moment i arbeidet: Dette vil sikra at dei folkevalde har kjennskap til innbyggjarane sine meiningar og behov, og omvendt.**

#### Innstilling:

1. Fellesnemnda sluttar seg til mandat presentert i saka, med følgjande korrigeringar og føringar: .....
2. Fellesnemnda sluttar seg til at arbeidet med lokaldemokrati og identitet skal bruke Øygarden2020 som omdømmebyggingsnamn i prosjektfasen fram til 2020.
3. Fellesnemnda vedtek at arrangement som skal gjennomførast i 2018 er: MOT-festival, framtidseminar, kystpass for turløyper i den nye kommunen, og internt kulturbyggingsarrangement for tilsette.
4. Fellesnemnda ber om at arbeidsgruppa til fellesnemnda sitt møte 19. mars 2018 presenterer eit rammebudsjett for dei tiltak og arrangement som mandatet for arbeidsgruppa presenterer.

Straume, den 15.01.2018

Paul J. Manger  
Prosjektleder

### **Dokument vedlagt saka:**

- Utkast mandat for arbeidsgruppa

### **Saksopplysningar:**

Arbeidsgruppa sitt arbeid med lokaldemokrati og identitet vil ha mange berøringspunkt med nye Øygarden kommune sin vedtekne kommunikasjonsplan. Medverknad, openheit og inkludering er stikkord i prosessarbeidet for gruppa sitt arbeid framover. Innbyggjarane i dei tre kommunane skal i sterk grad vera involvert i mobiliseringa av vi-kjensla for arbeidet framover. Å bruke Øygarden2020 som namn i omdømmebygging fram mot 2020 er foreslått for å tydeliggjera startpunktet for vår nye kommune. Arbeidsgruppa meiner at vår nye kommune og Øygarden2020 begge bør brukas vidare i kommunikasjonsplattformer. Øygarden2020 vil fungere svært treffsikkert på prosessarbeidet som det vert arbeidd med innan lokaldemokrati og identitet. Visjonen er «eit fyrtårn i vest».

Lokaldemokratiprosessane har som mål å mobilisera engasjement hos innbyggjarane, dei tilsette, næringslivet, lag og organisasjonar. Utvikling av nærdemokratiordningar, når vi går mot ny storkommune, er viktige moment i arbeidet: Dette vil sikra at dei folkevalde har kjennskap til innbyggjarane sine meiningar og behov, og omvendt. Å oppretthalda ein låg terskel for politisk engasjement i Øygarden2020 styrker demokratiseringsprosessane.

Utfordringane er at dette krev ressursar, det kan hindre felles identitet og det kan hindre effektivitet. Eit ramme budsjett vil ta høgde for utfordringane og tilrettelagd etablering av system og kontaktpunkt som sikrar dei folkevald sin dialog med innbyggjarane. Konkrete tiltak i desse prosessane er å gjennomføre ei undersøking av tilfredsheita med korleis lokaldemokratiet fungerer i samanslåingskommunane. Undersøkinga sitt resultat gjer det mogleg å retta innsats mot bestemte tema eller område i den nye kommunen. Undersøkinga kan også utgjere eit «nullpunkt» for seinare målingar av korleis lokaldemokratiet i den nye kommunen utviklar seg. Dette vil kunne gje nyttig innsikt i prosessen vidare.

I prosessen med lokaldemokrati og identitet skal det arbeidast med sosiale møteplassar, nettverksbygging og dialogutveksling. Dette skal skje både internt for tilsette i eigen kommune gjennom kulturarrangement, med framtidseminar, og MOT-festival for innbyggjarane. Digitale kanalar vert viktige i arbeidet framover. Døme på dette er utvikling av ein app, der alle innbyggjarar og tilsette kan levere innspel til korleis dei ser for seg Øygarden2020, elektronisk nedteljingsur for Øygarden2020 på strategisk plasserte stadar i kommunen, profileringsartiklar knytt til «KystStril Øygarden2020» m.m.

Fokus i prosjektet:

1. Utvikling av lokaldemokratiprosessane

2. Felles identitet for Øygarden2020 og kva som skal peike på kommunen sin identitet etter 2020.

### **Omdømmebygging**

Omdømmebygging dreier seg om at kommunen med utgangspunkt i innbyggjarane sine behov, bestemmer seg for kva Nye Øygarden kommune vil vere kjent for, og at bygginga skapar positive assosiasjonar. På denne måten vert det etablert ein tydeleg og attraktiv posisjon av kommunen vår - Øygarden2020.

Alt Øygarden2020 gjer former oppfatninga av kommunen hos innbyggjarar, næringslivet, det frivillige liv, styresmakter, i internasjonale relasjonar og hos potensielle medarbeidarar. Dess meir positive desse assosiasjonane er, desto meir bulyst, positivt engasjement, eigarskap, etablerarskap og vekst vil Øygarden2020 få. Omdømmebygging dreier seg om å skape positive oppfatningar av kommunen, både i kommunen og rundt kommunen på ein slik måte at folk ønskjer å flytte hit og etablere seg. Innbyggjarar og folkevalde skal vera stolte over kommunen, og kommunen skal vera god på demokratisering og dialog.

### **Milepelsplan 2018**

Interne arrangement for tilsette

Innbyggjarundersøking, digitale verktøy

MOT festival

Framtidsseminar

Kystpasset – turløyper i den nye kommunen

Stimulering av nye samarbeidsorgan – nærdemokratiordningar

Designutvikling Øygarden2020 digitale kommunikasjonsverktøy

### **Milepelsplan 2019**

Etablering av debatt og innspelsarena retta mot innbyggjarane – identitet Øygarden2020

Felles kulturarrangement Øygarden2020

Utrulling av strategisk omdømmebygging

Stimulering av nye samarbeidsorgan – nærdemokratiordningar

### **Vurdering:**

Den oppnemnte arbeidsgruppa er opptatt av at ein gjennom ein sterk involveringsprosess, både internt og eksternt, sikrar fokus på eigarskap, demokratisering og bygging av identitet nedanfrå og opp. På den måten vert det etablert eit godt grunnlag for å skapa ei felles vi-kjensle i Øygarden2020. Styrking av nærdemokratiordningar, debattarenaer og fellesarrangement skal bidra til felles eigarskap og styrking av identitet. Gjennom involveringsprosessane, som mandatet og milepelsplanen peiker på, set vi i gang og legg til rette for at det vert entusiasme og blest om den nye kommunen. I tillegg sikrar vi lokaldemokratiske prosessar fram mot 1.1.2020.

Prosjektleiaren meiner at det er viktig å få på plass eit rammebudsjett for dei tiltak og arrangement som vert presentert i mandatet for arbeidsgruppa, med dei korrigeringar og føringar som fellesnemnda gir i møte 22. januar 2018. Arbeidsgruppa vil presentere eit rammebudsjett med spesifikke budsjettpostar til fellesnemnda sitt møte i mars 2018.

# MANDAT for prosjekt

## Lokaldemokrati og identitet

---

### 1. Prosjekteigar

Fellesnemnda Nye Øygarden kommune

### 2. Bakgrunn

Fjell, Sund og Øygarden vert ein kommune frå 01.01.2020. I perioden fram mot 1.1.2020 vil kultur vere ein viktig identitetsskapande faktor, og det er i denne prosessen eit mål å skapa vi-kjensla i Nye Øygarden kommune. Slik sett er kultur avgjerande for å lukkast med identitetsbygging og samanslåing. Kultur, kulturminne, idrett og friluftsliv vil kunna fungera som ei positiv drivkraft og motor i samanslåingsprosessen. Ein prosess med utgangspunkt i kulturen vår vert identitetsskapande for både tilsette, frivillige lag og organisasjonar og innbyggjarar.

### 3. Formål

Vår nye storkommune skal ha gode plattformer for lokaldemokratiordningar og kommunikasjon, både publikumsretta og i tenesteyting. Arbeidet med lokaldemokrati og identitet vil ha mange berøringspunkt med kommunikasjonsplanen som er vedtatt, då medverknad, openheit og inkludering er stikkord i prosessarbeidet for å skapa vi-kjensla.

### 4. Mål

- Sikre god heilskapleg vi -kjensle i Nye Øygarden kommune
  - Styrkja og utvikla nærdemokratiordningar
  - Mobilsera engasjement hos befolkninga, dei tilsette, næringslivet, lag og organisasjonar
  - Sikra at dei folkevalde har kjennskap til innbyggjarane sine meiningar og behov, og omvendt

Gjennom to fasar i arbeidet sikra vi-kjensla:

- **Fase 1 (jan-mai 2018):**  
Gjennom dialog/medverknad med aktuelle aktørar som blant anna frivillige lag og organisasjonar utarbeida oversikt over aktivitetar/prosjekt
  - Gjennomføra lokaldemokratiundersøking
  - Setje i gang debattarenaer
- **Fase 2 (Mai 2018- 2020):**  
Utvikla profilering for omdømmebygging.  
Strategisk bruk av omdømmebygging gjennom symbolbruk, profilering og plassering.
  - Gjennomføra aktivitetar
  - Gjennomføra fellesarrangement
  - Gjennomføra utrulling av nærdemokratiprojekt

### 5. Omfang og avgrensing

Prosjektet skal sikra god heilskapleg vi-kjensle, omfanget er punktvis presentert:

- Prosjektet skal sikra felles kulturarrangement for alle innbyggjarane i Sund, Fjell og Øygarden fram mot 2020.
- Prosjektet skal sikra felles sosiale arrangement for tilsette i Sund, Fjell og Øygarden fram mot 2020.
- Prosjektet skal sikra utvikling av nærdemokratiordningar for å ta vare på bygdene i Øygarden, Sund og Fjell.

Tema/område som prosjektet ikkje skal arbeide med kan òg presenterast:

- Intern kulturutvikling for tilsette i vår nye kommune
- Internasjonalisering
- Næringsutvikling – «Eit fyrtårn i Vest» - merkevarebygging

## 6. Rammevilkår

Fellesnemnda vedtar omfanget av aktivitetane i prosjektet gjennom tildeling i eit rammebudsjett. Virkemidlar frå samfunnsatsinga for etablering av vi-kjensle gjennom mobilisering og involvering vil avgjera omfanget av konkrete tiltak fram mot Øygarden2020

## 7. Økonomi

### Milepælsplan 2018

Interne arrangement for tilsette

Innbyggjarundersøking, digitale verktøy

MOT-festival

Framtidsseminar

Kystpasset – turløyper i den nye kommunen

Stimulering av nye samarbeidsorgan – nærdemokratiordningar

Designutvikling og Øygarden2020 digitale kommunikasjonsverktøy

### Milepælsplan 2019

Etablering av debatt og arena for innspel retta mot innbyggjarane – identitet Øygarden2020

Felles kulturarrangement Øygarden2020

Utrulling av strategisk omdømmebygging

Stimulering av nye samarbeidsorgan – nærdemokratiordningar

## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	22.01.2018

### **Samordning av adressesystem i Nye Øygarden kommune - kriterier for endring av adressenamn**

#### **Samandrag av saka:**

**Kommunane i Noreg er ansvarlege for å ha eit adressesystem, og for å vedlikehalde og ev. gjere naudsynte endringar i dette. Systemet er bygd opp av adresseparsellar med tilhørande adressekodar, adressenummer (hus-nummer) og adressenamn. Adressenamna skal vere mest mogleg eintydige, slik at ein unngår like/svært like adressenamn i same kommune. Dette gjeld ikkje gards- eller stadnamn.**

**Ved kommunesamanslåinga krev lovgjevinga at adressesystema vert samordna for dei tre kommunane, som i dag har fleire adressenamn som er doble/heilt eller svært like. Ein må endre namn på veger, gater, stiar, plassar der det førekjem doble adressenamn , og gje nye namn til dei som må omadresserast.**

**Kva for namn som må endrast kan vere vanskeleg å ta stilling til, og må difor gjerast ut frå ei totalvurdering av ulike kriterier.**

**I denne saka tilrår prosjektleiaren at eit slikt arbeid vert igangsett, og at dei føreslegne kriteria vert lagt til grunn for arbeidet. Organiseringa av arbeidet vil verte gjort i samsvar med tidlegare vedtak i Fellesnemnda.**

#### **Innstilling:**

1. Det vert sett i gang eit arbeid med å endre like og svært like adressenamn for Nye Øygarden kommune.
2. Følgjande kriterier vert lagt til grunn for endringane:
  - Prioritere vegar/adresseparsellar med mange adresseiningar, slik at færrest mogleg må endre adresse.
  - Prioritering av adressenamn med tilknytning til gamle gardsnamn og/eller stadnamn, og veletablerte namn som mange har sterk/lang tilknytning til.



- Prioritering av namn som vert ofte brukt av mange, t.d. adressenamn knytt til stader med næringsverksemd og/eller offentleg verksemd.
- Prioritering av adressenamn som høyrer saman (nordre, søre osv.)
- Prioritere å slette små/korte vegparsellar med eige adressenamn som enkelt kan endrast/ omadresserast til tilstøytande veg.

Straume, den 15.01.2018

Paul J. Manger  
Prosjektleder

#### **Dokument vedlagt saka:**

Ingen

#### **Saksopplysningar:**

Matrikkelen er Noregs offisielle register over fast eigedom, bygningar, bustader og adresser. Adresseregverket finn vi i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova). Adressesystemet er bygd opp kommunevis samstundes som føring av adresser i matrikkelen bidrar til et felles adresssystem for heile landet.

Adressenamn er definert som namn på gate, veg, sti, plass eller område, brukt som del av den offisielle adressa. Eit adressenamn skal vere eintydig innanfor same kommune. Den viktigaste årsaka til dette er omsynet til naudetatane. Naudetatane vert også meir og meir sentraliserte, og lokalkunnskapen der kan av den grunn vere liten eller fråverande. Stor avstand mellom vegar/adresseparsellar med like eller svær like adressenamn kan ha negative konsekvensar dersom adressa vert misoppfatta.

Adressa er også grunnlag for informasjon om tilhørande offisielle *krinsdata* som kyrkjjesokn, valkrins, grunnkrins, tettstad og postnummerområde. Den skal også tene som stadfestingsobjekt og nøkkel til aktuell informasjon i private og offentlege register og arkiv. Eit oppdatert adresssystem er og ein viktig føresetnad for at ei rekkje av tenestene som kommunen skal yte til innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og andre offentlege organ vert levert på ein tilfredstillande måte.

Lova gjev kommunane høve til å endre eller slette tidligare tildelte adresser når det er nødvendig.

Det er kommunen sjølv som vedtek adressenamn. Til grunn ligg ein relativt omfattande prosess, som også inkluderer stor medverknadsrett og høyringsrett frå innbyggjarane

generelt, frå dei som vert direkte berørt av endringane, og frå offentlege institusjonar og private verksemdar. Normalt er det kommunestyra som gjer sluttvedtak. Skrivemåten vert fastsett av faginstansar (t.d. kartverket) ut frå regelverket i lov om stadnamn.

Kommunane i Nye Øygarden kommune har ei rekke adressenamn som er heilt eller svært like.

Arbeidet med å endre adressenamn er omfattande og krevjande og det kan vere vanskeleg å ta stilling til kva for adressenamn som må endrast eller skal bestå. I val av kriteria kan følgjande vektleggast i dette arbeidet;

- vegar/adresseparsellar med mange adresseeiningar, slik at færrest mogleg må endre adresse.
- adressenamn med tilknytning til gamle gardsnamn og/eller stadnamn, og etablerte namn som mange har sterk/lang tilknytning til.
- namn som vert ofte brukt av mange, t.d. adressenamn knytt til stader med næringsverksemd og/eller offentlig verksemd.
- adressenamn som høyrer saman (nordre, sørre osv.)
- Prioritere å slette små/korte vegparsellar med eige adressenamn som enkelt kan endrast/ omdresserast til tilstøytande veg.

#### Døme:

Adressenamn	Kommune	Adresseeiningar			Ikke fastsette kriteria						Bør ikkje endrast	Kven skal endre	Forslag til nytt adressenamn
		Fastbuande	Næring/ offentleg tenesteyt ing	Fritids- bustad	Tildelte nummer	Tilknytning til gards- /stadnamn	Sterk tilknytning for fleire enn adressatane	Etablerte namn med lang alder/histor ikk	Hører saman med anna adresse namn	Kan omadresserast til tilstøtande veg			
Dalen	Fjell	2			2								
	Sund	7			7								
Fagrebakkane	Øygarden	8			8								
Fagrebakken	Fjell	2			2							Arefjordvegen	Fjell
Garen	Fjell	4	1	5	10								Fjell
	Sund	16			16								
Nesvegen	Øygarden		5		5	✓							Øygarden
Nesvegen	Fjell				35	✓					✓		
Nesevegen	Øygarden	8			8								Øygarden

#### Vurdering:

Eit presist adressesystem er ein viktig føresetnad for at ei rekkje av tenestene som kommunen og andre aktørar skal yte vert levert på ein tilfredstillande måte. Eit særleg godt døme på dette er naudetatane sine behov, men også ei rekkje andre tenester, ulike verksemdar, lag og organisasjonar og innbyggjarar er tent med eit godt system.

Samanslåinga av dei tre kommunane representerer ei stor utfordring i så måte. For å unngå mistydingar på grunn av like eller svært like adressenamn i Nye Øygarden kommune må nokre adresseparsellar endre namn i større eller mindre grad. Det kan vere vanskeleg å ta avgjerder i saker som dette, men ei vurdering og vektning ut frå førehandsbestemte kriterier vil gjere det enklare å tilrå dei aktuelle namneendringane. Difor er det viktig at arbeidet vert starta opp snarast mogleg, og at kriteria for val av namn er gode nok.

Om fellesnemnda opnar for dette, vil administrasjonen utarbeide framlegg til namneendringar / nye namn basert på kriteria, og presentere desse i ei ny sak for fellesnemnda. Etter at

fellesnemnda har vurdert tilrådingane frå administrasjonen og ev. tilrådd endringar i desse, er det klart for ein relativt omfattande høyringsprosess blant innbyggjarar, verksemdar, og ulike offentlege og private aktørar, faginstansar mfl. med interesser og synspunkt i denne samanheng vert involvert. Deretter skal saka opp til endeleg avgjerd i kommunen. Prosjektleiaren ser føre seg ein vidare dialog med fellesnemnda om prosedyrane i denne prosessen, og kjem attende på dette.

I denne fasen av arbeidet er det viktigast, - slik prosjektleiaren ser det,- at fellesnemnda gjev si tilslutning til igangsetting av arbeidet og ei vurdering og eit vedtak om kva kriterier det skal bygge på.

## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	22.01.2018

### Nye Øygarden kommune - samordning av gardsnummersystema

#### Samandrag av saka:

**Kvar kommune i Noreg har sitt eige sett av gards- og bruksnummer, som saman med kommunenummeret gjev kvar eigedom sin unike identitet. Sund, Fjell og Øygarden sin gardsnummerserie startar alle på gardsnummer 1. Ved samanslåinga må gardsnummerserien samordnast, slik at ein får eit felles system.**

**Statens kartverk har ansvar for nummereringa ved kommunesamanslåing, og har utarbeidd eit framlegg til gardsnummerserie i Nye Øygarden kommune. Den inneber at Fjell beheld eksisterande nummerserie som startar på gnr.1. For eigedomane i Sund legg ein til 100 og startar på 101, og for eigedomane i Øygarden legg ein til 200 og startar på 201. Bruksnumra vert ikkje endra. Den nye kommunen har høve til å uttale seg til dette, med uttalefrist 14.februar 2018.**

**Prosjektleiaren rår til at Nye Øygarden kommune legg kartverket si tilråding til grunn, og melder dette tilbake til Statens kartverk.**

#### Innstilling:

1. Fellesnemnda godkjenner at det vert etablert eit nytt gardsnummersystem i Nye Øygarden kommune, med verknad frå 01.01.2020. og i samsvar med tilrådinga frå Statens kartverk.
2. Det nye gardsnummersystemet tar utgangspunkt i gjeldande system for kvar av dei tre kommunane, og tilpassar det til eit felles system etter følgjande føresetnader:
  - Fjell beheld eksisterande gardsnummerserie (startar på gnr. 1)
  - Sund legg til 100 (startar då på gnr. 101)
  - Øygarden legg til 200 (startar då på gnr. 201)
3. Bruksnumra vert ikkje endra i denne samanheng for nokon av eigedomane.
4. Prosjektleiar gjev tilbakemelding til Statens kartverk innan fristen 14.02.2018.

Straume, den 15.01.2018

Paul J. Manger  
Prosjektleder

### **Dokument vedlagt saka:**

E-post frå Statens kartverk v/Veronica Trygstad, datert 14.november 2017

### **Saksopplysningar:**

Systemet vi har for gards- og bruksnummer i dag, vart innført i Noreg i 1863-83. Kvar gard fekk då tildelt gardsnummer kommunevis frå gnr. 1 og oppover. Underbruka av hovudgardane fekk i tillegg bruksnummer.

Kommune-, gards- og bruksnummer er ein eigedom sin unike identitet. Eit gards- og bruksnummer er registrert både i matrikkelen (eigedomsregisteret) og i grunnboka.

Sund, Fjell og Øygarden sin gardsnummerserie startar alle på gardsnummer 1. Ved samanslåinga må gardsnummerserien samordnast, slik at ein får eit felles system.

Statens kartverk har ansvar for nummereringa ved kommunesamanslåing, og har utarbeidd eit framlegg til gardsnummerserie i Nye Øygarden kommune. Den inneber at Fjell beheld eksisterande nummerserie som startar på gnr.1. For eigedomane i Sund legg ein til 100 og startar på 101, og for eigedomane i Øygarden legg ein til 200 og startar på 201. Bruksnumra vert ikkje endra.

Den nye kommunen har høve til å uttale seg til dette, med uttalefrist 14.februar 2018.

### **Vurdering:**

Endring av gardsnummer har i praksis lite å sei for den einskilde innbyggjar. Bruksnummer vert uendra. Gards- og bruksnummer vert sjeldan brukt i andre samanhengar enn mot offentlege instansar. Adresse er mest nytta som referanse.

Prosjektleder meiner at Kartverket sitt forslag er ei naturleg løysing, og rår til at det vert vedteke.

## Anne Grethe Sangolt Hagenes

---

**Fra:** Veronica Trygstad <Veronica.Trygstad@kartverket.no>  
**Sendt:** 14. november 2017 10:43  
**Til:** age.opheim@fjell.kommune.no; Anne Grethe Sangolt Hagenes;  
jannicke.algeroy@oygarden.kommune.no  
**Kopi:** Sunniva Berg Trones; Britt Anne Bergfjord  
**Emne:** Kommunesammenslåing- Anbefalte gårdsnummer  
**Vedlegg:** I-I Gårdsnummer Fjell, Sund og Øygarden.xls

Hei.

Kartverket som sentral matrikkelmyndighet har ansvar for omnummerering av matrikkelenheter ved kommunesammenslåing og justering av kommunegrense. I denne forbindelse er det utarbeidet en [retningslinje](#). Det vises også til [sjekkliste for kommunesammenslåing](#).

Kartverket har i samsvar med retningslinjen, med noen lokale tilpasninger, utarbeidet forslag til gårdsnummerserier for de sammenslåtte kommunene. Vedlagt følger Kartverkets anbefalte gårdsnummer for kommune 4626. Vi viser i denne forbindelse til matrikkelforskriften § 7 fjerde ledd hvor det blant annet fremgår at «*ved større endringer i gårdsnummerseriene skal det innhentes godkjenning fra Statens Kartverk.*»

Vi ber kommunene om å vurdere forslaget fra Kartverket, og komme med tilbakemelding på dette. Det gjøres oppmerksom på at kommunene må vurdere behovet for å rydde i matrikkelen, og gjøre Kartverket kjent med eventuelle grensejusteringssaker, gårdsnumre som vil utgå eller andre forhold som kan ha betydning for det endelige resultatet.

Det presiseres at forslaget fra Kartverket kun er en anbefaling. Den vedlagte anbefalingen er i samsvar med det Kartverket kan godkjenne.

Når kommunen har sett på forslaget fra Kartverket, ber vi dere snarest og senest innen **14.02.2018** gi en tilbakemelding på om forslaget godtas, med eventuelle endringer som vil påløpe etter oppryddingsarbeid i matrikkelen.

### **Fjell kommune, Sund kommune og Øygarden kommune- Forklaring til Kartverkets anbefaling**

I nåværende Øygarden kommune er det et sprang i gårdsnummereringen fra gårdsnummer 13 til gårdsnummer 34. Med formål om å ivareta gjenkjenningfaktoren vil dette spranget bevares ved tildeling av nye numre, da ikke noe tyder på at dette er konstruerte gårdsnumre med tilknyttede egenskaper.

Ta gjerne kontakt ved spørsmål om gårdsnummerering.

Mvh



### **Veronica Trygstad**

Overingeniør  
Kartverket/Eiendomsdivisjonen  
Matrikkel-og stedsnavnavdelingen  
Tlf.: +47 32 11 83 95  
Epost: [veronica.trygstad@kartverket.no](mailto:veronica.trygstad@kartverket.no)  
Tlf. Kartverket: 08700  
[www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)





## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	22.01.2018

### **Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 22.januar 2018**

#### **Samandrag av saka:**

Milepelsplanen for prosjekt Nye Øygarden kommune vert oppdatert til kvart møte i fellesnemnda, og likeins etter møta med dei vedtak nemnda gjer.

Planen er då til ei kvar tid å finne i saksframlegga og protokollane til fellesnemnda, og på prosjektet si heimeside.

#### **Innstilling:**

Fellesnemnda tek endringar og korrigeringar i milepelsplanen til orientering.

Straume, den 15.01.2018

Paul J. Manger  
Prosjektleder



**Dokument vedlagt saka:**

Milepelsplan til møte i fellesnemnda 22.januar 2017

**Saksopplysningar:**

Milepelsplanen for prosjekt Nye Øygarden kommune vert oppdatert til kvart møte i fellesnemnda, og likeins etter møta med dei vedtak nemnda gjer.

Til dette møtet er det gjort følgjande endringar og tilpassingar:

- Prosjekt 16: Igangsatt som planlagt av partsamansett utval i møte 10.januar 2018.  
Fargekode endra.
- Prosjekt 17: Tidspunkt for handsaming/vedtak i fellesnemnda endra.
- Prosjekt 18: Nytt prosjekt. Jf. ny sak til møte i fellesnemnda 22.01
- Prosjekt 19: Nytt prosjekt. Jf. ny sak til møte i fellesnemnda 22.01
- Prosjekt 20-35: Prosjektnummer justert pga. dei nye prosjekta

**Vurdering:**

Milepelsplanen er oppdatert i samsvar med forståinga mellom fellesnemnda og prosjektleiar.



# MILEPELSPLAN

Til møte i fellesnemnda 22.januar 2018

Adm. Framl      Pol vedteke  
■ Start/avslutning    ■ Start/avslutning  
■ Under arbeid      ■ Under arbeid

Prosjektområde	2017		2018				2019				2020	
	3. kv	4. kv	1. kv	2. kv	3. kv	4. kv	1. kv	2. kv	3. kv	4. kv		
Etablere/ utvikle/tilpasse prosjektorganisasjon												
1. Konstituering av fellesnemnda												
2. Modell for organisering av prosjekt Nye Øygarden												
3. Budsjett for prosjektperioden												
4. Partsamansett utval												
5. Utval for ny politisk styringsstruktur												
6. Utval for arbeid med eigarskapsmodell												
7. Mandat for prosjektarbeidet												
8. Milepelsplan												
9. Digitaliseringsprosjekt KS/deltaking og finansiering												
10. Valkomite for fellesnemnda												
11. Kommunikasjonsplan												
12. Risikovurderinger knytt til samanslåingsprosessen												
13. Lokaldemokrati og identitet												
14. Ny Matrikkel												
15. Omstillingsavtale. Samordn. av ulike personalvilkår												



Prosjektområde	2017		2018				2019				2020
16. Arbeidsgrupper; personalfeltet og tenestekområda											
17. Vurdering av vedtekne budsjett i kommunane											
18. Samordning av adressesystema i NØK, kriterie											
19. Ny gardnummerserie – endringar tilpassa NØK											
20. Organisere arbeidet med kommunevalet 2019											
21. Støtnadsordningar for prosjektet											
22. IKT og infrastruktur. Samordna løysingar og system											
23. Samordning og koordinering av ulike fagsystem											
24. Framtidig pensjonsordning											
25. Administrativ organisering											
26. Samordning av kommunale gebyr											
27. Utgreie konsekvensar av eigedomsskatt											
28. Plan for framtidige planoppgåver											
29. Etablere kunnskapsklynge											
30. Kommunal infrastruktur. Kartlegging og vurdering											
31. Overføring av regionale og statlege arb.oppgåver											
32. Val av revisor for Nye Øygarden kommune											
33. Val av sekretariat for kontrollutvalet											
34. Tilsetting av rådmann for nye Øygarden kommune											
35. Budsjett for nye Øygarden kommune											



Prosjektområde	2017		2018			2019				2020

Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
1	Konstituering av fellesnemnda	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda /drøfting og vedtak	2.oktober 2017
2	Modell for organisering av prosjektet- politisk og administrativt	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/drøfting og vedtak	2.oktober 2017
3	Budsjett for prosjektperioden. Skisse	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting	2.oktober 2017
4	Oppnemne partssamansett utval	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017
5	Oppnemne utval for å arbeide fram politisk styringsstruktur i den nye kommunen. Inkl utarbeiding av nytt delegasjonsreglement. Inkl. vedtak av mandat*)	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017 / *30.okt.2017
6	Oppnemne utval for å vurdere eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i den nye kommunen. Inkl. vedtak av mandat*)	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017 / *30.okt.2017



Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
7	Mandat for prosjektarbeidet	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017
8	Milepelsplan. System for kontinuerleg oppdatering av arbeidet med å skipa nye Øygarden kommune. Utvikling av innhald og framdrift i heile prosjektperioden i nært samarbeid mellom fellesnemnda og prosjektleder.	Prosjektleder/ saksframlegg og kontinuerleg ajourhald og oppdatering	Fellesnemnda/ drøfting og tilbakemeldingar	Første gong 2.oktober 2017
9	Digitalisering. Prosjekt i regi av KS. Førespurnad om deltaking i finansiering	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober / 30.oktober 2017
10	Etablere eigen valkomite for fellesnemnda	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	30.oktober 2017
11	Utarbeida kommunikasjonsplan. Prioritera fortløpande informasjon og kommunikasjon mellom fellesnemnda, prosjektleiinga og innbyggjarane	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	30.oktober 2017
12	Risikovurderingar for arbeidet med å slå saman dei tre kommunane. Gjennomgang og vurdering av risiko i arbeidet med å etablere Nye Øygarden kommune.	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og godkjenning av mandat for arbeidet	20.november 2017
13	Lokaldemokrati og identitet. Ei gruppe samansett av tre politikarar og dei tre kulturleiarane i kommunane får i oppgåve å sjå på tiltak for å byggje lokaldemokratiske ordningar og identitet i Nye Øygarden kommune.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	20.november 2017
14	Ny matrikkel. Prosjekt i samsvar med Kartverket sin prosjektplan for arbeid med ny matrikkel i nye kommunar. Administrativ arbeidsgruppe	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat.	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	20.november 2017



Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
15	Omstillingsavtale. Partsamansett utval (PSU) har nedsett ei arbeidsgruppe for arbeid med avtalen der dei tre personalsjefane, fire repr. frå hovudsamanslutningane og eit hovudverneombod er med. Arbeidsgruppa sitt framlegg er planlagt handsama i PSU 20.februar og i fellesnemnda 19.mars 2018	Prosjektleder/ Saksframlegg m/mandat	Partsamansett utval: drøfting. Fellesnemnda: vedtak	21.november 2017/ 20.februar 2018/ 19.mars 2018
16	Arbeidsgrupper innan personalfeltet og tenesteområda. Det vil verte etablert arbeidsgrupper knytt til lønspolitikk, partssamarbeid og kompetanse og utvikling. I tillegg arbeidsgrupper knytt til dei ulike tenesteområda.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Partsamansett utval	10.januar 2018
17	Vurdering av vedtekne budsjett i Øygarden, Sund og Fjell i samsvar med brev av 17.11.2017 frå Fylkesmannen i Hordaland.	Prosjektleder/ Saksframlegg	Fellesnemnda/drøfting og vedtak	22.januar 2018
18	Samordning av adressesystema i Nye Øygarden kommune - Kriterie for endring av adressenamn.	Prosjektleder/ Saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	22.januar 2018
19	Ny gardnummerserie – endringar tilpassa samanslåinga av Øygarden, Sund og Fjell.	Prosjektleder/ Saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	22.januar 2018
20	Organisera arbeidet med kommunevalet i 2019	Prosjektleder/ Saksframlegg	Fellesnemnda/drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
21	Avklare aktuelle stønadsordningar for prosjektet. Finne og vurdere statlege og evt. andre ordningar som ein kan søkje om eller på andre måtar gjere seg nytte av. Både økonomiske, kompetansemessige e.a.	Prosjektleder/ saksframlegg eller orientering	Fellesnemnda/ Informasjon	1.kvartal 2018
22	IKT og infrastruktur. Utvikling av samordna system for heile den nye kommunen. Oppfølging av tidlegare kartlegging av IKT-systema i kvar av	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018



Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
	kommunane. Administrativ arbeidsgruppe, inkl. tillitsvalde			
23	Samordning og koordinering av ulike fagsystem, herunder arkivsystem, system for internkontroll m.v. Alle fagområde. Administrativ arbeidsgruppe m/tillitsvalde	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
24	Avklare framtidig pensjonskasseordning med sikte på samordning Jfr tidlegare kartlegging i regi av førebuande fellesnemnd. Arbeidsgruppe m/tillitsvalde.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
25	Utvikle administrativ organisasjonsmodell. Inkl lokalisering av arbeidsplassar og –funksjonar, også dei kommunale NAV-tenestene. Jfr s.7 i Intensjonsavtalen. Administrativ arbeidsgruppe koordinert med administrativ gruppe for omstillingsavtale.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
26	Samordning av kommunale gebyr for alle prissette tenester som t.d byggesak, kart og oppmåling, renovasjon m.v. Arbeidsgruppe.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
27	Utgreie konsekvensar av eigedomsskatt på verk, bruk og næring. Jfr «Eigedomsskatt» i kap.10 i Intensjonsavtalen. Politisk arbeidsgruppe	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018
28	Plan for igangsetting av arbeidet med framtidige planoppgåver med særleg prioritet. Vurdera innhald, tidspunkt for oppstart, organisering m.v planer og planformer som vil ha særleg relevans i høve ny storkommune. T.d kommuneplanen sin samfunnsdel, kommuneplanen sin arealdel, felles kulturplan m.v. Arbeidsgruppe	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018
29	Etablere kunnskapsklynge for aktuelle næringer og verksemdar. Sjøast i samanheng med etablering av ny vidaregåande skule og høgskuleutdanning. Politisk arbeidsutval	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018



Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
30	Kartlegging og vurdering av kommunal infrastruktur Kartlegga noverande infrastruktur som bygg, anlegg, køyrety og anna utstyr. Vurdera vidare bruk. Arbeidsgruppe	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018
31	Overføring av regionale og statlege arbeidsområde.	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	3.kvartal 2018
32	Val av revisor i Nye Øygarden kommune Jf reglement for fellesnemnda.	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	3.kvartal 2018
33	Val av sekretariat for kontrollutvalet	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	3.kvartal 2018
34	Tilsetting av rådmann i nye Øygarden kommune. Jf Inndelingslova og vedteke reglement for fellesnemnda. Politisk utval utarbeider framlegg til premissar for prosess m.v	Prosjektleder/ saksframlegg om etablering av utval, inkl. mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	4.kvartal 2018
35	Førebu budsjett for Nye Øygarden kommune. Jf §26 i Inndelingslova. Årsbudsjett for første driftsår, økonomiplan, investeringsbudsjett og handlingsprogram. Politisk utval med ansvar for utarbeiding av framlegg til budsjett- og plandokument	Prosjektleder/ saksframlegg om etablering av utval, inkl. mandat	Fellesnemnda, drøfting og vedtak	1.kvartal 2019





NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

# MILEPELSPLAN

*Til møte i fellesnemnda 22.januar 2018*